

Quiz:  
Hvem skal høste  
som man sår?

Johannes: Hver gren som bærer frukt, renser han, for at den skal bære enda mer

HEL  
LETT  
BARMHJERTIGHET  
LIKEVERDIGHET  
KJÆRLIGHET  
TAKKNEMLIGHET  
TRO KRAFT  
FRED  
ST  
FELLESSKAP  
MANGFOLD  
RESPEKT  
GLEDE  
FRIHET  
PÅGANGSMOT

# ÅRSRAPPORT 2015



DEN NORSKE KYRKJA  
Stavanger bispedømme

# Innhald

|     |   |    |
|-----|---|----|
| I   | Vurdering frå leiaren.....  | 3  |
| II  | Introduksjon til verksemda og hovudtal frå denne.....                                 | 5  |
| III | Årets aktiviteter og resultat .....   | 7  |
|     | 1. Innleiing om rapporteringa .....   | 7  |
|     | 2. Mål, indikatorar og resultat på Kyrkerådet og departementet sine fokusområde ..... | 8  |
|     | 2.1. Strategisk mål : Gudstenestelivet blomstrar .....                                | 8  |
|     | 2.2. Fleire søker dåp og trusopplæring.....   | 25 |
|     | 2.3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet .....                                     | 37 |
|     | 2.4 Fleire får lyst til å jobbe i kyrkja .....  | 50 |
|     | 2.5. Oppsummering.....  | 56 |
| IV  | Styring og kontroll i verksemda .....   | 57 |
|     | Overordna vurdering av opplegg for styring og kontroll .....                          | 57 |
|     | 2. Nærmare omtale av vesentlege forhold knytte til styring og kontroll:.....          | 58 |
|     | 3. Forhold departementet har bedt om særskilt rapportering på .....                   | 59 |
| V   | Vurdering av framtidsutsikter .....   | 62 |
| VI  | Årsreknenskap.....  | 63 |
|     | 2. Prinsippnote .....   | 66 |
|     | 3. Løyvingsrapportering.....  | 67 |
|     | 4. Artskonto-rapportering .....   | 67 |



Vår Frelses kirke, Haugesund

## I Vurdering frå leiaren

Innan dei gitte rammene er Stavanger bispedømmeråd nøgd med resultatet for 2015. Det pregar verksemda at det blir gjort stor innsats for å oppfylle fastsette mål frå departementet og Kyrkerådet.

Departementet har sett mål om at Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkjande, lokalt forankra kyrkje. Kyrkerådet, Stavanger biskop og bispedømmeråd har i 2015 arbeidd ut frå visjonen: Meir himmel på jorda. Kyrkja i Stavanger bispedømme vitnar i ord og gjerning om frelse, friedom og håp i Jesus Kristus ved å vera vedkjennande, open, tenande og misjonerande.

I del II presenterer me volumtal frå 2015. Tre av fire rogalendingar er medlemmar i Den norske kyrkja, ein høgare del i nordfylket enn på Nord-Jæren, og fleire i distrikta enn i byane. Volumtala for kyrkjelege handlingar har gått ned, mest for vigsel og konfirmasjon. Det er også færre gudstenester, men oppslutninga er stabil.

Ein svak nedgang i kyrkjelege handlingar ser me generelt, men når det gjeld dåp og vigsel går tala så raskt nedover at det er grunn til uro. Dette skuldast nok samfunnsmessige endringar, sidan undersøkingar viser at dei som brukar kyrkja er svært godt nøgde med kvalitet på menneskelege møte og på arrangement. Dåpsaksjonen har mobilisert breitt for å sikra at kyrkja inviterer aktivt til dåp og legg godt til rette.

Trusopplæringa arbeider med både kvalitet og kvantitet. Me har utfordringar i å byggja ut trusopplæringa til det nivået planane set fast, men må samtidig forvalta knappe ressursar realistisk og strategisk. Dette arbeider me aktivt og systematisk med. Trusopplæringa er på veg over frå etablerings- til driftsfase, og det gjer også vidareutvikling mogleg.

Trass i at nokre område viser meir eller mindre nedgang, meiner me likevel at oppslutninga om kyrkjelege handlingar og kyrkjeleg aktivitet like gjerne kan sjåast som påfallande høg, gitt kompleksiteten, pluralismen og mangfaldet av tilbod i samfunnet.

Me ser at fleire delteki kyrkjeleg ungdomsarbeid, at det er fleire barnekor, at dialogsentret utfører eit viktig og strategisk oppdrag og at det allereie høge talet på frivillige veks. Kyrkjelydane er engasjerte i misjon, fleire blir grøne kyrkjelydar. Pilegrimsarbeidet berspirer i seg til ein ny type kyrkjeleg verksemd for nye målgrupper. Me har fokus på inkludering og ser lokalt, positivt engasjement når det kjem mange flykningar til landet.

Nedgang på nokre område fører ikkje til mindre total kyrkjeleg aktivitet, men innsatsen flytter seg til nye område.

I 2015 skjedde det to viktige endringar i rammevilkåra for prestenesta.

Buplikta for prestar blei oppheva 1. september. Endringa skjedde fort. For nokre prestar var det ei glede å kunne bu i eigen bustad, uansett alder og stilling. Andre prestar møtte store økonomiske utfordringar privat, fordi effekten av dei nye ordningane slo merkbart negativt ut på privatøkonomien. I vårt bispedømme gjaldt det særleg dei som bur i større tenestebustader i sentrale strøk. Nokre av desse måtte raskt bestemma seg for om dei skulle flytta, og melde at dette var ein utfordring både praktisk og for familien. Prestane og deira tillitsvalde har gjeve klare meldingar om at tempoet i endringa og manglande tryggleik for dei praktiske følgjene har vore ei stor belastning.

Den nye særavtalen om arbeidstid medfører også endringar i prestenesta. Sjølv om endringane ikkje trer i kraft før i 2016, har planlegging av innføringa tatt stor plass for prostar og bispedømmeadministrasjon. Kva følgjer endringane får for ressursituasjon og arbeidsmiljø treng me meir tid for å sjå.

Gjennom «Brant det ikke i våre hjerter», den regionale vidareutdanninga i forkynning som prestane har gjennomført, har prestane i 2015 fått arbeid med ei viktig del av prestenesta og gudstenestelivet. På studietur til Berlin og Wittenberg fekk dei også arbeida med både forkynning, reformasjonen og kva utfordringar kyrkja møter i Europa i dag. Det er ikkje mogleg å måla resultatet av dette i årsstatistikken, men for presteskapet har dette vore ei viktig satsing i året som gjekk.

Saman med kyrkjeval og endringar i personalsamansetninga på bispedømmekontoret, har endringar og særskilte prosjekt skapt utfordringar for drifta av bispedømmeadministrasjonen. Administrasjonen har hatt eit hektisk og krevjande år. Tilbakemeldinga frå prostar og presteskap, til dømes i arbeidsmiljøundersøkingane for 2015, viser likevel at ein har lukkast med å gjera det viktigaste, også under krevjande rammevilkår.

Kyrkja opplever større endringar enn tidlegare. Dette vil det ikkje bli mindre av framover, men me håpar årsrapporten vil visa at me har eit varmt engasjement for å invitera så mange som mogleg til tru, liv og fellesskap, så det blir meir himmel på jord.

Stavanger, 24. februar 2016

Lars-Tore Anda  
Leiar, Stavanger bispedømmeråd

Erling Johan Pettersen  
Biskop

## II Introduksjon til verksemda og hovudtal frå denne.

### Verksemd og samfunnsoppdrag

Stavanger biskop og Stavanger bispedømmeråd høyrer inn under Kulturdepartementet og har ansvar for ulike sider ved verksemda til Den norske kyrkja i Stavanger bispedømme.

Stavanger bispedømme blei oppretta i 1925 og har same geografiske område som Rogaland fylke. Stavanger bispedømme er eit av elleve bispedømme i Noreg.

Biskopen og bispedømmerådet sine oppgåver er fastsette i lover, føresegner og anna regelverk fastsett med heimel i statleg lovverk. Mynde og ansvarsområde følgjer m.a. av kyrkjelova, økonomi- og verksemdsinstruks og tildelingsbrevet frå departementet.

Stavanger biskop har innan bispedømmet tilsynsmynde for heile den kyrkjelege verksemda, leier prestenesta og er arbeidsgjevar for prestane. Prostane er arbeidsgjevar for prestane i det daglege, og er med på å setta i verk mål og strategiar i bispedømmet.

Bispedømmerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekkja og nærja det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal også fremma samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømmet. Bispedømmerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar og spesialprestar. I tillegg er bispedømmerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømmekontoret.

Bispedømmerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokument og årsplan for Stavanger bispedømme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Visjonen for Stavanger bispedømme er «Meir himmel på jorda». Dei områda som er mest synlege er:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Kyrkjemusikk og kultur
- Misjon
- Diakoni
- Pilegrimsarbeid
- Dialogarbeid
- Inkluderande kyrkjeliv

Gjennom dette ønskjer me å vera ei tydeleg folkekyrkje.

I Stavanger bispedømme er det 92 sokn med tilhøyrande sokneråd. Det er 26 kommunar, med tilhøyrande kyrkjeleg fellesråd. Biskop og bispedømmeråd sine oppgåver skal støtta opp under arbeidet i kyrkjelege fellesråd og sokneråd, og arbeidet skjer i samarbeid med desse. Bispedømmet har nært samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon).

### Organisasjonen

Stavanger biskop er Erling J. Pettersen.

Stavanger bispedømmeråd består av ni valde medlemmar og biskopen.

Biskop og bispedømmeråd har fellesadministrasjon på bispedømmekontoret i Stavanger.

Bispedømmekontoret har adresse Lagårdsveien 44, Stavanger.

Både biskop og bispedømmeråd har delegert mynde til stiftsdirektøren, som er dagleg leiar ved Stavanger bispedømmekontor. Stiftsdirektør er Jorunn Kraft Vistnes. Bispedømmekontoret har 16 årsverk fordelt på 17 personar.

| <u>Utvalde hovudtal<sup>1</sup></u><br>Prosti     | Tal sokn | Medlemmer i Den norske kyrkja | Tal innbyggjarar | Prosent i kyrkja |
|---|----------|-------------------------------|------------------|------------------|
| Dalane  | 7        | 18 291                        | 24 333           | 75 %             |
| Domprostiet og Ytre Stavanger prosti <sup>2</sup> | 17       | 88 347                        | 132 102          | 67 %             |
| Haugaland   | 16       | 44 170                        | 57 231           | 77 %             |
| Jæren   | 12       | 52 803                        | 67 175           | 79 %             |
| Karmøy  | 8        | 33 993                        | 42 062           | 81 %             |
| Ryfylke   | 11       | 20 554                        | 25 036           | 82 %             |
| Sandnes   | 9        | 50 969                        | 73 624           | 69 %             |
| Tungenes  | 12       | 34 003                        | 44 739           | 76 %             |
| Sum   | 92       | 343 130                       | 466 302          | 74 %             |

| Volumtal for bispedømmet            | 2012    | 2013    | 2014    | 2015    |
|-------------------------------------|---------|---------|---------|---------|
| Tal døypte                          | 4 238   | 3 880   | 3 770   | 3 747   |
| Tal konfirmerte                     | 4 343   | 4 185   | 4 230   | 4 005   |
| Tal kyrkjelege vigslar <sup>3</sup> | 976     | 904     | 948     | 863     |
| Tal kyrkjelege gravferder           | 2 799   | 2 703   | 2 616   | 2 596   |
| Tal gudstenester totalt             | 5 856   | 5 790   | 5 744   | 5 561   |
| Tal gudstenestedeltakarar           | 722 297 | 716 663 | 718 467 | 685 385 |

| Nøkkeltal frå årsrekneskapen*               | 2012       | 2013       | 2014       | 2015       |
|---|------------|------------|------------|------------|
| Tal årsverk <sup>4</sup>                    | 107        | 109        | 111        | 112        |
| - av desse i presteneste                    | 92         | 95         | 97         | 98         |
| Samla tildeling post 01                     | 80 976 000 | 83 304 000 | 86 524 000 | 95 092 000 |
| Utnyttingsgrad post 01                      | 100,3 %    | 99,0 %     | 99,6 %     | 93,5 %     |
| Driftsutgifter                              | 81 214 712 | 82 505 884 | 86 192 233 | 88 922 578 |
| Lønsdel av driftsutgifter                   | 84,8 %     | 86,3 %     | 86,2 %     | 87,6 %     |
| Del løn brukt i prestenesta                 | 74,5 %     | 75,3 %     | 75,0 %     | 76,8 %     |
| Løn og godtgjering pr. årsverk <sup>4</sup> | 643 308    | 653 189    | 670 544    | 698 838    |

<sup>1</sup> Medlemstal kjem frå Kyrkerådet, og viser medlemmar og tilhøyrande pr. 31.12.2015. Innbyggjartalet kjem frå ssb.no og kjem frå 1.1.2015.

<sup>2</sup> Stavanger kommune inneheld to prosti. For å få folketal er derfor medlemstala for dei to prostia slått saman.

<sup>3</sup> Inkludert forbøn for borgarleg inngått ekteskap (14 i 2015).

<sup>4</sup> Årsverk inkluderer 4,3 årsverk som i rekneskapen er ført på post 02 grunna eksternt finansiering. Løn og godtgjering per årsverk korrigert for dette i 2015: kr 726 870 og i 2014: kr 704 898.

# III Årets aktiviteter og resultat

## 1. Innleiing om rapporteringa.

Årsrapporten reflekterer den delen av verksemda i bispedømmet som resultatmål og indikatorar frå Kyrkerådet spør etter. I tillegg rapporterer me på nokre regionalt fastsette mål

Generelt kan ein seia at mange av Kyrkerådet sine mål er ambisiøse. Ein har mål om auka oppslutning om gudsteneste, dåp og vigsel, stabilt gudstenestetilbod og stabil oppslutning om kyrkjeleg gravferd og konfirmasjon. Desse måla blir utfordra av aukande kulturell variasjon og endringar i befolkningssamansetninga i samfunnet. Mange av måla står i kontrast til ein fallande trend som det krev ei brei kulturendring i befolkninga for å snu.

Ønsket om å nå desse måla og betydinga av å nå dei er det stor oppslutning i kyrkja om. Samtidig vil dei fleste analyser visa at det er mykje meir enn den kyrkjelege verksemda som påverkar om måla blir nådde. Mykje speglar grunnleggjande trekk ved det norske samfunnet, som igjen reflekterer mange ulike val og former for påverknad. Mange av indikatorane viser utvikling i heile kulturen, i forhold til tru, livssyn, verdival og ritual. På dette området er pluralismen aukande, ikkje minkande, og dei som påverkar mange.

Sjølv om rapporten rettar seg mot biskop og bispedømmeråd, handlar også mange av måla og indikatorane om det som skjer lokalt. Mykje av dette blir også styrt lokalt, uavhengig av biskop og bispedømmeråd. Den kyrkjelege organiseringa blir derfor også ei ramme for i kva grad rapport og planar frå Kyrkerådet, biskopen og bispedømmerådet kan treffa tiltak som omfattar alle viktige område for måloppnåing. Biskop og bispedømmeråd kan rapportera om verksemda i sokna og gje innspel til det som skjer, men ikkje styra det. Sokna i Den norske kyrkja har stor grad av sjølvstende, også i korleis dei handterer nasjonalt fastsette mål.

Dei tilsette i kyrkja får også oppgåvene sine definert av tenesteordningar og fagtradisjonar, som går ut over måla i årsrapporteringa. Også kyrkja og bispedømma generelt har andre mål og oppgåver. Desse kan både vera lovbestemte, forankra i tradisjonen, i spesifikke kyrkjelege mål eller i lokale mål forankra i bispedømmerådet sine vedtak og årsplan. Dette gjeld både kyrkjefaglege område, personalforvaltning, allmenn kyrkjeleg forvaltning og biskopen si verksemd, mellom anna gjennom visitasar. Nokre utvalde område ertatt med i årsrapporten, andre er utelatne, utan at det betyr at dei er mindre viktige.

Årsrapporten kan derfor ikkje lesast som ein rapport om den totale verksemda til biskop og bispedømmeråd. Han peikar likevel på mykje som er viktig i kyrkja si verksemd og for kyrkja sitt oppdrag i samfunnet og for medlemmane. Årsrapporten er, til trass for innebygde begrensningar, eit viktig dokument for den strategiske styringa av kyrkja i bispedømmet, regionalt og lokalt.

Kyrkjelydane sin årsstatistikk er ein sentral del av grunnlaget for årsrapporten. Pr. februar er desse tala framleis unnatatt offentlegheita, ferske og ureviderte. Dei korte tidsfristane gir begrensa rom for djupe analysar, men me forsøker å leggja fram det mest relevante for måloppnåing i lys av indikatorane. Som før dekkjer ikkje alltid indikatoren heile målformuleringa, fordi det ikkje finst undersøkingar som svarar på alle relevante spørsmål. Ikkje minst saknar me ofte fleire brukarundersøkingar og kvalitative analysar.

## 2. Mål, indikatorar og resultat på Kyrkjerådet og departementet sine fokusområde

### **2.1. Strategisk mål : Gudstenestelivet blomstrar**

#### 2.1.1. OPPSLUTNINGA OM GUDSTENESTENE AUKAR

Mål: Gudstenestene får auka oppslutning.

Indikator: Gudstenestedeltaking

#### Innleiing

Sidan det totale talet på gudstenestedeltakarar heng saman med talet på gudstenester, vil me til ein viss grad sjå dette og det neste punktet i rapporten saman.

#### Resultat, utvikling og analyse

Dei mest relevante måla for gudstenestedeltakinga er gjennomsnittleg deltaking på sun- og helgedagsgudstenester og den totale gudstenestedeltakinga i bispedømmet.<sup>4</sup>

Tabellen nedafor viser utviklinga i gudstenestedeltaking. Større deltakartal er runda av til næraste heile tusen.

---

<sup>4</sup> I tala for gjennomsnittleg gudstenestedeltaking er det innebygd ei feilkjelde. Når skjemaet i år spør etter alle gudstenester på sun- og helgedagar der ein tidlegare spurte etter hovudgudstenester på sun- og helgedagar, kjem det med ein del mindre gudstenester for spesielle målgrupper. Dette kan vera med på å senka gjennomsnittet. Til dømes veit me at dette er tilfelle i Bryne kyrkjelyd, der dei har fleire gudstenester enn hovudgudstene på sundagar, mellom anna for menneske med særskilte behov. I år får dei eit stort fall i gjennomsnittet på grunn av dette, utan at det er grunnlag for dette i verkelegheita.

Å rekna gjennomsnitt for total deltaking på alle gudstenester vil gje mening i begrensa grad. I den totale mengda gudstenester er det med mange små samlingar, til dømes gudstenester for prostilag av prestar og gudstenester på institusjon. Gjennomsnittet er ikkje heilt meningslaust, men beskriv ei samling ueinsarta data. Variasjonane beskriv derfor ikkje utan vidare nivå på deltaking, men kan like gjerne handla om mengda av ulike typer gudstenester.

I statistikken hadde det vore til stor hjelp om sokna også rapporterte separat for ulike gudstenestestader i soknet. Me hadde hatt god bruk for å skilja gjennomsnittleg gudstenestedeltaking på ulike stader i soknet frå kvarandre, og ha egne tal for deltaking på hovudgudstenester.

Til trass for dette er dei eksisterande tala for gjennomsnittleg gudstenestedeltaking det beste me har, og me baserer derfor rapporteringa på dette. Den totale deltakinga er såpass sterkt avhengig av mengda gudstenester at gjennomsnittleg deltaking etter vår vurdering seier meir om utviklinga i oppslutning.



|                                    | 2011    | 2012   | 2013    | 2014    | 2015    | Utvikling |
|------------------------------------|---------|--------|---------|---------|---------|-----------|
| Gudstenester på sun- og helgedagar | 4 389   | 4 364  | 4 294   | 4 320   | 4 179   | - 3 %     |
| Deltakarar, sun- og helgedagar     |         |        |         | 583 000 | 561 000 |           |
| Deltakarar i gjennomsnitt          |         |        | 135     | 135     | 134     |           |
| Tal på gudstenester totalt         | 5 911   | 5856   | 5 790   | 5 726   | 5 561   |           |
| Deltakarar totalt                  | 757 000 | 722000 | 717 000 | 718 000 | 685 000 |           |
| Nattverdgdudstenester              | 2 579   | 2698   | 2 935   | 2 937   | 2 861   |           |
| Nattverd gjestar                   | 162 000 | 166000 | 178 000 | 180 000 | 172 000 |           |
| Gjennomsnitt av nattverd gjestar   | 63      | 62     | 61      | 61      | 60      |           |

Me ser at talet på gudstenester har gått ned. Det har ikkje vore større endringar i forordninga i 2015, så dette speglar anten lokale endringar eller endringar i rapporteringa. Nedgangen svarar til om lag ei gudsteneste pr. sokn i snitt, men her er det store variasjonar.

Om lag halvparten av nedgangen skuldast at Domkyrkja har vore stengt i ein lengre periode, at gudstenestene på Kolnesi Norheim er borte, at kyrkjelydsprosjektet på Berland har gått inn i Ålgård nye kyrkje og at dei små kyrkjelydane i Gjesdal har færre gudstenester. Dessutan er det no færre gudstenester i Sauda. Desse endringane er snarare gode og fornuftige enn problematiske.

Noko av nedgangen kan også skuldast at det er blitt meir vanleg å ha færre gudstenester i romjula og skulen sine feriar.

Den gjennomsnittlege deltakinga på gudstenester er stabil. Samanlikna med deltakinga elles i landet, ligg deltakinga pr. gudsteneste nær 40 prosent over landsgjennomsnittet. Kor mange store kyrkjelydar det er i eit bispedømme påverkar dette talet, men det seier likevel noko om relativt sett god oppslutning. At det har vore slik lenge, tyder på at det er eit godt etablert kyrkjeleg fenomen, med feste i kultur og tradisjonar. Det kan også hengja saman med frivillighetskultur, eit variert gudstenesteliv som treff fleire målgrupper, god fellesskapsbygging rundt gudstenestene og effekten av godt utbygd kyrkjelydsarbeid.

At deltakinga går forsiktig ned, heng truleg mellom anna saman med nedgangen i talet på konfirmantar. Når det blir færre konfirmantar, blir det færre gudstenestedeltakarar, både konfirmantar og familie som følgjer dei. Det same gjeld når dåpstala går ned, sjølv om nedgangen på dette området i år ikkje var stor nok til å verka inn på gudstenesteoppslutninga.

Ein mindre del av nedgangen heng også saman med at det har blitt færre gudstenester. Over tid påverkar det også deltakartalet at gudstenestene har betre feste blant dei eldre enn blant dei yngre delane av befolkninga. Me høyrer ofte om lokale svingningar i alderssamansetninga blant dei faste kyrkjegjengarane.

Det er ikkje store utslag i utviklinga av gjennomsnittleg gudstenesteframmøte på prostinivå. Karmøy og Domprostiet har positiv utvikling. Bogafjell sokn, Domkyrkja, Frøyland og Orstad, Hana, Kopervik, Madlamark, Rennesøy, Skjold, St. Petri, Tananger, Time, Varden, Varhaug, Vedavågen, Åkra og Ålgård har hatt vekst i gjennomsnittleg gudstenestedeltaking. Størst er veksten i Ålgård, som har fått ny kyrkje. Fleire av desse sokna har hatt jamn vekst over fleire år. Me ser nokre gongar positiv effekt av presteskifter i seg sjølv, utan at det seier noko negativt om presten som har slutta. Andre kyrkjelydar ber preg av fleire år med godt gudstenestearbeid. Kulturen og verksemda i kyrkjelyden generelt har sjølv sagt mykje å seia for gudstenesteoppslutninga.

Som før ser me også at nedgang i gudstenesteframmøte kan henga saman med utfordringar på personalsida, vikarperiodar og andre utfordringar i kyrkjelydsarbeidet.

Det har blitt nokre færre nattverdgunder, og deltakinga pr. nattverdgunder går svalt ned. Faste kyrkjegjengarar går ofte til nattverd, og dette kan tyda på ein svalt nedgang eller svekka lojalitet blant desse. Å setta av tid til kyrkjegang kvar sundag er ein vane det skal mykje til å etablere viss ein ikkje har han frå før. Gunderstedeltaking er heller ikkje ein aktivitet som eksisterer fritt for konkurranse - med tur og friluftsliv, idrett, familieliv, reiser og rolege føremiddagar.

Deltakinga julaftan og i påsken var også tilnærma lik i 2014 og 2015. Det har blitt fleire ungdomsgunder, og deltakinga på desse går opp med ni prosentpoeng. Det er gledeleg at gunder for ungdom får god oppslutning, og det bør oppmuntra fleire kyrkjelydar til å satsa på dette. I snitt er det ikkje meir enn om lag to årlege ungdomsgunder pr. sokn.

Dei siste åra har det vore mykje debatt om skulegunder. Tala for deltaking på desse gunder viser ein nedgang frå 2014 til 2015 på om lag 10 000 elevar. Talet på skulegunder har gått ned med sju, frå 288 i 2014 til 281 i 2015.

Årsakene til litt av nedgangen er skular som ikkje lenger har gunder. Variasjon i teljing er ei feilkjelde, men nedgangen er så stor at me må rekna med at fleire elevar nå ikkje tek del. Me lurar også på om ungdomsskulane står for det meste av nedgangen, utan at me veit dette sikkert.

Det store biletet når det gjeld deltaking på gunder, er uansett at den gjennomsnittlege deltakinga på hovudgunder er svalt. Slik har det vore i mange år. Kva som gjer at folk går fast til kyrkja eller besøker kyrkja i samband med spesielle hendingar endrar seg lite frå år til år. Kyrkjelydane arbeider aktivt med lokale tiltak for å auka oppslutninga om gunder.



Nytt orgel i Udland kirke

## Samanhengem mellom tiltak, resultat og miljø

5561 gongar i 2015 førebudde kyrkjemusikar, kyrkjetenar, prest og andre tilsette seg til gudsteneste. 685 385 gongar valde eit menneske å delta på gudsteneste i Stavanger bispedømme.<sup>5</sup>

Den viktigaste førebuinga og rekrutteringa til gudsteneste skjer lokalt. Nasjonalkyrkjelege ordningar legg rammene for gudstenester. Tilknytning til fellesskap, store hendingar i livet, ønske om å møta Gud, dåp, nattverd og salmesong; interesse for forkynning og trivsel på kyrkjekaffi; alt dette fører folk til gudsteneste.

Det er interessant å sjå om det er statistisk samanheng mellom gjennomsnittleg gudstenestedeltaking og andre sider av kyrkjelydsarbeidet, slik det blir rapportert i årsstatistikken. Me ser at det er størst samanheng med<sup>6</sup>

- Deltaking i ungdomsgrupper (50 %)
- Nattverddeltakinga (44 %)
- Konfirmantar (41 %) og døypte (36 %)
- Sundagsskulegrupper (37 %)
- Bibelgrupper for vaksne (25 %)
- Medlemmar i barnekor (25 %)

Kva veg årssakssamanhengar mellom dette går, er det vanskeleg å seia, men me ser teikn på at ungdomsarbeid, nattverddeltaking, oppslutning om dåp og konfirmasjon, sundagsskular, bibelgrupper og barnekor verkar positivt inn på gudstenestedeltaking og/eller vice versa. Kanskje er det lettare å få ungdomsarbeid i kyrkja der det er fleire som går til gudsteneste. Søndagsskular trekk familiær til gudsteneste. Det same gjer barnekor. Bibelgrupper for vaksne kan styrka tilknytninga til fellesskapet rundt gudstenestene.

I 2015 har kyrkjelydar og biskop arbeid med godkjenning av liturgisk musikk. Dessutan har 109 prestar vore med på vidareutdanning i forkynning. Kurset blei gjennomført i samarbeid med Det teologiske menighetsfakultetet. Prosjektet har fokusert på førebuing av preiker, mottakarorientering, munnleg formidling og teologisk arbeid med budskapet. Prestane har lest, reflektert skriftleg og munnleg, arbeid i grupper, prøvd nye former for forkynning og fått fagleg påfyll gjennom forelesingar. Prestane seier også at kurset har vore med på å skapa delekultur i prostiet.

Nitti prestar var også med på fem dagars studietur til Berlin og Wittenberg, for å møta den tyske kyrkja og arbeida med reformasjonen.

Det er så mange forhold som verkar inn på gudstenestedeltaking at det er umogleg å seia noko om verknaden av slike prosjekt ut frå årsstatistikken. Det me veit er at prestane har hatt glede av å arbeida konkret med forkynninga si i grupper og at fleire har fått gode tilbakemeldingar etter å ha gått over til ein meir munnleg form. Me har hatt glede av å fokusera på ein sentral og kreativ del av gudstenestelivet og veit nå at størsteparten av presteskapet er godt orientert i nyare preikekunst.

Prestar og prostar fortel at gudstenestereforma legg til rette for større involvering, men at dette også krev meir av prestane si førebuing. At mange kyrkjelydar brukar projektor til å visa liturgi og salmar påverkar både gudstenesteoppleving og presten sine førebuingar. Med den liturgiske variasjonen seier mange at det er utfordrande å ta del i gudstenesta på stader ein ikkje er kjend med grunnordninga, men kyrkjelydane set samtidig pris på høvet til å gjera sjølvstendige val i utforminga av

---

<sup>5</sup> Kyrkja har om lag tre gongar så mange besøk på gudsteneste som dei to eliteserielaga i fotball i Rogaland har tilskodarar.

<sup>6</sup> Tala i parentes indikerer i kva grad gjennomsnittleg gudstenestedeltaking og den aktuelle variabelen har fellesvariasjon i forhold til kvarandre, statistisk sett. Talet kjem fram ved å rekna ut kvadratrotta av korrelasjonskoeffisienten.

si eiga gudsteneste. Fleire stader er det spenningar mellom ulike ønsker for korleis gudstenestene skal vera, ikkje minst i forhold til kyrkjemusikk og salmar. Nokre av dei leke gudstjenesteleierane har meldt tilbake at det etter gudstjenestereforma er flott at det er større deltaking av leke i leiinga av gudstjenestane, men at det som lek leiari av gudstjenesta er for mykje å organisera.

I bispedømmet er det både kyrkjegjengarar som ønskjer seg tradisjonelle gudstenester, liturgisk berika gudstenester og gudstenester med eit lågkyrkjeleg, familiepedagogisk, karismatisk, bedehusorientert eller amerikansk-inspirert moderne preg. Lokalt kan det vera ei utfordring å komma dei mange ulike ønska i møte. Fleire stader finst det alternative gudstenester med god oppslutning, i regi av dei tradisjonelle leke organisasjonane, andre kyrkjesamfunn eller nye, sjølvstendige kyrkjelydar med bakgrunn i lågkyrkjelege organisasjonar eller karismatiske rørsler. Den norske kyrkja i bispedømmet presenterer seg ikkje som konkurrent til andre aktørar, men er positivt innstilt til samarbeid og satsar på å rekruttera nye gjennom sjølv å gjera godt kyrkjelydsbyggjande og folkekyrkjeleg arbeid.

I DIFI si innbyggjarundersøking for 2015, får gudstenestene ein score på 83, noko som seier at innbyggjarane er «svært nøgde» med gudstenestene.

Me kjenner ikkje til enkle grep som raskt skapar store mengder nye, faste kyrkjegjengarar. Me trur mykje handlar om fellesskapet rundt gudstenestene, om å invitera ulike grupper inn i gudsteneste gjennom trusopplæring, korarbeid og samarbeid med organisasjonar i lokalsamfunnet. Kvalitet på gudstenestene er viktig, men ikkje det einaste som rekrutterer. Å gå fast til gudsteneste er ein vane det skal eit visst engasjement og interesse til for å etablera, nokre stader finst det også kulturelle sperrer mot dette. Til deler heller ikkje gudstenesta sjølvforklarande i formidlinga, men krev bakgrunnskunnskap for å skjønna og ta del i.

Utviklinga i gudstenestedeltaking er interessant i forhold til korleis kyrkjemedlemmane og befolkninga ellestek del i kristen tru og praksis. Gudstenestedeltaking bør likevel ikkje brukast som den einaste indikatoren på dette. Det blir både teologisk, sosiologisk og kyrkjeleg sett galt. Likevel viser tala for gudstenestedeltakinga ein interessant stabilitet, at svært mange er innom kyrkja i løpet av året og at gudstenestedeltaking er eit samansett fenomen, som består av både oppslutning om kyrkjelege handlingar og fast deltaking i gudstenestefeiring og kyrkjeleg aktivitet.

## **Kommentar til årsplan og risikovurdering for 2015**

Årsplanen for 2015 fokuserte på trusopplæring og gudsteneste, skulegudstenester, kvalitet på gudstenester og involvering. Me har arbeidd aktivt med trusopplæring, skule-kyrkje-samarbeid, liturgisk musikk og vidareutdanning i forkynning.

Sidan gudstenestedeltaking er eit komplekst fenomen, blir dei fleste tiltaka små i forhold til dei store utfordringane. Tiltaka verkar også derfor i begrensa grad inn på indikatorane.

Kyrkja sine møte med enkeltmenneske lokalt er viktige. Ein skal likevel heller ikkje undervurdere kva dei store offentlege samtalane om kyrkje og kristen tru betyr. Den offentlege samtalen og medieverden tek alle del i, parallelt med livet i familie, på arbeidsplassen, blant venner og lokalmiljøet. Korleis kyrkja står fram i stort og smått er med på å gje impulsar til korleis folk justerer si tilknytning til kyrkja. Endringar i både tru og praksis sit likevel truleg langt inne, fordi dei er vevde saman med folk si historie og livsverd på måtar som går langt ut over det tiltaki ein årsplan kjem i direkte kontakt med.

## **Vurdering av resultatet**

Målet om auka gudstenestedeltaking er ambisiøst. Det er ikkje sjølvsgatt at oppslutninga om gudstenester held seg såpass stabil som ho gjer. Samtidig er gudstenesta så viktig for kyrkja at me ikkje vil slå oss til ro, og den svake nedgangen i årer, om eit godt stykke frå sjokkerande og overraskande, ei kjelde til ein viss uro.

## Endringar i strategiar og tiltak

Årsplanen for 2016 vidarefører mange av tiltaka frå 2015, med fokus på trusopplæring, kyrkjemusikk, skule-kyrkje og frivillig arbeid. Trusopplæringa har etter kvart vaks seg så stor at ho er ei viktig kontaktflate med breidda av kyrkjemedlemmane. Skule-kyrkje-samarbeidet er ei anna brei kontaktflate, som har mykje å seie for elevane sin kjennskap til kyrkja og gudstenesta, både som kulturell kompetanse og kjelde til arbeid med eige livssyn, slik skulen sine planar også seier skulen skal leggja til rette for.

Me arbeider jamt med kompetanseheving i skule-kyrkje-samarbeid gjennom fagsamlingar, visitasar og rettleiing.

Årsplanen blir alltid til før årsrapporten, og det er først når kyrkjelydane rapporterer for fjoråret me blir oppdaterte på situasjonen og kan analysere han. Me plar presentere resultatane frå desse analysane for lokale leiarar, prostar og kyrkjeverjer, så dei kan ta dette med seg til kyrkjelydsarbeidet lokalt.

At nedgang i oppslutninga om konfirmasjon påverkar oppslutninga om gudstenester, er ein grunn til å satsa på dette framover. Ungdomsarbeid er også eit strategisk satsingsområde i gjeldande strategiplan, og analysen ovafor viser også at det er viktig i samband med gudstenestelivet. Dessutan understreker funna våre at det er viktig at kyrkja er aktivt og positivt til stades i den offentlege samtalen og kulturen. I tillegg til den lokale verksemda i soknet er derfor felleskyrkjeleg informasjonssatsing og breie kommunikasjonsiltak eit satsingsområde som gir meining.



Barn på «Etter skoletid» i Skåre kyrkjelyd førebur seg til påske

## 2.1.2. GUDSTENESTETILBUDET BLIR HALDE OPPE

*Mål: Tilbudet om gudstenester blir halde oppe.  
Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkjande, lokalt forankra kyrkje.*

*Indikator: Gudstenestefrekvens*

### **Vurderingar, strategi og måloppnåing.**

Gudstenestetilbudet i bispedømmet heng saman med ressursituasjon og ressursbruk.

Tildelinga til prestetenesta set rammer for prestestillingar, noko som igjen påverkar kor mange gudstenester som kan forordnast og haldast. Målet om å halda gudstenestetilbudet oppe eksisterer heller ikkje i eit vakuum. Det er fleire mål for prestetenesta og den kyrkjelege verksemda, og både regionalt og lokalt må prestetenesta fordela ressursar mellom slike mål.

Som me har nemnt tidlegare, er det eit viktig mål og eit styringssignal til oss at me skal vera ei landsdekkande kyrkje. Me kjem likevel ikkje unna at tildeling av ressursar påverkar i kva grad gudstenestefrekvensen kan haldast oppe.

Me ser at tildelingane og utviklinga i økonomiske rammevilkår for prestetenesta den siste tida gjer at me må redusera utgiftene til prestetenesta. Dette verkar direkte inn på dette målet, slik at me i løpet av 2015 har begynt å planleggja reduksjon i gudstenesteforordning i eit relativt stort omfang.

Ut frå dette målet kunne ein ha tenkt at den prestetenesta som blir igjen i større grad burde prioritera å halda fleire gudstenester, til dømes ved å ha fleire gudstenester pr. sundag eller leggja forordna gudstenester til vekedagar. Me tolkar likevel dei samla strategiske måla for kyrkjeleg verksemd slik at det ville vera ei overtolking og ubalansert veking av dette målet. Me må også sjå til arbeidsmiljøet for prestane, slik at oppgåvene er overkommelege.

Nedtaket i gudstenesteforordning vil mellom anna bli planlagt ut frå målet om å vera landsdekkjande. Det gir ei føring om at kutt i minst mogleg grad bør redusera det lokale kyrkjelege nærværet og fordelast godt geografisk.

Reduksjon er mogleg i fire dimensjonar:

- Ved å slå saman sokn som ligg nær kvarandre
- Ved å leggja ned kyrkjelydsplantingsprosjekt
- Ved å redusera gudstenestefrekvensen i sokn med lågt medlemstall
- Ved å leggja opp til fleire fellesgudstenester mellom bysokn som ligg nær kvarandre.

Alle desse tiltaka har negative følgjer, på ulikt vis. Slår ein saman sokn, vil ein løysa opp fellesskap og ramma verksemd. Det same gjeld ved å leggja ned kyrkjelydsplantingsprosjekt. Lågare gudstenestefrekvens rammar også deltaking og lokalt engasjement. Fellesgudstenester gir ofte lågare frammøte.

Det er altså ofte få gode strategiske grunner til å skjera ned på gudstenestefrekvens. Slik føresetnadane pr. i dag ser ut, vil det likevel bli økonomisk nødvendig, slik at dette målet truleg ikkje blir nådd, ut frå årsaker som først og fremst handlar om økonomi.

Det er og vil framleis vera slik at dei som ønskjer å gå på gudsteneste ein sundag vil ha ei gudsteneste i rimeleg avstand å gå til. Skilnaden for kyrkjemedlemmane vil vera at dei i større grad må kryssa kyrkjelydsgrensar, noko det finst ein motstand mot. Nokre dåpsfamiliar vil ikkje få tilbod om dåp på den sundagen som er mest praktisk som førsteval. For kyrkjelydane blir det også færre gudstenester å fordela aktivitet og markeringar i tilknytning til gudstenestene på.

Elleshar me kommentert resultatet for 2015 og årsaker til dette i avsnittet over, sidan det også heng saman med gudstenestedeltaking.

### 2.1.3. FLEIRE VEL KYRKJELEG VIGSEL

Mål: *Fleire vel kyrkjeleg vigsel*

Indikator: *Talet på vigslar.*

#### Resultat, utvikling og analyse

Vigselstalet gjekk ned med nesten ti prosent frå 2014 til 2015. Det er eit brått fall, som ei fortsetjing på ein generelt fallande tendens dei siste åra.

Utviklinga gjeld dei fleste prosti, med unntak av Dalane og Ytre Stavanger. Det er altså ikkje like lett å sjå at geografiske forhold som spelar inn, men heller snakk om ein generell tendens. Me ser at det er relativt store årlege variasjonar, men tendensen sidan 2010 er klar.

|                       | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|-----------------------|------|------|------|------|------|------|
| <b>DALANE</b>         | 54   | 62   | 56   | 53   | 63   | 65   |
| <b>DOMPROSTIET</b>    | 95   | 84   | 100  | 78   | 111  | 86   |
| <b>HAUGALAND</b>      | 105  | 92   | 105  | 102  | 90   | 85   |
| <b>JÆREN</b>          | 193  | 178  | 173  | 193  | 174  | 171  |
| <b>KARMØY</b>         | 135  | 118  | 108  | 113  | 111  | 85   |
| <b>RYFYLKE</b>        | 75   | 84   | 67   | 63   | 61   | 46   |
| <b>SANDNES</b>        | 118  | 123  | 101  | 92   | 106  | 95   |
| <b>TUNGENES</b>       | 198  | 166  | 195  | 158  | 161  | 145  |
| <b>YTRE STAVANGER</b> | 72   | 48   | 61   | 52   | 55   | 71   |
| <b>Totalsum</b>       | 1045 | 955  | 966  | 904  | 932  | 849  |

For å tolka desse tala, må me sjå dei saman med tal for vigslar i alt. Desse tala har me ikkje på regionalt, men på nasjonalt nivå, med 2014 som nyaste tal.<sup>7</sup>

|  | 2010  | 2011  | 2012  | 2013  | 2014  |
|--|-------|-------|-------|-------|-------|
| <b>Den norske kyrkja (i Norge)</b>                         | 9898  | 9067  | 9400  | 8706  | 8602  |
| <b>Vigseldel i Den norske kyrkja</b>                       | 42 %  | 39 %  | 39 %  | 37 %  | 38 %  |
| <b>Del borgarlege vigslar</b>                              | 31 %  | 32 %  | 33 %  | 33 %  | 33 %  |
| <b>Del vigslar i utlandet</b>                              | 21 %  | 22 %  | 22 %  | 23 %  | 22 %  |
| <b>Del vigslar i trussamfunn utanfor Den norske kyrkja</b> | 7 %   | 7 %   | 7 %   | 7 %   | 7 %   |
| <b>Vigslar i alt</b>                                       | 23577 | 23135 | 24346 | 23410 | 22887 |

<sup>7</sup> Tala er henta frå [ssb.no](http://ssb.no)

Me ser altså at det totale talet på vigslar også går ned. Det kan forklara ein del av nedgangen. Litt fleire giffar seg dessutan borgarleg eller i utlandet. I utlandet er også ein del vigslar kyrkjelege, men det har me ikkje tal på.

Kanskje kan negativ merksemd om samlivsdebatt i kyrkja påverka nokre par til å velja andre alternativ enn kyrkjeleg vigsel. Størst betydning har nok likevel generelle, kulturelle trekk: Kor mange som vel ekteskap framfor sambuarskap, kor dyrt det er å gifta seg på ulike måtar, i kva grad par identifiserer seg med kyrkja og kva slags kulturelle ideal for ekteskapsinngåing som har feste hjå dei som vil gifta seg. Film og media legg vekt på vigslar med personleg preg. Det kan kyrkja langt på veg leggja til rette for innan ramma av liturgien, men for å få til dei aller mest originale løysingane rundt sjølve ramma, må ein nok leggja det spesielle til ein annan del av feiringa enn den som skjer i kyrkja.

### **Tiltak, strategi og risikovurdering**

Det er ikkje tradisjon for at kyrkja driv reklame for vigsel i kyrkja. Kyrkja regionalt og lokalt arbeider heller ikkje gjennom marknadsføringskampanjar for vigslar. Til delsville dette kravd ein anna type bruk av økonomi og kompetanse enn det kyrkja plar gjera. Å bruka reklame for vigslar ville også vore kulturelt komplisert, sjølv om det ikkje er utenkeleg at det kunne blitt gjort på ein god måte.

Media spør årleg etter vigselstal og vigselstrendar når vigselssesongen nærmar seg. Det er eit høve til å snakka godt om kyrkjeleg vigsel. Elles har me ikkje hatt breie kommunikasjonstiltak i forhold til vigsel i 2015. Det viktigaste arbeidet skjer lokalt, i møte med par som ønskjer vigsel og i gjennomføringa av dei vigslane som skjer i kyrkja.

Nå er det prostane som godkjenner vigselstader utanfor kyrkja. Det finst nå fleire moglegheiter for dette enn tidlegare, utan at det ser ut til å verka inn på vigselstalet.

Vigselstalet i Domkyrkja var lågare enn vanleg (16 i 2015 mot 42 i 2014), sidan Domkyrkja var delvis stengt. Dette har ein viss innverknad på statistikken. Det er framleis ein klar og eintydig tendens at det er dei tradisjonelle kyrkjene og middelalderkyrkjene som har flest vigslar.

I årsplanen handlar tiltaka først og fremst om å orientera prostar og kyrkjeverjer om utviklinga og diskutera lokale tiltak. I tillegg kunne ein ut frå tala vurdert større kommunikasjonstiltak. Best ressursbruk og størst effekt av dette ville ein truleg fått gjennom nasjonalt samarbeid.




## 2.1.4. OPPSLUTNINGA OM KYRKJELEGE GRAVFERD HELD SEG OPPE

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelege gravferder

### Resultat og utvikling

Talet på kyrkjelege gravferder var stabilt frå 2014 til 2015. Det var 2616 gravferder i 2014 og 2596 i 2015.

Det finst ikkje heilt ferske tal for utviklinga i gravferdsprosent, men frå 2010-2014 såg delen av kyrkjelege gravferder i Rogaland slik ut:<sup>8</sup>



Me ser at andelen av gravferder som finn stad i kyrkja er på veg ned, men at nedgangen har stoppa opp og snudd i 2014.

Når me ser på gravferdsprosent på landsbasis og i ulike kommunar, ser me at mange ønskjer å bli gravlagt der dei kjem frå. Det gjer at gravferdsandelen i distrikta er høgare enn i byane. Endringar i befolkningssamansetning spelar også inn.

Det er vanskeleg å sjå i statistikken om alternative gravferdstilbod får høgare oppslutning, i staden for av gravferder i kyrkja. I Stavanger gir særleg eit gravferdsbyrå aktivt tilbod om alternative seremoniar med større rom for personleg preg enn det kyrkja sin gravferdsriturgi og praksis gir rom for, men me kjenner ikkje til omfanget av slike seremoniar, sjølv om me trur fenomenet er aukande.

Innbyggjarundersøkinga til DIFI måler i kva grad innbyggjarane er nøgde med offentlege tenester. Over fleire år har Den norske kyrkja vore heilt i toppsjiktet for kva tenester brukarane er nøgde med.<sup>9</sup> Undersøkinga for 2015 viste at folk er «svært godt nøgde» med Den norske kyrkja sine tenester i samband med både gravferd, med ein score på 87 av 100, der alt over 81 er «svært nøgd».

Både når det gjeld gravferd og andre område av den kyrkjelege verksemda er dette viktig informasjon. Det ein ser av nedgang handlar rett og slett ikkje om at tenestene frå kyrkja har dårleg kvalitet. Tvert imot scorar servicenivå og kontakt med menneske svært høgt. Det betyr også at årsakar til nedgang knapt kjem av interne kyrkjelege forhold, men snarare om større eksterne utviklingstrekk. Det kan også peika mot at kyrkja til dels må kunne akseptera svekka oppslutning i lys av samfunnsendringar, utan å mistolka dette som eit faresignal i forhold til kvalitet og brukaroppleving. Dessutan viser det,

<sup>8</sup> Tal frå [ssb.no](http://ssb.no)

<sup>9</sup> Sjå <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/aktuelt/de-ansatte-i-menighetene-skarer-hoyt/> for meir detaljert informasjon.

som me tidligare også har sett, at tiltak for auka oppslutning kanskje først og fremst må vera retta utover og fokuserte på dei store kontaktflatene enn dei reint interne.

### Tiltak og resultat

Signal i brukarundersøkingar frå DIFI om at folk opplever at kyrkjeleg tilsette og lokale kyrkjelydar møter dei på ein god måte, er ei viktig tilbakemelding om korleismangfaldet av dei som vel kyrkjeleg gravferd kjenner seg møtt. Det er eit signal om at det ikkje er behov for store endringar i kyrkjeleg gravferdsspraksis. Snarare stadfester dette at kyrkja møter menneske på ein god måte.

Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd er også framleis høgare enn medlemsprosenten. Tradisjonar med så sterk oppslutning får ei eiga kraft, men at oppslutninga er såpass høg er likevel ikkje sjølvsgagt. Me trur at folk med ulik bakgrunn opplever gravferda som ei viktig hending der dei blir respekterte, lytta til og møtt med omsorg.

Det ligg i saka sin natur at det ikkje er aktuelt å driva aktiv marknadsføring for kyrkjeleg gravferd. Det er heller ikkje problematisk at folk vel alternative ordningar, viss det er naturleg ut frå deira ønske og livssyn. Målet om stabil oppslutning har derfor ei viss naturleg grense, det kan ikkje vera eit satsingsområde at fleire muslimar og livssynshumanistar skal velja kyrkjeleg gravferd.

Kyrkja sitt viktigaste mål må vera at kyrkjelege gravferder framleis skal møta dei sørgande på ein god måte, med omsorg, respekt for den enkelte, kvalitet i gjennomføringa og ei tilrettelegging av evangeliefordlinga som står godt til dei som er med.

### Endringar i strategiar og tiltak

I årsplanen for 2016 har me tre tiltak. Me vil drøfta om det er behov for kompetanseheving for prestar. Tala frå brukarundersøkingane viser ikkje akutt behov for dette. Dessutan held me fram med møtepunkt med gravferdsbyrå. Gravferd er også eit aktuelt tema for prostar og kyrkjevevjer.



Skulebarn på besøk i kyrkja lærer om sorg og gravferd

## 2.1.5. KYRKJA GIR ROM FOR ULIKE KUNST- OG KULTURUTTRYKK

Nøkkelindikator: Talet på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene

### Innleiing

I Kyrkerådet sine mål og indikatorar er kultur plassert under målet om at gudstenestelivet blomstrar. Det er eit viktig fokus at ulike kunst- og kulturuttrykk får rom i gudstenesta. Dette er ein del av den lange tradisjonen me står i som gudstenestefeirande folk. Det er også ein del av kulturarven vår som skal først vidare. Samtidig er kyrkjeleg kulturverksemd mykje meir enn gudstenesta, slik at å plassera kultur her, kan være både misvisande og innskrenkande. Me har likevel valt å følgja kyrkerådet sitt oppsett.

Nøkkelindikator for kulturfeltet er talet på konsertar og kulturarrangement. Dette har ikkje direkte samband med målet om eit blomstrandende gudstenesteliv. Det er også ein avgrensa del av arbeidet innan kulturfeltet, og fortel bare om ei side av den kyrkjelege kulturverksemda.

| ResultatArrangement                           | 2011    | 2012    | 2013    | 2014    | 2015    |
|---|---------|---------|---------|---------|---------|
| Konsertar i regi av kyrkjelyden               | 463     | 478     | 399     | 415     | 526     |
| Publikumstal                                  | 53 942  | 53 028  | 57 275  | 55 402  | 63 122  |
| Konsertar i regi av andre                     | 300     | 246     | 253     | 269     | 331     |
| Publikumstal                                  | 63 731  | 59 626  | 51 150  | 59 763  | 62 348  |
| Andre kulturarr i regi av kyrkjelyden         | 250     | 219     | 152     | 212     | 226     |
| Publikumstal                                  | 29 961  | 25 536  | 19 269  | 22 096  | 20 525  |
| Andre kulturarr i regi av andre               | 36      | 66      | 66      | 58      | 50      |
| Publikumstal                                  | 8 459   | 11 573  | 1 060   | 22 643  | 10 876  |
| Kulturelle arrangement totalt                 | 1 049   | 1009    | 870     | 954     | 1133    |
| Totalt publikumstal på kulturelle arrangement | 156 093 | 140 763 | 128 754 | 159 904 | 156 871 |

Tal frå kyrkjelydane over konsertar og kulturarrangement viser at kyrkjene er viktige arenaar for kultur, med mange arrangement og høgt publikumstal. Rapporten viser ei generell auke i alle tal, bortsett frå kulturarrangement i regi av andre og litt i publikumstalet på andre kulturtiltaki kyrkjelydsregi.

Når ein dykkar ned i tala, finn me dei store avvik i tre prosti; Haugaland, Karmøy og Domprostiet. På Karmøy er det for 2015 ikkje rapportert nokon «andre kulturarrangement i regi av andre» mot 5 arrangement med 3000 publikum i 2014. I Haugaland er det særleg publikumstalet på eit arrangement i ein kyrkjelyd, Vår Frelser, som er rapportert svært ulikt. I 2014 var det for *Kulturmatt* rapportert eit publikum på 10 000 mens det i 2015 er rapportert 1095. I samtale med kyrkjelyden stadfestar dei at dette heng saman med korleis dei har rapportert og ikkje ein synleg endring i oppslutnad. Dersom me bruker same tal på dette arrangementet som i 2014 vil det totale talet på publikum på kulturelle arrangement i Stavanger bispedømme vera **165 471**.

Når det gjeld tal på publikum på andre kulturarrangement i regi av kyrkjelyden, ser me at det i Domprostiet er rapportert 4 853 færre publikum, og 3500 av desse var i Domkyrkja. Me veit at det i 2014 var ein del større arrangement i domkyrkja i samband med feiringa av grunnlovsjubileet og at det får utslag i statistikken.

Noko som gjeld gudstenestelivet meir direkte er det viktige korarbeidet som skjer i kyrkjene. Kor har ein lang og sentral plass og kyrkja. Kora gjev fylde til gudstenestefeiringa og løfter talet på gudstenestedeltakarar. Barnekor styrker rekrutteringa av kyrkjemusikarar og er viktig med tanke på kyrkjelydsutvikling.

Kyrkja sitt korarbeid utgjer ein høg del av korarbeid i Rogaland. I 2015 var det 136 barnekor med 3154 medlemmer og 62 vaksenkor med 1464 medlemmer. Dette er ei auke i talet på barnekor totalt på åtte. Samtidig er det ein nedgang i talet på medlemmer i barnekor på 57, talet på vaksenkor på ni og talet på medlemmer i vaksenkor på 144.

Sandnes har ein positiv oppgang med 6 nye barnekor og 123 fleire medlemmer, mens me ser at Jæren og Haugaland har den største nedgangen med til saman 5 færre barnekor og 183 færre medlemmer. Tungenes har ein nedgang på 7 vaksenkor og 98 medlemmer i vaksenkor.

Sidan korarbeid er så viktig, kulturelt og kyrkjeleg, viser desse tala at det bør lagast ein strategi for korleis ein kan styrke og stimulere korarbeidet i kyrkja og setta nye tiltak ut i livet.

## Utvikling

Det er naturleg at tala varierer noko frå år til år. Jubilé av større og mindre format ser me slår ut. I 2015 var det til dømes fleire kyrkjelyder som markerte Alfred Hauge-jubileet. Mange tektak i dei høve som herfinnest.

Me gler oss over den generelle auka me ser i talet på konsertar og publikum. Det er naturleg at det er konsertar som har ein klar overvekt i type kulturarrangement.

Som ein ser av kommentarar til tala, kan måten ein rapporterer på, gi store utslag i statistikken. Me ser at det framleiser nokre utfordringar med tanke på å få informasjon om alle arrangement og talet på publikum til den som fyller inn rapporten.

## Tiltak og resultat

Eit hovudfokus innan kulturfeltet har også i 2015 vore kompetanseheving. Dei seinare åra har det blitt arrangert fagdagar for kyrkjemusikarane to gonger i året. Dette er viktig både som kompetanseheving, for å styrka fagmiljøet og kyrkjemusikarane individuelt. I 2015 la me ei fagsamling for kyrkjemusikarane saman med prestekonventet. Dette gjorde det mogleg å ha fleire spennande felles foredrag om gudstenesta, med tema som «Gudstenesta som meningsskapande handling», «God regi på gudstenester» og «Gudsteneste for store og små». Dette er noko me gjerne vil gjenta.

På innføringskurs for nye sokneråd var kultur i kyrkja eit av fleire tema me lyfta fram.

Generelt ser me at det blir arrangert mange og gode kulturarrangement i kyrkjelydane i bispedømmet. Samtidig erfarer me at det framleis er behov for å løfta fram kva rolle og funksjon kunsten og kulturen har i kyrkja og i kyrkjelyden.

I 2015 var det ti år sidan Kyrkjemøtet vedtok kyrkja si kulturmelding «Kunsten å være kyrkje.» Dette har gitt høve til å arbeida med viktige utfordringar.

Det er særleg to ting me har løfta fram i 2015. I vedtaket frå KM 7/05 står det mellom anna: «Kirkemøtet oppfordrer landets menigheter til å arbeide vidare med meldingen Kunsten å være kirke, bygge nettverk og gje rom for det kulturelle mangfold i kirken, slik at kirken kan være en offensiv kulturbærer, som tar et bredt spekter av kunstformer og medier i bruk.» Vidare står det: «...tydeliggjør meldingen og høringen behovet for å arbeide vidare med kultur, teologi og kyrkje. Den fremtidige satsingen på kunst og kultur bør omfatte et vidare arbeid med disse spørsmålene....»

Dette låg til grunn då me i samarbeid med to av prostane inviterte til samlingar om kulturen si rolle og funksjon i kyrkja og kyrkjelyden. På desse samlingane har det vore kyrkjemusikarar, kyrkjevenerjer, prestar og daglege leiarar frå fleire kyrkjelydar samla. Dette er arenaer der ein får til å løfte fagfeltet, ta opp utfordringar og dele erfaringar. Slike samlingar vil det være nyttig å halda fram med.

## Kommentar til risikovurdering 2015

Når det gjeld i kva grad kyrkja ser verdien av kyrkjemusikken, og om den profesjonelle kyrkjemusikaren vil forsvinna ut av kyrkja, viser risikovurderinga framleishøg alvorlsgrad. Me må halda fram med å styrka kyrkjemusikarane i kyrkja. Me ser at kyrkjelydane i stor grad nyttar kyrkjene som kulturarena, og at dei gir plass til ulike kunst- og kulturuttrykk. Samtidig ser me at det må gjerast meir for å auka medvitet om kyrkja si rolle i å ta vare på kulturarven vår.

## Vurdering av resultatet

Kyrkjene i Stavanger bispedømme som heilskap gir i dag rom for ulike kunst- og kulturuttrykk. Me ser at det er skilnad mellom dei ulike kyrkjelydane på kva kunst- og kulturuttrykk ein gjev plass. Dette heng mellom anna saman med geografi, ulike typar kyrkjerom og lokalsamfunn. Det er klar hovudtyngde på konsertar og musikk. Dette er naturleg med tanke på den sentrale plassen musikken har hatt og den lange tradisjonen kyrkja har for å ha profesjonelle musikarar.

Me meiner likevel at tiltaka våre har verka positivt på å auka medvitet om kva slag uttrykk ein gjer rom, og at kyrkja også har som ansvar å ta vare på ein kulturarv.

## Endringar i strategiar og tiltak

Det blir viktig å halda fram med å styrka kyrkjemusikken og kyrkjemusikarane si rolle, mellom anna gjennom relevante tema for fagdagar. Me vil arbeida vidare med å styrka medvitet om kyrkja som kulturarena og med å auka kompetansen til kyrkjelydane som kulturarrangørar.

I kyrkja si kulturmelding blir kyrkja utfordra til «å kommunisere med mennesker på alle de språk mennesket har til disposisjon». Dette vil me arbeida meir med, spesielt gjennom å løfta fram kyrkjerommet sin arkitektur og utsmykking.



Vindauget i bønerommet i Vår Frelzers kirke

## 2.1.6. MENNESKE MED SÆRSKILTE BEHOV BLIR INKLUDERTE I KYRKJELYDSARBEIDET

*Nøkkelindikator: Talet på arrangement for menneske med særskilte behov*

### Innleiing

For inkluderingsarbeidet blir mål og indikatorar henta frå bispedømmet sin årsplan. Bispedømmet sin strategi 2015-2018 peiker på gudstenesta som eit åpent og inkluderande fellesskap, som skal syne at me er ei HEIL kyrkje. Kyrkjelydane skal gi hjelp til livsmeistring, møte alle menneskje med respekt og inkludere alle uavhengig av funksjonsnivå. Frå desse verdiane hentar me element til årsplan og satsingsområde.

Særskild rapportering på inkluderingsfeltet er relativt nytt i vårt bispedømme. Spesifikk rapportering, med utgangspunkt i årsplan, starta i 2013.

I kyrkjelydane sin hovudstatistikk er det pkt.6.D.10B som fangar opp element frå dette feltet: «Hadde kyrkjelyden tilbud i samband med integreringsarbeid retta mot personer med funksjonshemming?» I år har me og sendt ut eit eige statistikk-skjema for inkludering til kyrkjelydane, for å få eit betre rapporteringsgrunnlag enn det årsstatistikken gir. Sjølv om det samla talmaterialet framleiser lite, veit me likevel ein heil del om tiltak, arrangement og prosjekt som gjer at menneske med særskilte behov blir inkluderte i kyrkjelydsarbeidet.

### Resultat og utvikling

I årsstatistikken ser me at 34 av 92 sokn (37 %) svarar ja på at dei «hadde tilbud retta mot personar med funksjonshemming». At rapporteringsskjemaet spør etter «antall grupper/tilbod», gjer at dette blir tolka ulikt. Nokre oppgjev talet på tiltak og andre talet på arrangement. Me håpa at vårt eige statistikk-skjema kunne bidra til eit klarare bilete, men fekk berre tilbakemelding frå 17 av 92 sokn (18,5 %). Likevel gir desse tilbakemeldingane at me får meir innsyn i det som ligg bak tala. Me ser, til dømes, at 14 ulike kontinuerlege tiltak står for opp mot 200 arrangement/samvær. I tillegg kjem særskilt tilrettelagte gudstenester, ordinære gudstenester der målgruppa medverkar og gudstenester i konfirmanttida der det er eigne konfirmantgrupper.

Når me så held talmaterialet saman med det me veit frå erfaringar og kontakt med tilsette og frivillige, vil me hevda at mykje inkluderingsarbeid ber preg av stabilitet og godt innarbeidde tradisjonar og rytmar. Deltakartal i tilrettelagde klubbar, laurdagskafear og andre kontinuerlege tiltak held seg nokså stabilt, og arbeidet har tilsette og frivillige som viser stor truskap, omsorg og engasjement.

Me ser at dei lokale tilsette er trygge på å laga tilpassa konfirmantopplegg der det trengst, og at konfirmantar med særskilte behov blir møtt lokalt gjennom dette. Samtidig held arbeidet med felles konfirmantprosjekt fram på tvers av kyrkjelydsgrenser, der dette er innarbeidd og funksjonelt. Her er det relativt stor variasjon i deltakartal frå år til år. Funksjonsnivå i målgruppa har naturleg nok mykje å seia for korleis dynamikken i desse gruppene blir.

Også i 2015 har me spurt om trusopplæringsarbeidet for dei yngre fangar opp fleire born med særskilte behov, men både lokalt og nasjonalt ser me at respons og deltaking frå denne gruppa verkar noko mindre enn forventa.

## Tiltak og resultat

I 2015 hadde me fire fokusområde:

### 1. Målretta arbeid for å tilretteleggja gudstenester som inkluderer alle.

«Tilrettelagde gudstenester» har også dette året vore til stor glede. Me ser at desse i fleire kyrkjelydar er sjølvsegte og naturlege i gudstenesteplanane. Like viktig er det å gi menneske med utviklingshemming rom som deltakarar og medverkande i «ordinære gudstenester». Dette har me minna kyrkjelydar og tilsette om og fokusert på i visitasar, der det har vore naturleg.

Me treng framleis å forplikta kyrkjelydane tydelegare til å ta på alvor dei utviklingshemma sin rett til utøving av trusliv. Fleire må få erfarar rikdommen og ressursane i å få del i deira utøving av tru, og sjå at dette er eit gode for heile kyrkjelyden.

### 2. Menneske med særskilte behov for tilrettelegging skal ha god tilgang til kyrkjeleg arbeid i sitt nærmiljø.

Både innsamla materiale og våre eigne erfaringar viser at mange har glede og nytte av å samarbeida om tiltak. Dette ser me i klubb- og kafearbeid på tvers av kyrkjelydsgrensar, der både deltakarar og leiarar kjenner glede og inspirasjon i å vera fleire i fellesskapet. Samtidig må me motivera til å sjå den enkelte på staden dei bur, og bidra til å skapa fellesskap sjølv om ein ikkje har stort nok miljø til eige arbeid.

Fagbokprosjektet «Helt med» (Gyldendal), med ein av våre inkluderingsrådgjevarar som medredaktør, blei lansert hausten 2015. Boka har fått svært god mottaking i fagmiljøa. Ho held nettopp fram verdien av å bygga gode, nære og inkluderande fellesskap i samfunn og kyrkje. Boka peikar på gode ressursar og verdiar til kyrkjelydane si satsing.

Vidare har medarbeidarsamlingar for frivillige vore nyttige og inspirerande. Oppfølging av prosjekt og diakonar i stillingar delfinansierte av Diakonistiftelsen har også vore viktige.

### 3. God tilgang til fellesskapsbyggjande tiltak i kyrkjeleg regi, t.d. leirar, turar og andre miljøtiltak.

Mykje godt weekend-arbeid er utført, mest i nord i regi av Diakonistiftelsen, på Nesjatunet leirstad. Det store felleprosjektet med kyrkjefellesskapstur til Solgården blei ei flott oppleving også i år, der me reiste 53 personar frå bispedømmet og tok del i eit landsdekkjande samarbeid som samla 120 deltakarar totalt. Erfaringar og evaluering frå dette gjer oss overtydde om at desse prosjekta gir langsiktige ringverknader.

Ein konkret strategi vidare vil difor vera å laga stor-weekend sommaren 2016, for å bygga fram mot nytt landsdekkjande Solgården-prosjekt i 2017. Slik vil me kunne styrkja samarbeid og utnytta ressursar på lokal,- bispedømme,- og landsplan.

### 4. Barn og unge med særskilte behov får tydelege og truverdige invitasjonar til tiltak.

I årsrapportsamtalane har inkludering og tilrettelegging i dei lokale trusopplæringsplanane og tiltaka blitt særskilt etterspurt. Me ser at mykje samsvarer med inntrykka på nasjonalt plan: Det er generelt lita deltaking av born/unge med tilretteleggingsbehov. Me må jobba meir med korleis invitasjonar kan vera truverdige og korleis dei ulike tiltaka i planane faktisk treff målgruppa.

## Kommentar til risikovurdering 2015

Om hovudmåla blir nådde er til sist avhengig av det som skjer lokalt. Det er her me kan sjå korleis tiltak, arrangement og deltaking aukar eller minkar. Våre tiltaki årsplanen bør ha fokus på alt som kan styrka og bygga opp under den lokale utøvinga, og me trur risikovurderinga samsvarar brukbart med det.

### Vurdering av resultatet

Me gler oss over at kyrkja i Stavanger bispedømme møter mange menneske med utviklingshemming på måtar som gjer menneske sine liv betre. Dette skjer gjennom varme og opne kyrkjelydar, omsorgsfulle og trufaste tilsette og frivillige, og godt tilrettelagt arbeid mange stader. Samtidig ser me at fleire treng å la gode haldningar og menneskesyn koma til konkret uttrykk i planar og tiltak for denne målgruppa.

#### Endringar i strategiar og tiltak

Stavanger bispedømme vil framover i sterkare grad lyfta fram det ansvaret kyrkja har, nasjonalt og lokalt, for å følgje opp og setta i verk forpliktande vedtak som er gjort, om rettane til utøving av tru for menneske med utviklingshemming.

Me må også hjelpa kyrkjelydane til å tenka strategisk og planmessig om dette lokalt. Me kan bidra med fokus på tenlege ressursar, som t.d. «Samhandlingsheftet», E-læringskurset «Inkludering og deltaking» frå Stiftelsen SOR. Me arbeider også med opplæring og motivasjon til leiarar og frivillige.

Me bør prioritera å vera ute i det operative arbeidet for å ta vare på nærkontakten med brukarar og medarbeidarar.

Me bør også stadig arbeida for eit tettare samarbeid mellom inkluderingsarbeidet og trusopplæringa, slik trusopplæringsreforma legg opp til.



Krosshaug, Haugesund



## 2.2. Fleire søker dåp og trusopplæring

### 2.2.1. OPPSLUTNINGA OM DÅP AUKAR

Nøkkelindikator: Prosentdel døypte av tilhøyrande

#### Resultat

Målet for dåp er ambisiøst. Her er utviklinga i tal for dåp dei siste fem åra.

| Dåp 2010-2014                     |        |        |        |        |        |
|-----------------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|
|                                   | 2010   | 2011   | 2012   | 2013   | 2014   |
| Døypte i årskullet                | 4358   | 4028   | 3944   | 3702   | 3561   |
| Døypte og tilhøyrande i årskullet | 5049   | 4796   | 4766   | 4510   | 4422   |
| Fødde i årskullet                 | 6085   | 6117   | 6085   | 6246   | 6159   |
| Dåpsprosent av kyrkjetilhøyrande  | 86,3 % | 84,0 % | 82,8 % | 82,1 % | 80,5 % |
| Dåpsprosent av fødde              | 71,6 % | 65,8 % | 64,8 % | 59,3 % | 57,8 % |

Tala gjeld døypte i kvart årskull. Mange barn fødde i 2015 vil bli døypte i 2016, slik at 2014 er det siste årskullet som kan vise utviklinga.

#### Utvikling

Me ser at dåpstalet for dei som høyrer til i kyrkja går jamt ned, med ca. to prosentpoeng årleg frå 2010 til 2014. Talet for dåpsprosent av fødde har større variasjonar. Det har frå 2013-2014 gått ned 1,5 prosentpoeng. Rundt fire av fem kyrkjemedlemmar døyper nå barna sine.

#### Tiltak og resultat

Aksjon Dåp, starta i 2014, blir leia av ei styringsgruppe som har vore i funksjon heile 2015. 67 av 92 sokn i Stavanger bispedømme har vore med i aksjonen. Kyrkjelydane tek utviklinga på alvor, ynskjer å gjere noko med den og har fått eit tydelegare fokus på konkrete tiltak. Alle sokn har tiltak for å auke dåpsprosenten ved hjelp av «Verktøykassa». I januar 2015 blei det arrangert eit lunchmøte med 140 kyrkjelege medarbeidarar, med tydeleg fokus på korleis me bør handla i møte med nedgangen i dåpstala. Ein ny reklamefilm blei utvikla og vist på kinoane i Sandnes og Stavanger. I tillegg blei det produsert ein reklamefilm som har blitt hyppig brukt på dåpssamlingar i kyrkjelydane. Me ser at stadig fleire kyrkjelydar arrangerer dåpssamling i staden for dåpssamtalar, for å kopla dåp tettare saman med trusopplæring.

Kyrkjelydane har også sett på korleis dei inviterer til dåp på nettsidene sine.

I årsrapportsamtalane for 2014, som blei gjennomførte i 2015, hadde me også særleg fokus på oppslutninga om dåp, for å sikra at dei tilsette er medvitne om situasjonen i eige sokn og set i gang tiltak for å auka oppslutninga.

Dåpsaksjonen har som mål å setta i verk tiltaksom gjer at fleire vel å døypa barna sine. Målet var å få i gang ei mobilisering av sokna, med tanke på å stansa den negative tendensen med søkkande tal for dåp. Aksjon Dåp har fått brei oppslutning, har vore med på å auke medvitet om dåpstala hos tilsette,

og har sett dåpsarbeid på dagsorden. Me har også klart å gjera dåp til eit tema i det offentlege rommet og i mange heimar, gjennom kyrkjelydsblad og kinoreklame.

Ei lokal undersøking her i Stavanger bispedømme for nokre år tilbake viste at det ikkje er statistisk samanheng mellom tala i årsstatistikken og oppslutninga om dåp. Det betyr at oppslutning om gudsteneste, storleik på barne- og ungdomsarbeid og andre ting som målast der ikkje påverkar kor mange av dei som høyrer til kyrkja som kommer til dåp. Det kan gi meining om ein tenkjer at småbarnsforeldre tar sine val om dåp ut frå andre ting enn korleis kyrkjelyden fungerer. I DIFI si innbyggjarundersøking, får dåp høg score, med 86 av 100. Også her er altså innbyggjarane svært nøgde med møtet med kyrkja. Det er altså truleg ikkje lokalkyrkjelege tilhøve som har mest å seia for dåpsutviklinga.

Det betyr kanskje meir korleis me som kyrkje står fram for folk flest. Me må sjå korleis me kan utvida kontaktflatene våre, vera til stades på dei store fellesarenaene i samfunnet og bruka den kontakten me har godt. Kanskje kan konflikter i samband med valåret 2015 påverka dåpstal i negativ retning. Fokus på trusopplæring og konfirmasjon styrker dei kontaktflatane folk flest har med sin lokale kyrkjelyd.

Kyrkja har hatt eit stort behov for meir kunnskap om kva foreldre tenker. Derfor er det mellom anna gjort ei lokal undersøking i Sandnes sokn, der eit lite utval av familiar som hadde valt å ikkje døypa barnet sitt, blei intervjuet. Resultatet gjekk i to retningar, som for ein del respondentar var samanfallande. Det eine var at foreldra ikkje ønskjer å ta eit val for barnet sitt. Det andre var at dei opplever stor distanse til kyrkja. Desse funna samsvarar med hovudtrekka frå forskning på dåp i Norge og Danmark i 2015.

### **Kommentar til risikovurdering 2015**

Den største risikofaktoren er kva haldningarforeldre har til kyrkja generelt og dåp generelt. Dette er det som direkte påverkar ei avgjerd om dåp eller ikkje. Kyrkja kan påverka dette gjennom informasjonstiltak og gjennom sine møte med foreldre.

Medvitet om desse utfordringane er for tida høgt, slik at risikoen for at det ikkje blir sett inn tiltaker låg.

### **Vurdering av resultatet**

Hovudmålet om å stanse nedgangen i dåpstala er ikkje nådd. Sidan dåpen er sjølv grunnlaget for medlemskap i folkekyrkja, er dette kanskje den viktigaste utfordringa kyrkja har.

### **Framtidige strategiar og tiltak**

Den norske kyrkja har som oppdrag å døypa og læra, og me har som identitet og mål å vera kyrkje for folket. I åra som kjem vil me sjå om det er mogleg å satse enno meir av på tiltak for å auka talet på døypte. Det aksjonsgruppa har sett i gong, må konkretiserast og gjennomførast i sokna i bispedømmet. Dette vil me fylgja opp i 2016, gjennom årsrapportsamtalene og medarbeidersamlinga i november. Aksjon Dåp vil i 2016 evaluera arbeidet og vurdere kva ein kan gjera for å oppmoda kyrkjelydane til å bruke reiskapane frå verktøykassa vidare.

For å halda på den breie oppslutninga om dåp, må kyrkja vera klart og positivt til stades i kulturen, overfor breidda av småbarnsfamiliane. Kvaliteten på dei kyrkjelege møtepunktane med denne gruppa er sjølv sagt viktig. Me ser også at det er viktig å fokusere på byane, der nedgangen er brattast. Samanhengen mellom dåp og relevant trusopplæring er av stor betyding. Arbeidet med å auka både omfang og kvalitet på trusopplæringstiltak vil kunne påverka dåpstala.

Internt i kyrkja er det viktig å leggja vekt på kva dåpen tyder. Det gir tilsette eit medvit på å møte dei som er usikre på om dei vil døypa med at kyrkja er open og dåpen viktig. Mange meiner dei legg for sterke føringar for barna sine viss dei døyper, men kyrkja meiner heller at å vera døypt gir godt

grunnlag for å seinare forme sitt eige livssyn, utan å binda eller skapa tvang. Å møta denne utfordringa er ein av dei store pedagogiske utfordringane våre i tida framover.

Oppslutninga om dåp reflekterer også folk si haldning til tradisjonar og til kristen tru og praksis. Utviklinga kan gje oss inspirasjon til å bli betre på kommunikasjon med dei som ikkje utan vidare kjenner tilknytning til kyrkja og identifiserer seg med henne, sjølv om dei er kyrkjemedlemmar.

Å satse på dåp blir derfor sentralt framover, der utviklinga vil ha mykje å seie for kyrkja si plass i folket. Mellom tre og fire tusen barn blir framleis døypte kvart år, men det er plass til fleire.

## 2.2.2. OMFANGET I TRUSOPPLÆRINGSTILBODET AUKAR

### **A. Opplæringstilbod i timar**

*Delmål: Omfanget av trusopplæringstilbod aukar*

*Indikator: Opplæringstilbod i timar*

### **Resultat**

Gjennomsnittleg timetal på opplæringstilbod i sokna er ein indikator på om det i Stavanger bispedømme er opparbeidd eit tilbod om trusopplæring som relaterer seg til den nasjonale norma for timetal på 315 timar (Plan for trusopplæring).

Alle sokna i Stavanger bispedømme er nå fasa inn i trusopplæringsreforma. Sokna har i 2015 eit gjennomsnittleg tilbod om trusopplæring på 226,9, noko som er om lag 27 timar meir enn landsgjennomsnittet (som var 200,1). I 2014 var det gjennomsnittlege talet 233,9 timar.

### **Utvikling**

I samband med godkjenning av planar har Stavanger bispedømmeråd vore tydeleg på at dei timane som skal telja i den systematiske og samanhengande planen skal vera tiltaksom har eit potensial til å nå breidda av alle døypte. Fleire av sokna er inne i ein prosess med å flytte nokre av tiltaka sine frå den øvre delen av planen (punktuelle breiddetiltak) til under «Andre tilbod til barn og ungdom i regi av kyrkjelyden og/eller barne- og ungdomsorganisasjonar» (kontinuerlege tiltak). Det er grunn til å tru at hovuddelen av dei timane kyrkjelydane nå skriv i planane sine når breidda av alle døypte, eller har eit potensial i seg til å nå breidda når dei etter kvart blir innarbeidde. Dette er ein kontinuerleg prosess heilt fram til alle prostia har fått godkjend sine planar.

### **Tiltak og resultat**

Stavanger bispedømmeråd arbeider mykje med å halda oppe eit høgt nivå på omfanget av trusopplæringa i sokna. Gjennom årsrapportsamtalar, kurs og samlingar, rettleiing og på visitasar er det eit kontinuerleg fokus på å bygga ut trusopplæringa. Samstundes er det blitt viktig å tenka kvalitet og ikkje bare kvantitet på tiltaka i trusopplæringa. Det er viktig at sokna brukar tid på å bygga opp olide tiltaksom kan vara på sikt, og som etter kvart kan samla ei breidd av barn og unge. Viss ein startar mange nye tiltak utan å ha tilstrekkelege ressursar, vil det ofte skada meir enn det gjer godt.

Samtidig er me tydelege på at me er i ein opptrappingsfase. Det totale omfanget av trusopplæringstilbod skal på sikt auka opp mot den nasjonale norma for timeomfang.

### **Risikovurdering**

Risikovurderinga er framleis alvorleg. Me må halda oppe trykket når me er i ei fase med opptrapping av trusopplæringa. Dette handlar om å gje tilsette og frivillige motivasjon og tru på at dei kan få til ei

auke i omfanget av trusopplæringa på sikt. Dersom me ikkje klarer dette, kan heile reforma stå i fare for å ebbe ut.

## Vurdering av resultat

Sokna har ulike føresetnadar for å oppnå det timetalet som er sett i den nasjonale norma. Historie, tradisjonar, lokale høve, omfang på soknet og økonomi spelar inn på kva for eit omfang av aktivitetar kyrkjelyden kan leggja opp til. Det vil variera mykje frå sokn til sokn. Sokna er framleisi ei oppbyggingsfase av trusopplæringsreforma, og det vil framleisgå nokre år før alle tiltaka kyrkjelydane har lagt inn i sine lokale planar blir realiserte.

Om ein samanliknar timetalet i 2015 med 2014, ser me ein nedgang på ni timar. Me trur at det arbeidet me gjer med tanke på å rydde i tiltaka, slik at dei blir meir reindyrka breiddetiltak, kan vera ei årsak til at det gjennomsnittlege talet har gått ned. I tillegg vil fokuset på kvalitet i det me har, og ikkje bare på å bygga ut mange nye tiltak på kort tid, kunne vera ein årsak til at talet ser slik ut. Målet vårt med å skjerpa breiddetiltaka og fokusera på kvalitet, samstundes som me understrekar at det skal vera ei opptapping på sikt, er oppnådd.

## Endringar i strategiar og tiltak

Me ønskjer å tilby gode breiddetiltak til sokna: Viss omfanget av trusopplæringa i sokna skal auka, vil me ha behov for stadig nye idear til tilbod som kan utviklast. Nokre sokn er gode på å skapa nye tilbod sjølve, mens andre er meir avhengige av at andre har utvikla konsept som dei kan tilpassa til sin kontekst. På kurs og samlingar me arrangerer, arbeider me mykje med å finna og presentera gode eksempel på konsept som kyrkjelydane kan bli inspirerte til å bruke. Me gir og råd og tips om tilbod som me kjenner til og som kan vera aktuelle for soknet.

Me vil også utfordra sokna på realistisk opptapping med utgangspunkt i eigne ressursar: Me vil i tida framover i enno større grad hjelpa sokna til å finna ein god balanse mellom å auka omfanget av trusopplæringa og å leggja vekt på kvalitet og forsvarleg ressursbruk.

## **B. Deltakarandel på nasjonale breiddetiltak**

Delmål: Oppslutninga om trusopplærings tiltak aukar

Indikator: Prosentdel deltakarar på nasjonale breiddetiltak

## Resultat

Her er tal for gjennomsnittleg oppslutning på breiddetiltaki Stavanger bispedømme

| Alder     | Tiltak                                       | Gjennomsnittleg oppslutning |      |      |      |
|-----------|--|-----------------------------|------|------|------|
|           |  | 2012                        | 2013 | 2014 | 2015 |
| 0 år      | Samtale før dåp                              | 97 %                        | 98 % | 101% | 100% |
| 4 år      | Utdeling av bok                              | 52 %                        | 53 % | 51%  | 53%  |
| 6 år*     | Eit tidsavgrensa breiddetiltak for 6-åringar | 32 %                        | 37 % | 34%  | 38%  |
| 8 år      | Tårnagenthelg                                | 21 %                        | 29 % | 32%  | 33%  |
| Ca. 11 år | Lys Vaken                                    | 26 %                        | 30 % | 27%  | 34%  |
| 15 år     | Konfirmasjon                                 | 92 %                        | 87 % | 87%  | 85%  |
| 16 år     | Breiddetiltak året etter konfirmasjon        | 24 %                        | 23 % | 20%  | 16%  |

## Utvikling

I gjennomsnittet av i et utval av representative tiltak, tek 51 % av målgruppa del i trusopplæringstilbod i sokna i driftsfasen i 2015. I 2014 var talet 52% og i 2013 var talet 54 %. Dette viser at talet på oppslutninga er relativt stabil, med små variasjonar frå år til år, men at oppslutninga går litt ned.

Den gjennomsnittlege deltakinga i kvart enkelt av dei utvalde trusopplæringstilboda er som følgjer:

- Bispedømmerrådet ser at **dåpstala** går nedover i fleire av prostia, særleg i dei store byane. Dette er urovekjande.
- Dei tradisjonelle tiltaka **Utdeling av bok til 4-åringar** og **Tidsavgrensa tilbod til 6-åringar** har hadde ein liten nedgang frå 2013 til 2014, på 2 % og 3 % kvar. Tala i 2015 viser ei auke på 2 % og 4 %.
- Det relativt nye breiddetiltaket **Tårnagenthelg** har ein oppgang på 1 % frå året før, og Lys Vaken, som hadde ein nedgang på 3% frå 2013 til 2014, hadde ein betydeling oppgang på 7 % i 2015. Oppslutninga om **breiddetiltak året etter konfirmasjon** var på 20 % i 2014 og på 16 % i 2015, altså ein nedgang på 4%.

Bispedømmerrådet gjennomfører årsrapportsamtale med kontaktpersonar i alle sokn. I samband med dette ser me at talmaterialet frå sokna ikkje alltid er godt nok kvalitetssikra. Me tek derfor atterhald om feilmargen i tala.

## Tiltak og resultat

### Kommentarar til resultata

Tala inkluderer sokn med godkjend plan. Ryfylke prosti, Karmøy prosti og Vindafjord kyrkjelege fellesråd er ikkje medrekna. Me har grunn til å tru at dette er område som vil ha ein positiv effekt på tala og ser fram til at alle prosti vil ha ein godkjent plan i løpet av 2016.

Det er gledeleg å sjå at Tårnagenthelg og Lys Vaken har ei oppslutning på over 30 %, og at begge har hatt ein oppgang i 2015. Stort fokus på desse tiltaka har ført til at mange sokn har valt å satse på desse. Her har det vore ein positiv smitteeffekt: mange melder om at dette er tiltak som barna liker godt og som får høg oppslutning. Me må likevel arbeida medvite for å auka oppslutninga enno meir, særleg med tanke på kreative arbeidsmåtar og kommunikasjonsformar.

Dei meir tradisjonelle tiltaka, «Utdeling av bok til 4-åringar» og «Tidsavgrensa tilbod til 6-åringar», har og hatt ein oppgang i 2015. Det er tydeleg at desse «gamle» tiltaka er godt innarbeidd og at dei held seg på en nokså jamn prosentdel. Dette kan vera eit teikn på at folk i kyrkjelyden kjenner tryggleik i møte med tiltaka og at dei er blitt ein del av familiane sine tradisjonar. Kanskje er det og slik at barna sjølv møter ein invitasjon med forventning om at «endeleg er det min tur».

Fleire av kyrkjelydane seier at dei ikkje rapporterer på dei tiltaka dei har for ungdom, fordi dei ser at breidda av ungdom ikkje deltek. Kyrkjerådet har utvikla opplegg for fleire tiltak for ungdomar i alderen 15-18 år dei siste åra. Det vil vera viktig å implementera desse nye tiltaka i sokna. Me ser alvorleg på ein nedgang på 4% i oppslutning for breiddetiltaketter konfirmasjon. Dette er eit tydeleg signal om at det trengst ei målretta satsing på denne målgruppa, både frå Kyrkjerådet og Stavanger Bispedømmerråd.

### Tiltak frå bispedømmerrådet

Me legg stor vekt på utvikling av kompetanse for å sikra kvaliteten i trusopplæringa. Gjennom kurs, samlingar og rettleiing har me arbeidd for å heva kompetansen til tilsette og frivillige medarbeidarar. Målet er at dette skal motivera og setta medarbeidarar i stand til å setta i verk tiltak med god kvalitet, slik at fleire barn og unge kjem. Kvalitet og godt omdømme kan vera med på å auka oppslutninga.

I årsrapportsamtalane går me gjennom dei ulike breiddetiltaka i kvart sokn, og utfordrar kyrkjelydane på oppslutning. Kva kan dei gjere for at fleire skal komme på tiltaka? Korleis har utviklinga vore dei siste åra, går tala oppover, nedover eller er dei stabile? Saman med sokna reflekterer me kring desse spørsmåla. Det er nyttig. I 2015 blei årsrapportsamtalane for to prosti, Haugaland og Sandnes, gjennomførte som prostisamlingar, med særleg fokus på tal for oppslutning overtid. Saman såg me på kva som gjer at oppslutninga går opp eller ned. Dette var ein spennande arbeidsform.

Det er avgjerande for oppslutninga på tiltaka at sokna arbeider målretta med å nå ut til flest moglege barn og unge. Fleire av kyrkjelydane arbeider målretta med kommunikasjon. Mange tilsette har forstått kor viktig det er å nå breitt ut med marknadsføringa, og at informasjonen kommuniserer godt med målgruppa. I plankursa for kontaktpersonane har me også vektlagt kommunikasjon og marknadsføring.

Me trur likevel at tiltaka me har gjort verkar positivt til å auka oppslutninga om breiddetiltaka i trusopplæringa. Det kontinuerlege fokuset på oppslutning, særleg i årsrapportsamtalane, utfordrar heile tida sokna til å tenka igjennom korleis det går med oppslutninga og kva dei kan gjera for å auke ho ytterlegare. Kurs, visitasar og andre samlingar er også med på å bidra i denne retninga.

### **Kommentarar til risikovurdering**

Risikovurderinga viser framleis høg alvorgrad. Me må hjelpe kyrkjelydane til å ha god kvalitet på tiltaka, slik at flest moglege barn og unge vil delta. Marknadsføring er også avgjerande. Dersom ein ikkje gjer dette godt, kan ein risikera at oppslutninga blir lågare. Då vil færre barn og unge få trusopplæring, og reforma vil mista kraft.

### **Vurdering av resultatet**

Det er store variasjonar i sokna når det gjeld oppslutning om dei ulike trusopplæringstiltaka. Sjølv om ein tilsynelatande gjer dei same tinga med omsyn til kvalitet og marknadsføring, kan andre faktorar og spele inn. Tradisjonar på staden, kyrkjelyden si historie, andre tilbod i soknet o.a., kan vera med å påverka kor stor oppslutninga blir.

### **Endringar i strategiar og tiltak**

#### Tenestegruppene sine bidrag i trusopplæringa:

Det er stort behov for å arbeida meir med kva rolle ulike faggrupper i kyrkja skal ha i trusopplæringsarbeidet. Me ser behov for å arbeide målretta med å involvera alle tenestegruppene i trusopplæringsarbeidet, gjennom rettleiing, kurs og samlingar.

Me vil også utfordra Kyrkjerådet til å vera i dialog med dei ulike fagforeiningane for å stimulera til tverrfagleg samarbeid om trusopplæring lokalt. Tverrfagleg samarbeid vil heva kvaliteten på tiltaka i trusopplæringa, slik at fleire barn og unge kjem. At fleire er med kan føre til at omfanget og timetalet i trusopplæringa aukar.

#### Vegen vidare etter reforma:

Når alle kyrkjelydane nå er inne i reforma, vil det bli betre tid til å arbeide med innhaldet i trusopplæringa og utvikla kompetansehevande tiltak. I tillegg til arbeid med konfirmasjon ser me for oss at me vil arbeida meir med korleis livsmeistring og livstolkning kan byggjast meir inn i trusopplæringa. Me ønsker også å sjå på korleis dei sentrale dimensjonane i større grad kan koplust til dei ulike tiltaka i kyrkjelydane. Vidare ser me for oss at tverrfagleg arbeid og trusopplæring som kyrkjelydsutvikling vil vera aktuelle tema.

## 2.2.3. OPPSLUTNINGA OM KONFIRMASJON BLIR HALDEN OPPE

Nøkkelindikator: Konfirmerte av døypte 15-åringar

### Resultat

| Konfirmasjon i Stavanger bispedømme 2007-2014 |      |      |      |      |      |      |
|---|------|------|------|------|------|------|
|   | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
| Konfirmasjonsprosent av døypte                | 92 % | 92 % | 90 % | 89 % | 89%  | 87%  |
| Konfirmasjonsprosent av døypte og tilhøyrande | 86 % | 86 % | 85 % | 84 % | 83%  | 81%  |
| Konfirmasjonsprosent av alle                  | 73 % | 72 % | 71 % | 67 % | 68 % | 64%  |
| Konfirmerte                                   | 4421 | 4423 | 4346 | 4185 | 4217 | 4005 |

### Utvikling

Talet på konfirmerte held seg relativt stabilt, med ein svak nedgang.

Årsstatistikken frå kyrkjelydane i bispedømmet viser stabil oppslutning om konfirmasjon dei siste åra, på om lag 90 % av alle døypte. Konfirmasjonsprosenten går likevel litt ned. I 2015 blei 87% av alle døypte konfirmert i kyrkja.

Konfirmasjonsprosenten av alle går ned med fire prosentpoeng. Det er ein klar nedgang. Frå 2010 er nedgangen på nesten 10 prosentpoeng. Nokø av dette kan koma av befolkningsendringar, i og med at ein mindre del av befolkninga høyrer til Den norske kyrkja.

Konfirmasjonsprosent av døypte og tilhøyrande går også ned, men mindre enn konfirmasjonsprosent av alle. Nedgangen blant alle er på 4 prosentpoeng, og nedgangen blant dei som høyrer til kyrkja på to prosentpoeng. Rundt rekna kan då opp til 2 prosentpoeng av nedgangen blant alle skuldast befolkningsendringar, mens to prosentpoeng av nedgangen skjer internt i kyrkja.

Det er vanleg at tala bølger nokø frå år til år når det gjeld oppslutninga om konfirmasjon i kyrkjelydane, utan at dette gjer store utslag. Variasjonen kan ofte forklarast med samansetjing i årskulla, eller andre lokale høve som påverkar oppslutninga.

Også konfirmasjon scorar høgt i innbyggjarundersøkinga, med 86 av 100 poeng. Det er altså ikkje grunn til uro når det gjeld kvalitet. Det er viktig at resultatet er godt i møtepunkt som gjeld viktige hendingar i livet.

Reformene dei siste åra krev meir av dei tilsette i kyrkjelyden. Det kan gje færre ressursar til å satsa på konfirmasjon.

I mediebialet er det kyrkja sitt samfunnsengasjement som ofte viser seg fram mest tydeleg. Den siste tida har kyrkja engasjert seg for miljøet og for flyktingar sine menneskerettar. Nokre deler av befolkninga reagerer på dette. Store deler av befolkninga er truleg også kritiske til den konservative delen av kyrkja si haldning til likekjønna ekteskap. Det kan gi utslag i forhold til oppslutninga om kyrkjeleg aktivitet. Til ein viss grad kan dette også slå andre vegen, ved at konservative kristne reagerer på liberale tendensar i kyrkja, men sidan denne gruppa er mykje mindre, gjev det truleg ikkje like stor effekt.

Tala kan også reflektera endringar i familiemønstre. Nokre delte familiar kan synast det er vanskeleg å feira konfirmasjon. Tala kan også peika på svekka oppslutning om tradisjonar eller om kristen tru generelt.

| Prosti                | Konfirmasjonsprosent 2015 |
|-----------------------|---------------------------|
| DALANE PROSTI         | 88 %                      |
| HAUGALAND PROSTI      | 83 %                      |
| JÆREN PROSTI          | 88 %                      |
| KARMØY PROSTI         | 88 %                      |
| RYFYLKE PROSTI        | 91 %                      |
| SANDNES PROSTI        | 70 %                      |
| STAVANGER DOMPROSTI   | 65 %                      |
| TUNGENES PROSTI       | 83 %                      |
| YTRE STAVANGER PROSTI | 81 %                      |
| <b>Totalsum</b>       | <b>81 %</b>               |

Generelt ser me at arbeidet blant barn og unge er mest krevjande i dei kyrkjelydane som ligg i by eller nær by. Ved sida av Domprostiet (65 %) ser me at Sandnes prosti har låge tal, med ein deltakardel på 70% av alle døypte. Dei to byprostita skil seg ut frå dei andre, og er nok ramma av den same tendensen som me ser når det gjeld nedgangen i dåpstala. Det er gledeleg at Haugaland prosti (83 %) og Ytre Stavanger prosti (81 %) ligg så pass høgt, sjølv om dei er bysentrerte.

Jæren prosti har høg oppslutning om konfirmasjon (88 %). Prostiet har i fleire år jobba målretta med konfirmasjon og ungdom. Det er høg kvalitet på konfirmantarbeidet i sokna, og mange vel å konfirmere seg i kyrkja. Prostiet har utarbeidd eit eige kurs for fjorårskonfirmantar, KLEKK, som har stor oppslutning og set fokus på konfirmasjon og det påfølgjande året. Prostiet arrangerer kvart år ungdomskonferansen UanZ for å unge leiurar mellom 15-20 år. Her kjem det om lag 400 unge ungdomar saman for å bygga tru og fellesskap. Jæren prosti har eit godt tverrkyrkjeleg samarbeid, som gjer at mange av dei unge vel å halda kontakten med kyrkjelyden i staden for å gå ein annan stad eller slutta. Dette er viktig for å skapa ut eit ungdomsarbeid som konfirmantane kan vera med i etter konfirmasjonen.

## Tiltak og resultat

Bispedømmerådet har som vanleg vore med på Kyrkerådet si landsomfattande utsending av konfirmantbrosjyrar til alle 14-åringane i landet. Dette er viktig for å rekruttere konfirmantar og for å markere kyrkja sitt arbeid.

Bispedømmet har i 2015 starta planlegginga av ei satsing på konfirmasjon i alle prosti våren 2016/ hausten 2017. I kvart prosti blir det ein kursdag for alle dei som er ansvarlege for konfirmantarbeidet. Målet med kursdagen er todelt. Den eine delen handlar om å laga ein meir systematisk plan for konfirmasjonstida. Den andre handlar om å motivera og heve kompetansen hjå dei tilsette når det gjeld metodikkog innhald i konfirmanttida. I 2015 har bispedømmet arbeida med innhaldet i kurset og organiseringa av kursa ute i prostia.

Under «Forum for trusopplæring», som samlar om lag 130 medarbeidarar over to dagar, var det eit seminar om konfirmasjon, og eit om korleis ein kan forstå ungdomskulturen i dag.



## Kommentar til risikovurdering og vurdering av måloppnåing

Trass i den svake nedgangen er det positivt at oppslutninga om konfirmasjon i bispedømmet held seg relativt høg og stabil. På sikt trur me at oppslutninga om konfirmasjon vil vera avgjerande for oppslutninga om dåp. Dersom ein er konfirmert i kyrkja vil det vera større sjansse for at ein vel dåp i kyrkja. Me vurderer derfor risikoen som alvorleg, fordi det er så mykje som kjem av oppslutninga om konfirmasjon, og fordi eit fall i tala vil få negative følgjer på sikt. Det må derfor bli ei satsing på dåp og konfirmasjon dei neste åra i bispedømmet.

I og med at oppslutninga om konfirmasjon totalt sett held seg nokså stabil, viser det at kyrkjelydane gjer ein god jobb med konfirmantarbeidet. Kyrkjerådet og bispedømmet har eit kontinuerleg fokus på konfirmasjon gjennom ulike tiltak, dette er med på å styrka det lokale arbeidet.

## Endringar i strategiar og tiltak

Stavanger bispedømmeråd vil følgja nøye med på oppslutninga om konfirmasjon framover, og konfirmasjon vil vera eit område med særleg fokus i 2015/2016.



Prosjektkonfirmantar

## 2.2.4. STYRKA UNGDOMSARBEID

Mål: Styrka ungdomsarbeid  
Indikator: Talet på ungdomstiltak og deltakarar

### **Ungdomsdemokrati**

#### **Resultat, utvikling og analyse**

Det var 33 delegatar på Ungdomstinget (UT) 2015, og 6 andre deltakarar. Talet på delegatar i 2014 var det beste på fleire år. I 2015 var det 8 færre delegatar, og 8 færre deltakarar utanom, enn året før. Nedgangen viser at deltaking på Ungdomstinget ikkje er sjølvstøtt for kyrkjelydane, krev aktivt rekrutteringsarbeid som det ikkje er garanti for at vil lukkast.

Nedgangen kan delvis forklarast av at UT dette året blei arrangert på Vaulali i Ryfylke, noko som gjer at nokon kan tenke at det er langt å reise, særleg frå nordfylket. Ein annan forklaring kan vera at UT dette året ikkje blei marknadsført direkte via bispedømmekontoret, noko som kan gje mindre tyngde i kyrkjelydane.

I 2015 har ungdomsrådet møtt både bispedømmeråd og biskop. På begge desse møta blei resolusjonar frå UT drøfta. UT-resolusjonane blei sendt til alle søkn, men me kartlegger ikkje systematisk korleis dette blir tatt vidare i kyrkjelydane.

Rutinen med å leggje UR sine møter opp like før BDR sine møter har tidlegare gitt gode prosessar med tanke på UR sitt høve til å uttale seg om relevante saker som skal opp i BDR. I 2015 makta ein av praktiske grunnar ikkje å leggje UR-møta på adekvate tidspunkt for å få til dette samspelet med BDR like godt.

#### **Risikovurdering**

Mange av sakene som prega kyrkja dette året, krev stor kompetanse for å kunne gi relevante råd. Ungdomstinget og Ungdomsrådet har jobba godt med saker som er relevante for ungdom i kyrkja, men dette har ikkje nødvendigvis vore dei sakane kyrkja generelt har hatt fokus på. Dette kan tyde på at vurderinga av moderat risiko for at UT og UR mangla kompetanse og arenaer for å uttale seg om aktuelle saker var for optimistisk, og bør justerast opp i tida framover.

#### **Vurdering av resultatet**

Til trass for gode drøftingar og resolusjonar frå UT, og gode drøftingar mellom UR og biskop og bispedømmeråd, kan me ikkje seie at ungdom i tilstrekkeleg grad har fått medverka som rådgjevarar for biskop, bispedømmeråd og sokneråd. Det fortel om eit ungdomsdemokrati som har eit stort forbettringspotensial.

#### **Endringar i strategiar og tiltak**

Sjølv om me ikkje kan vera nøgde med resultatet, er det vanskeleg å sjå kva endringar som skal gjerast i strategiar og tiltak. Fortsatt fokus på trivsel, fellesskap og marknadsføring av UT, fortsatt fokus på gode møtepunkt mellom UR og BDR/biskop, samt fortsatt arbeid med å finne relevante BDR-saker for UR å gje innspel på, bør vera dei viktigaste verkemidla for å fremja ungdomsdemokratiet i bispedømmet.

## Ungdomssatsing

### Resultat og analyse

Her er ei oversikt frå årsstatistikken på ungdomsarbeid frå 2014-2015.

| Prosti         | 2014 - tiltak | 2015- tiltak | 2014 – deltakarar | 2015- deltakarar |
|----------------|---------------|--------------|-------------------|------------------|
| Haugaland      | 59            | 77           | 1269              | 1707             |
| Ryfylke        | 23            | 53           | 562               | 1100             |
| Karmøy         | 58            | 14           | 1629              | 253              |
| Tungenes       | 42            | 59           | 1381              | 1283             |
| Ytre Stavanger | 56            | 63           | 1109              | 1635             |
| Domprostiet    | 32            | 53           | 346               | 821              |
| Sandnes        | 67            | 27           | 1047              | 515              |
| Jæren          | 89            | 59           | 1163              | 1283             |
| Dalane         | 28            | 33           | 305               | 816              |
| <b>Sum</b>     | <b>454</b>    | <b>442</b>   | <b>8811</b>       | <b>9364</b>      |

I desse tala er det risiko for inkonsekvent rapportering, fordi søkna kan telja ulikt frå år til år og telja tilbod på ulike måtar. Det ser me mellom anna i dei prostivise variasjonane frå år til år. I tillegg er ikkje kor for ungdom ein særskilt kategori i rapporteringa, så det er ikkje med.

Tala gjev likevel ein indikasjon på at det har blitt litt færre tilbod til ungdom, men at tiltaka har større oppslutning. Som tidlegare kan me ta det som eit teikn på at interessa for å delta i kyrkjeleg ungdomsarbeid stig, men at kyrkjelydane ikkje alltid maktar å følgja opp med tilbod.

På prostinivå ser me sterkt ungdomsarbeid i Haugaland, Ryfylke, Tungenes, Ytre Stavanger og Jæren, mens det er både nedgang og lågt deltakartal i Sandnes. Det har vore vekst i ungdomsarbeidet i Domprostiet, Ryfylke og Dalane. Tala gjev oss gode startpunkt for lokale samtalar.

### Tiltak og resultat

Me ser endring i ungdomskulturen. Ungdom i dag er meir pliktoppfyllande og greie å ha med å gjera, overfor vaksne og kvarandre. Dei møter utfordringar i form av travel kvardag, høge forventningar og press til å vera vellukka og sjå slik ut. I Ungdomsrådet og på Ungdomstinget har stress og opplevinga av at det er eit stort aktivitetspress i kyrkjeleg ungdomsarbeid vore eit tydeleg tema.

Me har sett fokus på korleis ungdomsarbeidarar finn balansen mellom teneste og relasjon til Gud og på kva me formidlar til ungdom, gjennom forkynninga og undervisninga og gjennom måten me organiserer aktivitetane våre. Ungdomssatsinga vår i 2015 har handla om å komme i dialog om dette med prestar og tilsette som jobbar med ungdom i kyrkjelydane og å utvikla tiltak som kan hjelpe ungdomsarbeidarar til slitesterkt leiarskap. Resultatet av dette vil ikkje visa seg før tidlegast i 2017, når eit prøveprosjekt for ei utvald gruppe ungdomsarbeidarar er gjennomført. Prosjektet handlar om å gje ei gruppe ungdomsleiarar tilbod om gruppeveileding.

### Kommentar til risikovurdering 2015

Risikovurderinga har truffe godt, ut frå responsen me har fått hos ungdomsarbeidarar. Både i samtalar og i påmeldinga til prøveprosjektet ser det ut til at faren for slitasje hos ungdomsarbeidarar er høg. Samtidig har nokre av dei me har vore i dialog med, peika på at bispedømmerådet si ungdomssatsing ikkje åleine bør handla om dette, men også om utvikling og utveksling av strategiar og verktøy for ungdomsarbeid.

## Vurdering av resultatet

Første halvdel av 2015 blei brukt til prostivise samlingar der me presenterte for prestane korleis det er å vera ungdomsarbeidar og på kva måte me formidlar. Dette blei gode møtepunkt og nyttige samtalar. Andre halvdel av 2015 blei brukt til drøftingar med Utstein pilegrimsgard og Både Og-huset i Sandnes, om tilrettelegging av retreatliknande samlingar og vegleiing for tilsette i kyrkjelydane som jobbar med ungdom. Eit prøveprosjekt i 2016 blei planlagt og delt med kyrkjevevjene i fire prosti. Deltakarar blei rekruttert. Ut frå dette kan me vera nøgde med resultatet.

## Endringar i strategiar og tiltak

I 2016 vil prøveprosjektet bli gjennomført gjennom tre samlingar på dagtid for dei åtte påmelde deltakarane. Ut frå erfaringane vil ein vurdere vegen vidare for denne satsinga, og på grunnlag av dette teikna vegen vidare for strategiar og verkty på bispedømmenivå.



## 2.3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

### 2.3.1. Diakoni

Me har samla nasjonale og regionale mål i eit eige underavsnitt om diakoni. Dei nasjonale måla dekker viktige delområde av diakonien i kyrkja, men for å teikna eit meir heilskapleg og oppdatert bilete tek me også med eit par andre aktuelle punkt, om flyktingearbeid og samarbeid mellom kyrkje og helsevesenet.

#### **A: Resultatmål: FLEIRE KYRKJELYDAR UTVIKLAR PLAN FOR DIAKONI**

Nøkkelindikator: Tal på kyrkjelydar med godkjent plan

#### **Resultat**

Tabellen viser like mange lokale planar for diakoni frå 2014 til 2015. 77 sokn har nå ein lokal plan for diakoni.

|   | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|------|------|------|------|------|------|------|
| Kyrkjelydar (92) med lokal plan for diakoni | 25   | 45   | 67   | 70   | 73   | 77   | 77   |

#### **Tiltak og vurderingar**

10 av dei 15 kyrkjelydane som ikkje har plan, er små kyrkjelydar med få tilsette. Til desse kyrkjelydane er det utvikla ein enklare mal for utforming av lokal diakoniplan. Desse er sendt kyrkjelydane via kyrkjevevringane.

I ingen av dei 15 kyrkjelydane som ikkje har diakoniplan er det tilsett diakon eller oppretta diakoniutval. Dette viser at det å ha diakon og/eller diakoniutval har mykje å seie for eit strategisk arbeid med diakonale utfordringar i kyrkjelyden.

Resultatet viser at dette tiltaket ikkje har vore tilstrekkeleg til å nå målet. For å få til ein lokal plan, må dei tilsette i soknet eller soknerådet engasjera seg.

#### **Nye tiltak**

I 2016 har me planlagt fagdagar i utarbeiding av lokale planar i Vindafjord og i Rennesøy, der me har ti av de minste sokna i bispedømmet.

#### **B: Resultatmål: Fleire kyrkjelydar blir grøne kyrkjelydar.**

#### **Innleiing**

I den nasjonale diakoniplanen for "Vem om skaparverket" og "Kampen for rettferd" viktige område, som utfordrar kyrkjelydane til å setta klima og rettferdig fordeling på dagsorden. For å møta desse utfordringane, satsar me på å miljøfyrtåmsertifisere fellesråd og utfordra kyrkjelydar til å bli «Grøne kyrkjelydar».

I løpet av dette året har me fått fem nye «grøne kyrkjelydar». Det er kyrkjelydane i Førresfjorden, Nedstrand, Tananger, Lund og Tysvær.

## Utvikling

|  | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|--|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Grøne kyrkjelydar (av 92 sokn)         | 2    | 4    | 9    | 9    | 9    | 13   | 15   | 20   |
| Miljøfyrtåmsertifiserte kyrkjelydar    | 12   | 13   | 16   | 16   | 16   | 16   | 16   | 16   |
| Miljøfyrtåmsertifiserte fellesråd (26) | 3    | 3    | 4    | 4    | 4    | 4    | 4    | 4    |

### Tiltak, resultat og vurderingar

Det har gått ut eit brev til alle kyrkjelydar som fortel korleis ein går fram for å bli grøn kyrkjelyd. På visitasane utfordrar biskopen kyrkjelydar som ikkje er grønne om å setta i gang ein prosess for å bli det.

I juni blei det arrangert gratis folkefrukost i Stavanger. Det er «Framtiden i Våre Hender», i samarbeid med fylkeskommunen, Stavanger Bispedømme og Ullandhaug økologiske gard som arrangerer frukosten. Målet er at folk skal få smake det som finst på marknaden av miljøvennleg og «rettferdig» mat, samtidig som dei skal få god informasjon om maten og kvar ein får tak i den.

Dei siste åra har det ikkje vore lett å sertifisera fellesråd som miljøfyrtåm eller få fleire kyrkjelydar til å verte «grøne kyrkjelydar». Dette skjer bare når det lokalt finst nokon som ser at dette arbeidet er viktig og viss soknerådet er klare for å bli sertifiserte. I 22 av dei 31 kyrkjelydane som er grønne eller sertifiserte er det tilsett diakon, som har vore pådrivar for å setta klimaspørsmål på dagsorden.

Kyrkjerådet har utarbeidd nytt materiell for dette arbeidet. Det har gjeve fokus til miljøspørsmål i kyrkjelyden på ein ny måte. Dette materialet har blitt marknadsført overfor dei kyrkjelydane som ikkje er grønne, slik at fem nye kyrkjelydar har blitt grønne. Det betyr at målet i år er nådd.

Stavanger bispedømme, i samarbeid med KFUM/K og Kirkens nødhjelp, arrangerte også eit Klimaseminar i Haugesund i februar 2015 med tema «Veien til Paris».

### Endringar i strategiar og tiltak

I år har det vore samtaler med Kirkens Nødhjelp (KN) om å få til eit samarbeid mellom bispedømmet sine kontaktpersoner i dei grønne kyrkjelydane og KN sine kyrkjelydskontaktar. Desse samtalene har blitt vidareførte i 2015.

### **C: Aktuell utvikling: Kyrkjelydane sitt flyktningararbeid**

Ikkje sidan den andre verdskrigen har så mange menneske vore på flukt til Europa frå forfølging, krig og terror. Menneske frå Syria og Irak, frå Eritrea og Somalia strøymer til landet vårt på leit etter vern, fred og ein stad der dei kan leva trygt.

Kommunane har ansvar for å skaffa bustad til flyktningar og asylsøkarar som har fått innvilga asylsøknaden sin. Utgifter til mat, klede, bustader og norskopplæring får kommunen dekt via statlege overføringar. Det er likevel store behov på det mellommenneskelege planet. Dette gjeld òg for asylsøkarar og flyktningar som allereie er her.

I slikt arbeid er kommunar og frivillige i kyrkja ein ressurs for kvarandre. Kyrkjelydar har sett i gang hjelpetiltak retta mot akuttmottak eller for å integrera kvoteflyktningar som kjem til regionen vår.

Frivillige frå mange kyrkjelydar i vårt bispedømme har tatt imot asylsøkarane ved å verte fadrar, gjennom språk-kaféar, kvinnegrupper, tolketenester på gudsteneste, ALPHA kurs, leksehjelp. Nokre kyrkjelydar har kvar veke treningstid i hallar med nordmenn og asylsøkarar, andre arr. strikke/hobbykveldar for innvandrerkvinner,

I Stavanger blei det etablert et økumenisk hjelpetiltak: [www.vivilhjelpe.no](http://www.vivilhjelpe.no), som IMI-kirken, Intro-menigheten og diakonane i byen står bak. Den viktigaste budskapet frå desse er «Hver flyktning - en

fadder». I Egersund blei det etablert eit nytt utval som skal ha fokus på integrering av flyktningar og asylsøkarar, ulike kulturar og religionsdialog.

Denne situasjonen gjer bibeltekstar aktuelle: «Det dykk gjorde mot ein av desse dei minste brøme mine, gjorde de mot meg». Tilhøvet vårt til dei minste og til dei svakaste avspeglar tilhøvet vårt til Gud. Det dobbelte kjærleiksbodet seier at me skal elska Herren vår Gud av heile hjartet vårt og nesten vår som oss sjølv. Teologi, tru og praksis heng saman.

Mange av flyktningane og asylsøkarane har våga å nærma seg kyrkja og kyrkjelyden gjennom desse aktivitetane.

Ut frå situasjonen til flyktningane i landet vårt og det arbeidet som er gjort i 2015 må me også i 2016 prioritera dette arbeidet høgt.

### **D: Regionalt mål: God samhandling mellom helsevesen og kyrkje, for å sikre retten til åndeleg liv for alle.**

#### **Innleiing**

Plan for diakoni legg opp til styrking av samarbeidet med organisasjonar, helseinstitusjonar og offentlege instansar.

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut eit rundskriv (1-6/2009 Rett til egen tros- og livssynsutøving), som skal sikra at dei som er avhengige av praktisk og personlig bistand frå den kommunale helse- og omsorgstenesta får moglegheiter til tru- og livssynsutøving.

For å sikra at alle får slike rettar, ser me det som naudsynt at diakonar og prestar samhandlar med den offentlige helsetenesta, andre institusjonar og organisasjonar.

#### **Tiltak og resultat**

Me har etablert eit «Samhandlingsforum for kyrkje og helse i bispedømmet», som skal stimulera og støtte opp under lokale samhandlingstiltak, dela erfaringar og drøfta felles utfordringar. Det er også utarbeidd ei rettleiing for palliasjons-kontaktar i kyrkjelydane.

Også blant menneske med ulike utviklingshemmingar blir palliativ omsorg eit stadig større behov. Fleire i denne målgruppa når høgare levealder enn før, og omsorg i slutten av livet betyr mykje. Råd og hjelp til dette er blitt gitt til tilsette ved bufelleskap og i andre tenester.

For å sikra god samhandling mellom helsevesenet og kyrkja arrangerte Kirkerådet, KA og Stavanger bispedømmeråd konferansen «Kirke og helse – et ideseminar om samarbeid og samhandling» på Quality Airport hotel Stavanger den 14-15. januar. Det var 120 deltakarar på denne konferansen.

Ein viktig del av det helsefremmande arbeidet er å utvikla ulike møteplassar eller å stimulera enkeltmenneske til å møtast i ulike grupper eller arbeida saman. Dette var eit viktig fokus på kyrkje - helse konferansen. Samhandlingsforumet i bispedømmet arbeider med å skapa møtestader for å stimulera til og støtte opp under lokale samhandlingstiltak mellom kyrkje og helsetenesta. Me deler erfaringar og drøftar felles utfordringar.

## 2.3.2. Resultatmål: KYRKJA BLIR MEIR TILGJENGELEG PÅ INTERNETT

*Nøkkelindikator: Talet på treff på nettsider*

### Resultat

I 2015 var det 22243 treff på bispedømmet sine nettsider, det vil seia om lag 60 treff pr. dag. Dette er høgere enn 2014, men lågare enn 2013. Nettsida hadde 9568 brukarar.

### Utvikling og analyse

Målformuleringa handlar om i kva grad kyrkja er tilgjengeleg. Det spør etter kor mykje informasjon og interaksjon mellom kyrkja og brukarane som finst på internett.

Indikatoren spør etter kor mykje nettsidene blir brukt. Desse tala vurderer me som tilfredsstillande, særleg sidan mykje av nettsidene våre primært har hatt tilsette som målgruppe. Det er kyrkja sine felles, nasjonale sider som er mest relevante i forhold til generell kyrkjeleg informasjon og som har dei største kyrkjelege nyhenda. Lokale sider er viktigast i forhold til verksemd og arrangement.

Me har sett at det er kontaktinformasjon, informasjon om stillingar og tilsetjingar og ressursar for prestenesta som blir mest brukt på nettsidene.

### Tiltak og resultat

I 2015 hadde me redusert kapasitet til å følgja opp nettsida. Stillingar som til vanleg blir brukt på dette måtte prioritera kyrkjevalet. Me gjorde nødvendige oppdateringar, men lite ekstrainsats.

I løpet av hausten leide me inn ein medarbeidar til å setta opp nettsider etter kyrkja sin nye, fellesmal. Desse nettsidene er nå lanserte, og framover vil me ha normal eller auka kapasitet til drift av nettsidene.

Me ser likevel at i 2015 hadde den begrensa kapasiteten lite å seia for bruken. Bispedømmesida blir ikkje fyrst og framst brukt som nyhendeside, men som kjelde til viktig informasjon. At dei nye sidene er betre utforma som nyhendekanal og meir tilpassa generelle brukarar ser me likevel som eit godt verkøy til meir aktivt informasjonsarbeid.

### Årsplan og risikovurdering for 2015

Me vurderte risikoen for låg administrativ kapasitet til drift av nettsida som låg, men det viste seg at den skulle vore vurdert til svært høg. Å spreia kunnskap om å leggja artiklar på nett til fleire i staben blei ikkje aktuelt, mellom anna sidan me skulle bytta system. Alt i alt meiner me at me prioriterte fomuffig innan dei rammene me hadde, og me har ikkje sett alvorlege følgjer av prioriteringane.

Me har heller ikkje fått arbeidd aktivt med å invitera fleire sokn og fellesråd til å gå over til det felleskyrkjelege systemet. Det er ikkje bispedømmet si primær oppgåve å gjera dette, men både strategisk og praktisk vil me ha nytte av at det skjer.

Tiltaka er framleis aktuelle og er vidareført i årsplanen for 2016.



### 2.3.3. Resultatmål: FLEIRE KYRKJELYDAR ER ENGASJERTE FOR MISJON

*Mål: Fleire kyrkjelydar blir engasjerte for misjon*

*Indikator: Talet på kyrkjelydar med misjonsavtale*

#### Resultat

Det er 129 misjonsavtalar i kyrkjelydane i Stavanger bispedømmes ved utgangen av 2015. Dette er fire avtalar meir enn året før. 124 av dei 129 avtalane er innafør ramma av «Samarbeid Menighet og Misjon» (SMM), dette er fem SMM-avtaler meir enn året før. Alle kyrkjelydane i bispedømmet har minst ein misjonsavtale, bortsett frå nokre få som er i prosess med val av ny avtale.

#### Utvikling

Talet på misjonsavtaler i bispedømmet har vore stabilt dei siste åra. Det finst ikkje indikatorar på at mengda av aktivitetar der avtalane får fokus har auka dei seinare åra. Men dette kan vera fordi det ikkje er utvikla rapporteringsverktøy som målar dette. Ut frå samtalar med kyrkjelydane, kan det sjå ut som det er aukande fokus på dette i mange kyrkjelyder, særleg med tanke på trusopplæring.

#### Tiltak og resultat

Dei to viktigaste kategoriene av tiltak har vore kompetanseutvikling og marknadsføring av materiale. Dette har mellom anna funne stad gjennom samtalar med tilsette i kyrkjelydane, spesielt gjennom møter med trusopplærarar med fokus på misjonsavtalen og korleis han kan brukast i kyrkjelyden sine aktivitetar og fellesskap. Dessutan har me sett fokus på misjon fleire arrangement: Fagdagar for diakonar, medarbeidardagar for trusopplærarar, Ungdomstinget og på ungdomskonferansen UanZ i Jæren prosti, og med stand på forum for trusopplæring. Dette har me gjort for å auka desse målgruppene sin kompetanse på forholdet mellom kyrkjelyd og misjon. Det finst ikkje tal som kan visa om dette har ført til auka misjonsfokus i kyrkjelydane, men det generelle inntrykket er at interessa for å bruka misjonsavtalen meir aktivt i kyrkjelydane har auka.

#### Kommentar til risikovurdering 2015

Delmål A: Når det gjeld om kyrkjelydane har motivasjon og kapasitet til å fokusera på misjonsoppdraget, ser risikovurderinga ut til å ha vore korrekt. I mange kyrkjelyder får misjon liten plass, men det er også stadig fleire kyrkjelyder som viser aukande interesse for misjonsavtalen. Denne risikovurderinga kan sannsynlegvis brukast vidare i planane.

Delmål B: Det er tydeleg at det trengst fleire ressursar knytt til dei ulike misjonsavtalane, så risikovurderinga ser ut til å ha vore korrekt også her. Fleire kyrkjelyder strever med å finna metodar for å setta fokus på misjon i aktivitetane sine. Alvorsgraden kan oppjusterast, sidan å ha gode ressursar i samband med misjonsavtalen er viktig for kyrkjelydane.

#### Vurdering av resultatet

Resultatet er tilfredsstillande ut frå situasjonen i bispedømmet. For det fyrste har alle kyrkjelydar allereie minst ein misjonsavtale. For det andre: Med det sterke fokuset på store reformer dei siste åra, kan ein ikkje forventa at kyrkjelydane samtidig har like sterkt fokus på å få fleire misjonsavtalar og aktivitet rundt desse. At det likevel er aukande interesse for å setta misjon og misjonsavtalen i fokus tyder på at tiltaka gjev resultat.

## Endringar i strategiar og tiltak

Erfaringane frå 2015 tyder på at ein skal fortsetta å fokusera meir på kvalitet i misjonsavtalene enn på kvantitet. Her ligg det eit særskilt ansvar på dei SMM-organisasjonane som har mange avtaler i bispedømmet. Elleser det viktig å satsa vidare på kompetanseutvikling. Kyrkjelydane treng å bli utfordra på kor viktig misjon er og korleis dei kan setta misjon i fokus. I 2016 vil det både bli satsa på nye sokneråd og misjonsutval, og me vil fokusera tematisk på satsingsområde hos organisasjonane som kan vera særleg relevante for kyrkjelydane.



Speidarar på bønemandring i Rossabø kyrkje

## 2.3.4. Resultatmål: FLEIRE TEK DEL I PILEGRIM SARBEIDET

Nøkkellindikator: Talet på arrangement med pilegrimstema og tal på deltakarar

### Innleiing

Pilegrimsarbeid er strategisk i ei tid då den religiøse lengsla er stor, men ikkje alle er aktive i kyrkja. Pilegrimsarbeid handlar om meir enn å leggja til rette for vandringar. Den fornya og spirande pilegrimsørsla kan bera i seg kima til ei fornying i kyrkja og ny-definering av fellesskapet. Ho er open i inngang, men tydeleg i målet sitt. Ho bygger bruer mellom generasjonar og mellom kyrkje og samfunn, lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

### Resultat

For å kunna følge utviklinga i pilegrimsarbeidet, har me dei siste åra sendt ut spørsmål om lokale pilegrimsarrangement til kyrkjelydane. Me har fått ein del tilbakemeldingar, slik tabellen synar, men trur nok at dette er noko som er underinnmeldt.

|  | 2013 |            | 2014 |            | 2015 |            |
|--|------|------------|------|------------|------|------------|
|  | Tal  | Deltakarar | Tal  | Deltakarar | Tal  | Deltakarar |
| <b>Retreat på Utstein pilegrimsgard</b>  | 20   | 139        | 20   | 136        | 20   | 194        |
| <b>Retreat lokalt</b>  |      |            | 2    | 25         |      |            |
| <b>Lokale vandringar</b>   | 22   |            | 20   | 550        | 30   | 706        |
| <b>Vera arrangør/medarrangør ved regionale/nasjonale/internasjonale pilegrimsturar</b> | 2    | 24         | 3    | 101        | 3    | 24         |
| <b>Vera arrangør/medarrangør ved møter, kurs og konferansar om pilegrimsarbeidet</b>   | 2    | 81         | 1    | 21         | 4    | 48         |
| <b>Pilegrimsgudstenester</b>   | 10   |            | 10   | 381        | 10   | 324        |
| <b>Andre arrangement med pilegrimstema</b>   | 7    |            | 10   | 220        |      |            |
| <b>Prosti med pilegrimsarrangement</b>   | 7    |            | 8    |            | 8    |            |

Det har vore ulike pilegrimsarrangement i 8 av dei 9 prostia i bispedømmet. Tala viser ei lita auke i arrangement totalt. Talet på pilegrimsgudstenester held seg konstant, lokale vandringar har auka, mens andre arrangement med pilegrimstema ikkje er melde inn i 2015. Deltaking på retreat aukar relativt mykje.

### Utvikling

Pilegrimsengasjementet er sterkt og synest veksande i bispedømmet, ikkje minst med tanke på kvaliteten på opplegg og lokale vandringar. Me haustar lærdom av erfaringane me gjer i arbeidet, noko som fører til at dei faste tiltaka stadig blir betre. Me opplever auka interesse for retreat på Pilegrimsgarden og større påmelding til dei to årlege regionale vandringane som går over fleire dagar. Fleire kyrkjer har fått sitt eige pilegrims-stempel. Nytt av året ogs'er tilrettelegging av visuell vandring i og utafør Olavskyrkja på Avaldsnes.<sup>10</sup>

---

<sup>10</sup> Sjå [www.olavskirken.no](http://www.olavskirken.no)

## Tiltak og resultat

Ut frå dei tilbakemeldingane me har fått, kan det sjå ut som pilegrimsaktiviteten held seg nokså stabil. Det er ikkje dei store endringane å spora når det gjeld mengd arrangement eller deltakarar. Men resultatet kan likevel tyda på vekst i det lokale arbeidet, sidan det ikkje har vore større tiltak som skapar høge tal, som t.d. nasjonal pilegrimskonferanse eller kystpilegrimsseilas med stor båt dette året.

Me har tru på at arbeidet som er i gang vil veksa, dersom me greier å halda oppe stillingsressursane på feltet.

Å *delta* på vandring, retreat og konferansar gjev inspirasjon og fører til lokalt engasjement. Gode opplevingar blir snakka om, og fleire får lyst til å bli med neste gong. Slik veks dette arbeidet. I 2015 måtte me for fyrste gong seia nei til deltakarar som melde seg til vandringa langs kystpilegrimsleia i Rogaland. Det var mangel på plassar for overnatting som sette grenser for deltakartalet, så me vil gjerne utfordra kommunane langs leia til å leggja til rette for etablering av fleire overnattingsplassar.

## Kommentar til risikovurdering 2015

Det er fleire sokn i bispedømmet som ikkje har fokus på pilegrimstema. Pilegrimsarbeidet er avhengig av at tilsette og frivillige har engasjement og ser mulighetene i dette.

## Endringar i strategiar og tiltak

Me ser inga grunn til endring i strategi, men vil føra vidare utviklinga av tiltaka som fungerer: Retreatar på Pilegrimsgarden, Pilegrimsforum, langvandringar til Stavanger domkirke og Røldal, Kystpilegrimsleia i Rogaland og lokale vandringar.

Me vil arbeida konkret med utvikling av pilegrimsvandringar for barn. Me vil også starta prosjekt med fokus på kyrkjebygget som heilag stad og utvikla materiell som kan hjelpa kyrkjelydane å sjå dei verdiane som ligg i arkitekturen og kyrkjekunsten i deira lokale kyrkje.



Ver-uavhengig pilegrimstur

## 2.3.5. Resultatmål: STYRKE KYRKJA SIN INNSATS I DIALOGARBEIDET

*Nøkkelindikator: Talet på møtepunkt der kyrkja medverker*

### Innleiing

Dialogarbeid er eit satsingsområde. Samarbeidet med Dialogsenteret er forankra i bispedømmet sin årsplan. Målformulering og indikator står ikkje i årsplanen, men gjev uttrykk for intensjonane om samarbeid mellom Dialogsenteret og kyrkjelydane.

I denne årsrapporten vil me fokusera særskilt på verksemda ved dialogsenteret.

### Om arbeidet ved dialogsenteret

Kirkelig Dialogsenter Stavanger har hatt eit godt år, med høg aktivitet på fleire område.

Dialogsenteret er kyrkja sitt organiserte arbeid for å fremja dialog om tru, vennskap og kjenskap på tvers av livssyn. I mangfaldssamfunnet er dette ei av kyrkja sine viktige oppgåver i vår tid.

Det er i alt åtte kyrkjelydar som på ulikt vis har samarbeidd med Dialogsenteret og Areopagos i 2015: Eigerøy, Sola, Hinna, Revheim, Madlamark, Rennesøy, St. Petri og Domkyrkja. St. Petri har i tillegg til månadlege dialogmessa misjonsavtale med Areopagos. Domkyrkja samarbeider med Dialogsenteret og Areopagos om faste samlingar med kristen meditasjon i Bispekapellet.

Stavanger bispedømmeråd, Areopagos og Stavanger kyrkjelege fellestråd stifta Dialogsenteret i 2012, og er representerte i styret. Senteret arbeider langs tre hovudspor:

- Samarbeid og dialog med tros- og livssynssamfunn, i stor grad gjennom Samarbeidsrådet for Tros- og Livssynssamfunn (STL) i Stavanger-regionen. I 2015 har det vore samarbeidd om åtte opne dialogkveldar med ulike tema, to seminar, ein fredskonsert i Domkirken (som trakk fullt hus), og ei ungdomskonferanse mot ekstremisme, med 55 deltakarar frå ulike livssyn, der dei fleste var under 35 år. Dialogkveldane vekslar mellom Sølvsberget Kulturhusi Stavanger og lokala til ulike tros- og livssynssamfunn.  
I tillegg til disse opne arenaene har det vore satsa mykje på den bilaterale dialogen mellom kyrkja og muslimane. Dialogprest og imam har saman vore med på samlingar i kyrkjelydar og regi av andre aktørar, der dei saman har presentert skilnadar og fellestrekk mellom islam og kristendom.
- Samarbeid og dialog med nyandelege miljø, til dømes gjennom Alternativmessa, seminar og kurs. Den eine dialogpresten har bakgrunn frå og godt kjenskap til alternativmiljøa. Hohar halde foredrag og ulike dialogaktivitetar inn mot dette miljøet.
- Kontemplasjon og kristen meditasjon. I samarbeid med Areopagos Rogaland og Domkirken blir det invitert til kristen meditasjon 8-10 gonger kvart halvår i Bispekapellet, med 10-15 deltakarar kvar gong. I tillegg har Dialogsenteret gjennomført ti dialogmessa i St. Petri kirke i 2015.

### Organisering og utvikling

Dialogsenteret er ei fast verksemd organisert som ei eiga foreining. Stavanger bispedømmeråd og Areopagos har to medlemmer kvar i styret, og Stavanger kyrkjelege fellestråd har eit medlem. Alle tre eigarane bidreg med tilskot med ei prosentvis fordeling på 20-20-10. Dette utgjorde i 2015 i alt 325 000 kroner. Stavanger kommune og Sandnes kommune bidrog i 2015 med 400 000 og 50 000 kroner kvar. Fylkestinget vedtok i desember å bidra med 100 000 kroner i 2016. Kulturdepartementet gav hausten 2015 350 000 kroner til Dialogsenteret.

Utviklinga frå 2012 har vist ein jamn vekst, både i forhold til økonomi, stillingsressurs (frå 50 % til 150 % stilling) og i forhold til verksemda: Samarbeid med kyrkjelydar, trus- og livssynssamfunn og andre aktørar.

## **Tiltak og resultat**

Eit av dei viktigaste enkeltprosjekta i 2014-15 har vore «Ung Dialog». Ungdomsrådet i Stavanger bispedømme markerte i 2013 eit klart ønske om å satsa på og utvikle dialogprosjekt, og Dialogsenteret følgde opp med å etablera «Ung Dialog».

Ni ungdomar frå dei tre største livssynssamfunna i bispedømmet gjennomførte eit kurs i dialog om tru og samhandling. Dei har lært av kvarandre - og har tatt sine erfaringar med seg inn i skuleklassar. I 2015 har ein planlagt eit nytt kurs med start vinteren 2016.

Saman med det lokale Samarbeidsrådet for Trus- og Livssynssamfunn (STL) har Dialogsenteret arrangert åtte dialogkveldar og to seminar i 2015, med ulike tema. Me har mellom anna hatt ein eigen serie under vignetten «Dette tror vi på», der ulike livssynssamfunn har fått høve til å presentera seg sjølv som utgangspunkt for dialog. I snitt har det vore rundt 20 deltakarar på desse kveldane i 2015.

I tillegg til månadleg dialogkveld er det dialogmesse i St. Petri første torsdag i kvar måned. Her samarbeider Dialogsenteret med Kirkens Bymisjon m. fl., under konseptet «Hver Torsdag» i St Petri, der ein kombinerer måltid, meditativ messe og tekstdialog. I snitt har det vore rundt 35 deltakarar i 2015.

Dialogsenteret inviterer saman med Areopagos til Kristen Meditasjon i Bispekapellet. I snitt har det vore rundt 10-12 deltakarar i 2015, med 8-10 samlingar i halvåret.

## **Vurdering av resultatet**

Resultatet er tilfredsstillande ut frå dei ressursar ein har til disposisjon. At ein nå og er i gang med vidareføring av prosjektet «Ung Dialog» er eit viktig bidrag for å nå målet om at fleire kyrkjelydar blir engasjerte for dialog.

## **Endringar i strategiar og tiltak**

For 2016 blir det planlagt eit nytt Ung-Dialog-kurs, der ein søker eit nærare samarbeid med enkeltkyrkjelydar og kristne ungdomsorganisasjonar, slik at erfaringane frå Ung Dialog blir knytt sterkare opp til kyrkja sitt ungdomsarbeid. Det er ei utfordring å rekruttera deltakarar til Ung Dialog, også kristne ungdommar. Frå hausten planlegg Dialogsenteret å utvida ungdomssatsinga ved å bygga opp eit fastare ungdomsnettverk for dialog.

For Dialogkveldane vil Dialogsenteret i 2016 halda fram med å veksla mellom samlingar i Kulturhuset og besøk i kvarandre sine heilage rom.

Frå hausten 2016 vonar Dialogsenteret at det kan utviklast eit tilbod om kursing i dialogarbeid til enkeltkyrkjelydar: Korleis bli ein dialogkyrkjelyd? Her vil me bygga på erfaringar frå Dialogsenteret i Oslo.

## 2.3.6. Resultatmål: DEN NORSKE KYRKJA SKAL VERA ORGANISERT I SAMSVAR MED DEMOKRATISKE PRINSIPP OG VERDIAR

*Nøkkellindikator: Valdeltaking og kjønnsfordeling i valde råd*

### Vurdering av samanhengen mellom mål og indikatorar

På dette området er det ein viss avstand mellom målformulering og resultatindikatorar.

Valdeltaking er ein viktig indikator på aktiv oppslutning om kyrkjedemokratiet, men har også nokre grenser. Kor god informasjonen til veljarane er og kor godt valet er kjent er også viktige deler av demokratiet. Dessutan er det viktig i eit demokrati i kva grad det veljarane gjer i valet gir dei reell påverknad på det dei ønskjer.

Sidan nasjonale undersøkingar viser at valet er godt kjent, er eit grunnleggjande demokratisk behov dekkja, og sidan ordningane for valet er opne og transparente, blir også demokratiet tatt vare på, på systemnivå. Det er likevel ei utfordring at mange ikkje delteki valet. Mange leverer også uretta lister, noko som tyder på at dei stiller seg nøytrale til kva personar som skal veljast. Dermed seier dei kanskje noko om informasjon, kor mange alternativ som finst og i kva grad valet rører ved saker som engasjerer dei.

Den reelle kjønnsbalansen er eit ytre mål på likestillinga mellom kjønn i kyrkja. Ordningane sikrar dette så langt dei kan, med krav om balansert representasjon av begge kjønn på listene. Resultatet etter dette er opp til veljarane. Tiltak frå administrasjonen verken kan eller skal påverka den siste og viktigaste delen av prosessen, den høyrer til kyrkjemedlemmane.

### Analyse av resultatet

Her er oversikt over valdeltakinga i 2011 og 2015

|                      | Totalt |        | MR-val |        | BDR-val |        |
|----------------------|--------|--------|--------|--------|---------|--------|
|                      | 2015   | 2011   | 2015   | 2011   | 2015    | 2011   |
| Stavanger bispedømme | 15,9 % | 13,2 % | 15,2 % | 13,1 % | 14,5 %  | 11,5 % |
| Den norske kyrkja    | 16,7 % | 13,5 % | 15,7 % | 13,4 % | 15,1 %  | 10,6 % |

Auka i prosentpoeng er ikkje så synleg her, men auka i prosent er stor. Det var 20 % fleire deltakarar ved kyrkjevalet i 2015 i bispedømmet. Auka var størst for bispedømmerådsvalet. Totalt deltok 43 427 personar ved eit eller begge av vala.

Valrådet hadde eit mål om deltaking over 15 prosent, og dette målet er nådd. Det er vanskeleg på førehand å fastslå kva som vil vera eit realistisk, passe ambisiøst og oppnåeleg mål, så forholdet mellom måltal og resultat er både påverkeleg, tilfeldig og komplisert å fastsetta. Me er nøgde med ei auke, men ønskjer oss likevel høgare valdeltaking i framtida, sjølv om me også kjenner til at det er eit utfordrande mål.

Som før er valdeltakinga låg i forhold til politiske val, i forhold til talet på medlemmer og til deltakarar i dåp, konfirmasjon og gravferd. Tala er høge i forhold til kor mange prosent som går på gudsteneste. Som før er skilnaden mellom prosentvis valdeltaking i distrikta og i byane gjennomgåande. Dette spelar truleg også inn på nasjonalt nivå, som ein del av forklaringa på variasjonar mellom bispedømme. Aktivt informasjonsarbeid og aktiv valkamp i nokre bispedømme har likevel også truleg gitt utslag på deltakardelen.

KIFO har tidlegare peika på at veljarar avgjer om dei skal stemma ut frå om det står noko på spel i valet som engasjerer dei. Mange opplever truleg at det som er viktig for dei med kyrkja ikkje står på

spel i valet. I undersøkingar har også fleire sagt at dei overlèt kyrkjepolitiske spørsmål til andre som er meir aktive i kyrkja, og at det kan vera vanskeleg å stemma viss informasjonen er uklar eller vanskeleg tilgjengeleg.

I Stavanger bispedømme arbeidde nominasjonskomitéen aktivt for å sikra balansert representasjon av kandidatar med ulike syn på par av same kjønn. Fleire av dei i kyrkja som har vore tydelegast på «Åpen folkekirke» si linje, blei plassert høgt oppe på lista. Åpen folkekirke valde å ikkje stilla eiga liste i Stavanger bispedømme.

Dei nasjonale tala viser at der det har vore tydeleg polarisering og aktiv valkamp mellom dei to listene har valdeltakinga blitt høgare. Stavanger og Bjørgvin ligg klart i nedre sjikt for valdeltaking på bispedømmenivå. Ved oppteljinga av stemmer, såg me at dei ulike gruppene i valet si anbefaling av kandidatar var ein viktig faktor for mange veljarar, og dei tre som sto øvst på både «Åpen folkekirke» og «Levende folkekirke» sine ønskelister blei valde inn i bispedømmerådet.

I samband med dette såg me også at det var viktig at ordninga begrensa talet på kryss kvar veljar kunne setta. Høve til å setta fleire kryss ville kunne gjeve eit resultat som ikkje spegla veljarane sine ønske like godt.

Samtidig kan ein ut frå erfaringar med talet på blanke stemmesetlar og kor fort mange les veljarveggleiing også spørja om ein del av dei som leverte blanke lister ikkje var klare over at det ville betylik støtte til alle kandidatar, og trudde dei støtta dei kandidatane som sto øvst.

I bispedømmerådet blei det valt inn fire kvinner og fem menn. Med ein mann som biskop gjev det eit råd med lik kjønnsfordeling. Nominasjonskomitéen valde å setta kvinner og menn på annakvar plass på lista. Det er brei oppslutning i alle deler av kyrkja i Rogaland om å sikra god kjønnsrepresentativitet.<sup>11</sup>

## **Samanheng mellom tiltak og resultat**

Informasjonsarbeidet rundt bispedømmerådsvalet var nokså likt som i 2011. Ut frå personalsituasjonen i administrasjonen måtte me prioritera ressursane stramt, slik at det var lite rom for ekstra tiltak.

Det nasjonale informasjonsarbeidet, valkort og lokal informasjon i kyrkjelydsblad har derfor vore viktige for det regionale valet. Media viste interesse for valet, slik at det kom informasjon i kanalar med stort nedslagsfelt.

Det er framleis ei utfordring for kyrkjevalet med kjennskap til dei enkelte kandidatane. Særleg er dette ei utfordring på soknenivå, der veljarane ofte har lite informasjon å handla ut frå, kan ha problem med å finna fram til informasjon, og der informasjonen ikkje alltid svarar på det veljarane lurar på.

På soknenivå kolliderer ulike omsyn i valet. I Stavanger bispedømme veit me at å måtta vera tydeleg på eiga haldning til likekjønna samliv vil vera utfordrande for mange som elleskan tenkja seg å stilla til soknerådval. Det gjeld både dei som ønskjer å opna for dette og dei som vil følgja tradisjonen. Omsynet til rekruttering av kandidatar og informasjon til veljarane står derfor i konflikt. I og med at det er utfordrande mange stader å få nok kandidatar, er mange varsame med å setta fokus på kontroversielle spørsmål.

---

<sup>11</sup> Det ville også vore interessant å sjå på kjønnsrepresentativitet i sokneråd, men me har ikkje hatt kapasitet til å telja opp dette manuelt.



Dette ville skapt demokratiske problem på systemnivå viss det var indirekte val til bispedømmeråd hos oss. Då ville ein logisksett endt med at politiske spørsmål det etter kyrkja sine ordningar ligg til dei folkevalde å avgjera, ville kunna blitt avgjort av representantar med skjulte standpunkt i den aktuelle saka.<sup>12</sup>

## Kommentar til risikovurdering 2015

Årsplan 2015 fokuserte på kvalitetssikring av lokalt valarbeid og informasjon. Me fekk ingen klager som måtte takast til følgje.

Me ser at informasjon om kandidatar er ei hovudutfordring for kyrkjevalet, med moderate negative følgjer når ikkje alt er på plass. Det vil sjeldan gjelda den grunnleggjande openheita i valet, men nokre avgrensa dimensjonar ved det.<sup>13</sup>

## Endringar i strategiar og tiltak

Sidan det ofte ikkje er fleire kandidatar til sokneråd enn det som trengst for å fylla plassane som medlemmar og varamedlemmar, er veljarane sine valmoglegheiter til dels begrensa. Det ville vore mogleg ut frå situasjonen å vurdere om valordningane burde tatt omsyn til skilnaden mellom lokaldemokratiet i sokna og det meir politiske demokratiet på høgre nivå i kyrkja.

Kanskje kunne ein hatt enklare ordningar og val i mindre skala i sokna. Det ville spart dei lokale kyrkjelydane for mykje arbeid om val av sokneråd likna meir på andre val av tillitsvalde i lokale, frivillige organisasjonar enn på val av kommunestyre, fylkesting og Storting. I og med at ein verken i 2009, 2011 eller 2015 har hatt mange tilfelle av politisk spissa val på lokalnivå, kan det vera grunnlag for å vurdere dette. Då måtte ein samtidig sikra at dei felles, meir politiske spørsmåla i kyrkja blei avgjort gjennom val i større skala, likordningane for kyrkjeval i dag, på regionalt og nasjonalt nivå.

I 2016 vil arbeidet for kyrkjedemokrati handla om det daglege arbeidet i råda, samarbeidet mellom råd og administrasjon, informasjon om råda si verksemd og bidrag til nasjonale prosessar som vidareutviklar kyrkjeorganisering og kyrkjedemokrati.

---

<sup>12</sup> Talspersonar for indirekte val har nokre gongar argumentert for dette ut frå ein agenda om å påverka politiske resultat gjennom at representantar blir valde av sokneråd, som representerer andre synspunkt enn veljarar generelt. Det er ofte uttrykk for eit kyrkjesyn der kyrkjelege spørsmål bør avgjerast av aktive medlemmer som høyrer til ein bestemt tradisjon.

Eit slikt kyrkjesyn kan det også vera relevante argument for, men det kjem likevel i konflikt med intensjonane i demokratireforma og eit kyrkjesyn der alle døypete har lik rett til å delta i kyrkjepolitiske prosessar. Kyrkja har vore tydeleg på at det er dei siste perspektiva som skal liggja til grunn for ordningar for kyrkjeval.

<sup>13</sup> Det finst minst like store utfordringar ved det politiske demokratiet, der ei stemmekvart fjerde år ligg til grunn for eit mangfald av ulike avgjerder, som i omfang går mot uendeleg.

## 2.4 Fleire får lyst til å jobbe i kyrkja

### 2.4.1. Resultatmål: REKRUTTERINGA TIL VIGSLA STILLINGAR BLIR STYRKA

Nøkkelindikator: Talet på vigslingar

#### Samsvar mellom mål og indikator.

Talet på vigslingar dekkjer ikkje alt som gjeld rekruttering til vigsla stillingar. Problemfeltet er vidare, og vigsling er bare slutt punktet i ein lang prosess med utdanningsval, val av jobb etter utdanning og vigsling. Kyrkja si utfordring er å rekruttera nok medarbeidarar til å gjera dei oppgåvene dei vigsla stillingane skal utføra. Innafor dette er det viktig å sikra seg kompetente medarbeidarar som identifiserer seg med kyrkja sitt oppdrag, slik vigsling er eit uttrykk for.

Mengda vigslingar heng sjølv sagt også saman med ledige stillingar og kor mange nye som trer inn i dei, som ikkje er vigsla enno.

Me har ikkje systematisk oversikt over tilsettingar og ledige stillingar i sokna og fellesråda. Me har likevel generell kjennskap til situasjonen for dei ulike stillingskategoriane.

Dei beste indikatorane på dette området hadde truleg vore vakante stillingar i dei ulike kategoriane, ikkje-vigsla medarbeidarar i kvar gruppe og talet på studentar under utdanning til dei ulike tenestene. I tillegg er det relevant med kor mange i kvar utdanningsgruppe som er i andre typar arbeid. Det er det vanskeleg å ha oversikt over, sjølv om det i prinsippet er målbart.

#### Resultat og analyse

Her er oversikt over vigslingar dei fem siste åra.

|           | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Sum |
|-----------|------|------|------|------|------|-----|
| Kateketar | 1    |      | 1    |      | 1    | 3   |
| Prestar   | 5    | 7    | 4    | 3    | 7    | 19  |
| Kantorar  | 7    | 1    | 2    | 1    |      | 10  |
| Diakonar  | 1    | 2    |      | 2    | 1    | 5   |

Det er flest prestestillingar i bispedømmet, og også flest ordinasjonar av prestar. Mange organistar som ikkje var vigsla blei vigsla til kantorar i 2011. Det er få vigslingar til kateket, og me veit at det er vanskeleg å rekruttera kateketar. Fleire tek vidareutdanning mens dei er i jobb.

Det er også få vigslingar av diakonar og kantorar. Begge stillingsgruppene blir gjerne lenge i stillingane sine, og bytter mellom kyrkjelydar når dei skifter jobb.

Me har for tida større interesse for prestestillingar enn dei me kan tilby jobb til. Me lyste ut og tilsette i 10 prestestillingar frå desember 2014 til desember 2015. 30 prosent av både søkjarar og tilsette var kvinner.

Me veit at mange prestar vil gå av med pensjon i tida som kjem. Det blir ikkje kritisk dei fyrste åra, men kan bli svært utfordrande på sikt om ikkje det står nye klare til å ta over.

## Tiltak, resultat og vegen vidare.

I 2015 har me rydda i kateketstillingane med statlege tilskot. Det skal vera ein tydeleg skilnad på dei som er kvalifiserte som kyrkjelydspedagog, og dei som har full utdanning som kateket. Me ser at fleire av dei som er kyrkjelydspedagog i kateketstilling nå tar vidareutdanning. Dette er eit viktig rekrutteringstiltak i forhold til vigsling og utvikling av undervisningstenesta.

Nokre av desse møter praktiske vanskar med å kombinera arbeid og utdanning, og det verkar demotiverande for å gå heile vegen mot vigsling. Til dømes er kort varsel om obligatorisk undervisning utfordrande for arbeidande fjernstudentar som driv langtidsplanlegging og er nøkkelpersonar lokalt. Formelt baserte krav til ekvivalering kan også fungera som hindringar. Her ønskjer me oss meir gjennomførbare utdanningsløp frå utdanningsinstitusjonane, og har mellom anna tatt dette opp i samtalar med VID Misjonshøgskolen.

I bispedømmet har me ein relativt stabil masse av om lag 20 vigsle kateketar, med lang erfaring og gode kvalifikasjonar. I 2015 hadde biskopen ein samling for dei vigsle kateketane. Å styrkja kateketane si rolle vil kunne vera rekrutterande på sikt. Katekettenesta er viktig som fagleg ressurs for kyrkja.

Også diakonar som blir tilsette utan diakonkompetanse blir oppmoda til å ta vidareutdanning og bli vigsle diakonar.

Når det gjeld kyrkjemusikarstillingane, har me har lenge sett behov for å arbeida strategisk og langsiktig for å rekruttera til studium og stillingar. Dette har vore tema på samlingar for kyrkjemusikarar, sokneråd og tilsette. Fleire kyrkjemusikarar gjev nå orgelundervisning. Fire kantorar har også starta ein orgelklubb for born. Det skal ikkje så mange deltakarar til før ein kan ha nye kantorar på sikt.

Me har vidareført dei same tiltaka for rekruttering av prestar som tidlegare. Me arrangerer forum for teologistudentar, har ei annonse i utdanningsmaterieell med brei distribusjon til skuleelevar, satsar på VTP, tek del i karrieredag på Misjonshøgskulen, gir vegleiing til personar som er interesserte i presteneste som «second career» og har hatt lokalt rekrutteringsarbeid som sak på prostemøte.

Me trur også at den nye arbeidstidsordninga for prestane vil verka positivt på rekruttering. Den ikkje heilt ugrunna frykta for å at det kan vera vanskeleg å setta grenser for arbeidet har me møtt hjå fleire potensielle prestar og som ein risikofaktor for prestar i teneste. Den nye ordninga tryggar prestane på at arbeidstida skal vera overkommeleg og likandre arbeidstakarar.

For nokre prestar vil opphevinga av buplikta vera eit positivt rekrutteringstiltak. For andre vil det vera ei utfordring å søka stillingar sentralt, på grunn av høge bustadprisar. Denne utfordringa bør likevel ikkje overdrivast, fordi det også er mange typar bustadar tilgjengeleg sentralt. Endringa vil likevel føra til at fleire prestar ikkje lenger bur i soknet, og det har nokre faglege ulemper.

Betre løn kan også verka positivt på rekruttering, viss det fører til at fleire kjenner tenesta blir verdsett, og dei opplever løna som rettferdig i forhold til utdanning, ansvar og samanliknbare stillingar. Likevel er framleis presteneste eit yrke der meningsinnhaldet og gleda i arbeidet er den viktigaste rekrutteringsfaktoren.

Frå VID Misjonshøgskolen høyrer me at mange teologistudentar ikkje har bakgrunn frå Den norske kyrkja. Når dei store kristne ungdomsmiljøa i bispedømmet ikkje er kyrkjelege, betyr det også noko for rekrutteringa. Logisk sett betyr det anten at me treng å etablera tettare kontakt med miljø som reint faktisk motiverer til teneste, skapa fleire slike miljø sjølv eller rekruttera frå nye grupper som tradisjonelt ikkje har blitt prestar. Alle tiltaka kan vera relevante.

Då Maria Pedersen blei ordinert på Avaldsnes 10. januar i 2016 var ho den tiande frå same ten-sing miljø som blei prest. Det er ein stor ressurs å ha slike miljø, og dei treng me fleire av. Godt lokalt kyrkjeleg bame- og ungdomsarbeid er kanskje det viktigaste verkemidlet til rekruttering til alle typar kyrkjelege stillingar, og at me nå har rekrutterings-utfordringar kan tyda på at me til nå ikkje har fått til å satsa nok på dette.

### Risikovurdering og årsplan

I årsplanen for 2015 ser me at me er i det raude området av risikoskjemaet. Det speglar at rekrutteringsutfordringa er stor og viktig. Me er langt frå den einaste aktøren som skal bidra til å løysa dette, men eit viktig spørsmål for oss framover er i kva grad me maktar å prioritere ungdomssatsing i kyrkjeleg verksemd.

I strategien vår har me vedtak og intensjonar som siktar mot dette, men det er ei utfordring å få det til i praksis, sidan det inneber at me kan måtta omdisponera ressursar i form av arbeidskraft, tid og økonomi som i dag går til andre ting som også har verdi. Mange av ressursene er vanskeleg flyttbare, fordi dei er bundne til stillingar som har andre vesentlege oppgåver.

Årsplanen for 2016 vidarefører tiltakfrå 2015, men med eit tillegg om at det er viktig å kvalitetssikra innføringa av arbeidstid for prestar. Det påverkar omdømmet til kyrkja som arbeidsgjevar. Dessutan planlegg me å utarbeida nye ressursar til konfirmantarbeid, noko som på sikt kan ha effekt på ungdommar sin relasjon til kyrkja.



Tilsynsmann i Metodistkyrkja, Øyvind Helliesen, Maria Pedersen og biskop Erling J. Pettersen på ordinasjonsdagen.

## 2.4.2. Resultatmål: FLEIRE BLIR ENGASJERT I FRIVILLIG TENESTE I KYRKJA

Nøkkelindikator: Tal på frivillige

### Innleiing

Me har som mål å ha motiverte og kompetente lønna og ulønna medarbeidarar på alle nivå. Dei frivillige er den viktigaste ressursen i kyrkja, og må takast godt vare på. Frivillig medarbeidarskap krev eit målretta arbeid, både når det gjeld rekruttering, opplæring og oppfølging.

Arbeid med frivillige er eit tverrgående perspektiv i bispedømmet si verksemd. Det gjeld både gudsteneste, trusopplæring, kultur, inkludering og diakoni.

Det har skjedd ei endring i frivillig sektor dei siste åra. Dei frivillige har høgare krav til at oppgåvene skal passa med individuelle ønske, ta lite tid og vera ein god match for eigne personlege interesser. Det kan vera vanskeleg å få folk til tyngre oppgåver og meir omfattande verv. Det er ei trend å gje pengar framfor tid.

Frivillig arbeid kan også stå i fare for å bli ein arena for dei ressurssterke. Personar med låg inntekt, utdanning og svak tilknytning til arbeidsmarknaden fell oftare utanfor, og kan svara at dei ikkje er med fordi dei ikkje er blitt spurte. Dei eldre held mykje av det frivillige arbeidet i gang, mens ungdom fell frå. Særleg gjeld dette unge menn, som tek ei frivillighetspause mellom 19-årsalderen og småbarnsfasen i midten av 30-åra. Dette skjer ikkje i same grad blant kvinnene.

Her er prostivis utvikling i tal på frivillige medarbeidarar.

| Prosti            | medl           | totalt        | gudstj       | barn         | ungdom       | diakoni      | kultur       | utvalg       | annet      | % av medl |
|-------------------|----------------|---------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|------------|-----------|
| Dalane            | 18 291         | 718           | 419          | 177          | 151          | 151          | 54           | 211          | 68         | 3,9       |
| Domprostiet       | 42 254         | 1 483         | 792          | 193          | 145          | 549          | 121          | 339          | 116        | 3,5       |
| Haugaland         | 44 170         | 1 496         | 327          | 516          | 235          | 274          | 148          | 262          | 115        | 3,3       |
| Jæren             | 52 803         | 2 334         | 989          | 760          | 426          | 290          | 151          | 378          | 128        | 4,4       |
| Karmøy            | 33 993         | 1 584         | 687          | 303          | 160          | 335          | 112          | 343          | 94         | 4,6       |
| Ryfylket          | 20 554         | 1 073         | 430          | 231          | 233          | 234          | 127          | 178          | 67         | 5,2       |
| Sandnes           | 50 969         | 1 703         | 778          | 484          | 338          | 203          | 128          | 301          | 112        | 3,3       |
| Tungenes          | 34 003         | 1 670         | 713          | 585          | 262          | 378          | 242          | 300          | 109        | 4,9       |
| Ytre Stavanger    | 46 093         | 1 391         | 581          | 415          | 287          | 355          | 263          | 294          | 113        | 3         |
| <b>SUM 2015</b>   | <b>343 130</b> | <b>13 452</b> | <b>5 716</b> | <b>3 664</b> | <b>2 237</b> | <b>2 769</b> | <b>1 346</b> | <b>2 606</b> | <b>922</b> |           |
| Sum 2014          |                | 13 160        | 5 597        | 3 596        | 2 186        | 2 193        | 1 116        | 2 532        | 2 676      |           |
| <i>differanse</i> |                | 292           | 119          | 68           | 51           | 276          | 230          | 74           | -1 754     |           |

### A: Gudsteneste

Involvering er ei av kjemeverdiane i gudstenestereforma. Den grunnleggjande involveringa skjer når heile kyrkjelyden tek aktivt del i gudstenestefeiringa. Samtidig er det eit mål at fleire blir involverte i førebuing og gjennomføring av gudstenestene. Når frivillige medarbeidarar i ulike generasjonar og frå breidda av lokalsamfunnet blir involverte, blir gudstenestene også meir stadeigne.

I tidlegare undersøkingar har me sett at god involvering aukar gudstenestedeltakinga

Resultatet frå 2015 viser auka involvering av frivillige medarbeidarar, frå 5597 i 2014 til 5716 i 2015, ei auke på 119.

I tala for frivillige ser me framleiskjende kulturelle forskjellar mellom ulike delar av bispedømmet. Den frivillige innsatsen er størst på Nord-Jæren og noko mindre i bispedømmet sine grenseområde i alle retningar.

Me ser likevel at potensialet for å involvera og invitera folk med på gudstenester ikkje blir fullt utnytta.

Me ønsker derfor å utvikla ressursmateriell for å involvera frivillige i gudstenesta. Korleisvarierer med dei ulike faggruppene i kyrkja. Til dømesvil det vera viktig å motivera kyrkjemusikarar til å arbeida systematisk med å involvera lokale songarar og musikarar

### B: Trusopplæring

Utbygging av eit kvalitativt godt tilbod til alle døypte mellom 0–18 år krev brei involvering og planmessig innsats med frivillig medarbeidarskap. Dette er eit av dei viktigaste tiltaka for å kunne tilby trusopplæring for alle døypte.

I 2014 var 3 596 frivillige med i barnearbeid og 2 186 med i ungdomsarbeid. I 2015 har me hatt ei lita auke i begge gruppene, på 68 og 51 frivillige. Åra før har og vist ein liten auke i tala.

Det er grunn til å tru at veksten heng saman med trusopplæringsreforma og det auka omfanget av tilbod til barn og unge i kyrkjelydane. Det er framleiseit sterkt behov for nye frivillige medarbeidarar for å kunne gjennomføra den opptrappinga reforma legg opp til.

På bakgrunn av at me veit det er ei generell utfordring i samfunnet å rekruttera frivillige medarbeidarar, også av større strukturelle grunnar som gjer at mange har mindre ledig tid, er veksten gledeleg. Kanskje peikar han på kva kyrkja betyr lokalt, og på at mange gjerne engasjerer seg i kyrkja sitt arbeid for barn og unge.

I 2014 blei dei siste prostia med i trusopplæringsreforma i full skala. I oppstarten er det sterkt fokus på frivillig medarbeidarskap. På dei ulike kursa, i plangodkjenning, årsrapportsamtalar, fagsamlingar og på visitas blir dette lyfta fram som avgjerande. Lokalt legg også kyrkjelydane vekt på dette, sjølv om dei også gjev melding om at det er krevjande arbeid.

Når alle sokna nå er fasa inn, må me finna nye arenaer for å halda oppe det same trykket som før. Frivillig medarbeidarskap blir også viktig i satsinga på konfirmasjon.

### C: Inkluderingsarbeidet

Dei frivillige spelar ei viktig rolle i arbeidet med inkludering. Me finn dei mellom anna i det kontinuerlige arbeidet i klubbar, lørdagskaféar, speidararbeid og weekendarbeid. Nokre stader er dette arbeidet drive heilt og fullt av frivillige, både innholdsmessig og administrativt, men oftast er og kyrkjeleg tilsette involverte og i leiarsfunksjon. Diakonane spelar ei viktig rolle i oppfølging og samspel med dei frivillige.

I årsstatistikken finn me desse under rubrikkane «frivillig diakoni» og «frivillig annet», men det er vanskeleg å henta heilt eksakte tal ut av dette.

Me veit at dei frivillige gjev kontinuitet i arbeidet, er svært trufaste og blir lenge i oppgåvene. Dei har sterk omsorgsevne er stolte over deltakarane og arbeidet. Fellesskapet mellom frivillige og tilsette er godt, og teama har høg trivsel, godt samhald og inspirerer kvarandre.

Det blir arrangert leiarsamlingar på bispedømmeplan for frivillige i inkluderingsarbeidet. Rådgjevarane besøker arbeidet og deltek på leiarsamlingar lokalt, og det reiser både frivillige og tilsette på HEL-konferansar.

Rekruttering av nye frivillige skjer i stor grad gjennom personleg kontakt og spørsmål frå dei som driv arbeidet.

Me ser og at både weekendarbeidet og Solgården-prosjektet er viktig for rekruttering av frivillige, og for god trening, praksis og oppfølging for desse. Dette blir viktig å satsa målretta på vidare.

### D: Diakoni

I 2015 var det også ein oppgang i talet på frivillige i det diakonale arbeidet i bispedømmet.

Diakonane i kyrkja er ein viktig faglig ressurs for den frivillige tenesta i kyrkja. Dei prostia som ikkje har diakonstillingar har få frivillige.

Ei av årsakene til at det har blitt ein vekst i frivillige i diakoni, kan vera tiltaka mange kyrkjelydar har sett i gang for å inkludera flyktningane og asylsøkarane som kom til regionen vår i løpet av 2015.

God frivillig teneste skapar eigarforhold til tenesta og kyrkjelyden. Det er viktig at dei tilsette ikkje tek for stor plass, slik at dei frivillige bare får vera med å gjere det dei tilsette har tenkt. Mange blir motiverte av å vera med på heile prosessen og har veldig mykje å bidra med.

### Kultur

Der er også fleire frivillige som er engasjert i dei ulike kyrkjelydane sitt kulturarbeid. Når me ser at det er rapportert 752 kulturarrangement i regi av dei ulike kyrkjelydane, med eit publikum på 83 674 veit me at frivillige her er med på mange nivå. Dei er med i både planlegging og gjennomføring av dei mange arrangementa.

Me ser at det er ei auke i talet på frivillige på kulturfeltet på meir enn 20 %. Det er også ei auke på prosenten frivillige innan kyrkjeleg kulturarbeid av frivillige totalt. I 2014 var det 8,5 prosent, mens det i 2015 var 10 %. Når me ser på kor mange som er frivillige innan kulturfeltet av talet på medlemmar i dei ulike prostia. Ytre Stavanger peiker seg ut med ein markant auke på nær 90 %. Elles ser me at og Tungenes ligg høgt på talet på frivillige.

| Prosti                | 2014 2015 |       | Talet på   |                   |                             |
|-----------------------|-----------|-------|------------|-------------------|-----------------------------|
|                       |           |       | differanse | frivillige totalt | % av ant frivillige, kultur |
| <b>Dalane</b>         | 72        | 54    | -18        | 718               | 7,5                         |
| <b>Domprostiet</b>    | 168       | 121   | -47        | 1483              | 8,2                         |
| <b>Haugaland</b>      | 135       | 148   | 13         | 1496              | 9,9                         |
| <b>Jæren</b>          | 91        | 151   | 60         | 2334              | 6,5                         |
| <b>Karmøy</b>         | 79        | 112   | 33         | 1584              | 7                           |
| <b>Ryfylke</b>        | 101       | 127   | 26         | 1073              | 11,8                        |
| <b>Sandnes</b>        | 142       | 128   | -14        | 1703              | 7,5                         |
| <b>Tungenes</b>       | 189       | 242   | 53         | 1670              | 14,5                        |
| <b>Ytre Stavanger</b> | 139       | 263   | 124        | 1391              | 19                          |
| <b>SUM</b>            | 1116      | 1 346 | 230        | 13 452            | 10                          |

Mange av konsert- og kulturarrangementa blir planlagt og gjennomført av kulturutval. Me reknar med at dei då er rapportert under frivillige i utval. Nokre av kora i kyrkjelydane blir også leia av frivillige. Me veit ikkje om frivillige dirigentar og leiarar i barne- og ungdomskor blir rapportert under kultur eller barn/ungdom.

Som ledd i satsinga på frivillige i kyrkjelydane hadde me eit seminar under fagsamlinga for kyrkjemusikarane i juni. Det hadde tittelen «*Frivillige medarbeidere. Hvordan rekruttere og inspirere? Hvilke behov har vi?*»

## **2.5. Oppsummering**

At det er vanskeleg å halda ein kyrkjeleg årsrapport kort speglar at verksemda er stor. Ho femnar mange område og er viktig for menneske i alle lokalmiljø i Rogaland, i alle aldersgrupper, i både kvardag og augneblinkdet bare finst nokre få av i livet.

Som biskop og bispedømmeråd har me både eigne ansvarsområde og eit fagleg og strategisk ansvar for verksemda i bispedømmet. Engasjementet og kompetansen hos frivillige og tilsette medarbeidarar er det lite å seia på, og trass at tala svingar litt i ulike retningar, er me stolte og glade for alt kyrkja får bety for menneske i vårt miljø.

Årsrapporten viser kva som skjer i kyrkja, men mellom alt som er nytt viser den kanskje aller mest det som er stabilt, at utan kyrkje ville det vore mindre høgtid, mindre omsorg, mindre fellesskap, mindre aktive lokalsamfunn, færre tilbod til barn og unge og tomt der det nå er nærvær. Sidan det ikkje er slik, men kyrkja faktisk får vera til stades, er me glade for å få vera med på det spennande oppdraget det er å vera kyrkje i vår tid, også når ikkje alle vegar er teikna ferdig.



Samling på Krosshaug



## IV Styring og kontroll i verksemda

### Overordna vurdering av opplegg for styring og kontroll

Mål- og resultatstyring er eit grunnleggjande styringsprinsipp for Stavanger bispedømmeråd. Den samla resultatoppnåinga er god, jf. del III. Det er gjennomført risikoanalyser for ulike sider av verksemda.

Stavanger bispedømmeråd har i fleire år arbeidd med å bygge opp eit hensiktsmessig system for styring og kontroll basert på blant anna DFØ sine metodar. Den overordna, årlege risikovurderinga viser at risikobildet gjennomgåande ikkje er kritisk, men inneheld nokre særlege utfordringar:

- Oppslutninga om dåp er fallande.
- Rekrutteringa til prestestillingar er på veg ned. Når mange prestar går av med pensjon dei nærmaste åra, kan dette etter kvart bli kritisk.

Me tek til vanleg ikkje inn den økonomiske risikoen ved nasjonale endringar i rammevilkåra for prestenesta inn i risikostyringa. I det inneverande året har me sett konkrete følgjer for verksemda av at nye avtalar og endringar på nasjonalt nivå gjev utgifter som ikkje blir dekkja inn via auka tildeling. Me ser også at dette ser ut til å bli ei problemstilling framover, og dette truleg vil påverka måloppnåing og resultat, i form av nedbemanning som gjev færre gudstenester, mindre presteneste og færre kyrkjelydar.

Leiinga sin årlege gjennomgang av status på styring og kontroll viser at system, rutinar og prosessar, gjennomgåande fungerer godt. Følgjande punkt er vurdert spesielt:

- Verksemda si evne til å oppnå fastsette mål i tråd med Den norske kyrkja sitt oppdrag.
- Verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv ressursbruk
- Om sentrale risikofaktorar er innanfor eit akseptabelt nivå

Gjennomgangen viser at tiltak som er gjennomført tidlegare gjennomgåande verker som forventa.

Den overordna risikovurderinga og gjennomgangen av status for styring og kontroll er dokumentert i tråd med gjeldande krav i økonomireglementet.

Det er for økonomiforvaltninga utarbeidd rutinar med risikovurderingar for å redusera risikoen for misleghald. I tillegg til dei etiske standardane som gjeld for statleg verksemd, ligg det føre eigne etiske retningslinjer for verksemda.

Me vurderer eigen beredskap som god med omsyn til handtering av moglege sikkerheitshendingar innanfor våre ansvars- og myndigheitsområder. Planverkligg føre, og øving har vist at varslingsrutinane ved ulukker og større hendingar fungerer etter intensjonen.

## 2. Nærmare omtale av vesentlege forhold knytte til styring og kontroll:

### Dåp

Oppslutning om dåp er fallande, noko som har vore eit kritisk risikoområde med mykje fokus i 2015. Dette har gjeve seg utslag i prioriteringar og ressursbruk. Oppfølging av denne utfordringa i 2015 er omtalt i del III.

### Rekruttering

Tabellen viser aldersfordelinga innan presteskapet i Stavanger bispedømme:

|  | Under 40 år |      | 40 - 49 år |      | 50 -59 år |      | Over 60 år |      | Totalt |
|--|-------------|------|------------|------|-----------|------|------------|------|--------|
|  | Ant.        | Pst. | Ant.       | Pst. | Ant.      | Pst. | Ant.       | Pst. | Ant.   |
|  | 16          | 15 % | 19         | 18 % | 37        | 35 % | 34         | 32 % | 106    |

Tabellen viser at 32 % av prestane er 60 år, og at det blir stort behov for å rekruttere nye prestar i åra som kjem. Når færre prestar blir utdanna, kan me kome til eit punkt der det ikkje blir mogeleg å rekruttere prestar til alle stillingar. Ei styring som sikrar at bispedømmet fyller si rolle i rekruttering til prestestillingar blir derfor avgjerande i åra som kjem.

### Økonomi

Samanhengen mellom måloppnåing, verksemd og ressurstilgang er kommentert under målet om gudstenestefrekvens. Me kjem ikkje utanom at både eksplisitt og implisitt reduksjon i tildelingane til presteneste verkar direkte inn på omfanget av verksemda. Saman med innføringa av arbeidstid for prestar kan dette gje ei forskyving av vekt i det kyrkjelege arbeidet. Kyrkjelege handlingar vil bli prioritert, men ulike former for lokalt kyrkjeleg arbeid står i fare for å bli prioritert lågare, med dei negative følgjene for tilbodet i lokalmiljøet og til enkeltmenneske det fører med seg.

Færre ressursar er også ei utfordring for arbeidsmiljøet, fordi trykket blir større på dei som skal løysa oppgåver som tidlegare har blitt løyst av fleire medarbeidarar. I ein såpass stor organisasjon som kyrkja krev det også mykje administrative ressursar å få til gode prosessar rundt nedskjeringar, slik at endringar i ressurstilgangen av seg sjølv også gir meirarbeid og uro i organisasjonen.

Det er administrasjonen og presteskapet si oppgåve å tilpassa verksemda til dei tilgjengelege ressursane. Samtidig er det også vår rolle å peika på kva færre ressursar fører til, og slik me vurderer situasjonen i dag, inneber dei økonomiske utsiktene reelle utsikter til dårlegare måloppnåing. Særleg alvorleg er det at ungdomsarbeid høyrer til dei sårbare og utsette delane i slike prioriteringar, noko som kan føra til at rekruttering blir svekka og at kyrkja kjem inn i ein vond sirkel, der svekka ressurstilgang gir svekka verksemd, som igjen gjev svekka resultat og dårlegare grunnlag for ressurstildeling, ikkje ut frå dei reelle behova eller den strategiske utviklinga, men ut frå dei ytre, økonomiske rammevilkåra.

### 3. Forhold departementet har bedt om særskilt rapportering på

#### **Oppfølging av revisjonsmerknadar frå Riksrevisjonen**

Riksrevisjonen hadde ingen vesentlege merknadar til rekneskapen for 2014.

#### **Fellesføringar i staten**

Det er rapportert tidstjuvar gjennom det statlege rapporteringssystemet. Vår rapportering har peika på utfordringar knytt til ulike datasystem som ikkje fungerer saman. Desse datasystema blir skifta ut i løpet av 2016, og me reknar med at dei nye systema blir meir tidseffektive.

#### **HMS/arbeidsmiljø**

Stavanger biskop arbeider målretta for å skape eit godt arbeidsmiljø. Det blir arbeidd etter eigen plan for HMS-arbeid. Det er gjennomført arbeidsmiljøundersøking blant dei tilsette prestane. Undersøkinga viser at arbeidsmiljøet jamt over blir opplevd som godt, med resultat som generelt utmerkar seg i positiv retning både samanlikna med tidlegare år og andre tilsvarende undersøkingar.

Over fleire år er det avdekkja at arbeidstakarar som oppfyller krava for sjukmelding likevel går på arbeid, og då særleg for å utføre arbeidsoppgåver i samband med kyrkjelege handlingar. Tiltak er sette i verk for å sikre at ordninga for eigenmeldingar blir nytta meir etter intensjonen. Det er blitt klart gjennom samtalar i 2015 at dette ikkje skuldast at arbeidsgjevar forventar innsats frå prestar som er sjuke eller ikkje har system på plass som kan sikra vikar.

Arbeidsmiljøundersøkingane har også avdekkja utfordringar med å ta ut fridagar og avtalefesta fritid. Den nye arbeidstidsordninga set klarare rammer rundt dette, og me ventar positiv langsiktig arbeidsmiljøeffekt av dette. På kort sikt medfører endringa ein viss omstilling, med tilhøyrande belastning i form av læring og tilpassing til nye samhandlingsmønster.

Stavanger biskop og Stavanger bispedømmeråd har inngått IA-avtale.

Sjukefråveret i 2015 var i følgje etatsstatistikken pr. 18.2. på 3,3 prosent. Det er ein oppgang på en halv prosent frå 2013 og 2014. Sjukefråveret er høgare blant kvinner enn menn. Sidan det er relativt få kvinner tilsett, gir individuelle endringar i denne gruppa større utslag.

#### **Likestilling**

Stavanger bispedømmeråd har pr. årsskiftet 2015 / 2016 ikkje ein eigen likestillingsplan, men eit mål om å utarbeida dette i løpet av 2016. I mellomtida gjeld fellesstatleg lovverk, planar og politikk som viktige føringar og retningslinjer. Kyrkja sin strategiplan for likestilling 2015-2023 gir også ressursar til det regionale arbeidet.<sup>14</sup>

---

<sup>14</sup> Me har valt å dela opp likestillingsrapporten og dei tilhøyrande indikatorane etter ulike tema, for å få flyt i rapporten. Viss ønskjeleg, kan me senda inn ein standardtabell. Etatsstatistikken er tilgjengeleg som kjelde.

Stavangerbiskop og bispedømmeråd identifiserer seg med både ordlyd og verdiar i det statlege og kyrkjelege regelverket og med arbeidet for likestilling og mot diskriminering. Dette kjem konkret til uttrykk på enkeltpunkter i verksemda.

- Kvinner blir oppmoda til å søkja alle prestestillingar i bispedømmet
- Verksemda er IA-bedrift
- RAMU har vurdert i kva grad bispedømmerådet i auka grad kan leggja til rette for arbeidstakarar med særskilte behov. Både presteskap og bispedømmeråd har høge krav til kvalitet og kompetanse, noko som til nå kan forklara at det ikkje heilt har vore samsvar mellom dei oppgåvene me utfører og dei arbeidstakarane som helst treng tilpassing.
- RAMU har også understreka ønske om vera ein god arbeidsgjevar dersom det skulle bli aktuelt at tilsette står fram med lesbisk, homofil, bifil eller transeksuell identitet.
- Me har ein aktiv livsfasepolitikk med eige budsjett. Det er eit mål i likestillingsarbeid at både menn og kvinner skal bidra i omsorg av barn, og me har i fleire tilfelle lagt til rette for arbeidstakarar av begge kjønn kan få redusert arbeidstid eller permisjon mens dei har omsorg for små barn. Menn etterspør slike ordningar i like stor grad som kvinner.
- Me har tilsette på bispedømmekontoret med uliketnisk bakgrunn.
- Sjølv om det fortsatt er eit klart fleirtal av menn, har me dei siste åra fått fleire kvinner i leiarstillingar. 2 av 9 prostar er kvinner. Stiftsdirektøren er kvinne. Det siste var nytt i 2015, før var alle leiarar på bispedømmekontoret menn.

18 % av prestane i Stavangerbispedømme er kvinner. Her er utviklinga dei siste åra:

|                  | Faste prestestillingar 2015 |        |           | 2014   | 2013      | 2010      |
|------------------|-----------------------------|--------|-----------|--------|-----------|-----------|
|                  | Kvinner                     | Totalt | Kvinnedel |        | Kvinnedel | Kvinnedel |
| <b>Stavanger</b> | 19                          | 105    | 18,1 %    | 17,0 % | 15,0 %    | 15,4 %    |

Me ser at kvinneandelen er på veg oppover, men at det går sakte.

Det er eit viktig mål for oss å få fleire kvinner i presteneste. Me kan oppmoda kvinner om å søkja, og gjer det. Tilsetjinga må skje etter ei heilskapsvurdering i tråd med personalreglementet. Me har høve til å prioritera kvinner ved relativ likvurdering av søkjarane. Tilsetjingar skjer ved avstemming i bispedømmerådet og blir ikkje grunngjeve eksplisitt, men bispedømmerådet sin uttalte politikk er å tilsette fleire kvinner. Bispedømmet tilset også kvinner i område der det tradisjonelt finst meir uttalt motstand mot at kvinner skal gjera presteneste. Det har me positive erfaringar med.

Det kan vera ei utfordring at nokre søkeråd ønskjer seg mannleg prest når fleire i staben er kvinner. Sidan kvinnar er overrepresenterte blant daglege leiarar, diakonar, trusopplærarar og kateketar, er det slik i mange kyrkjelydar, og me veit at kjønn då kan bli ein faktor i tilsetjingsprosessar lokalt som blir vektlagt på ein uheldig måte. Som tilsetjingsorgan har bispedømmerådet moglegheit til å motverka slike tendensar, og det blir også gjort.

Her er oversikt over tilsetjingar og kjønn for 2015:

|      | Søknadar          |                      |           | Tilsetjingar          |                  |           |
|------|-------------------|----------------------|-----------|-----------------------|------------------|-----------|
|      | Talet på søknadar | Av dette frå kvinner | Kvinnedel | Talet på tilsetjingar | Av dette kvinner | Kvinnedel |
| 2015 | 97                | 30                   | 31 %      | 10                    | 3                | 30 %      |
| 2014 | 42                | 11                   | 26 %      | 8                     | 3                | 38 %      |

Prosenten kvinner som søkte og kvinner som blei tilsett er nesten samanfallande, utan at dette har vore eit styringsreiskap.

Me har fått nokre interessante stikkprøver når kvinner i stiftspraksis kjem til prosti med mannsdominans. Då plar me spør etter korleis kollegarelasjonar har fungert, og me har bare fått positive tilbakemeldingar frå prestar og prostar. Det finst framleis nokre motstandarar av at kvinner skal vera i prestateneste i bispedømmet, men også rundt desse er dei tilbakemeldingane me får frå kvinner og leiarar at kollegarelasjonane er ryddige, gode og positive.

I samband med kyrkjeval har det også vist seg at mannsdominerte nominasjonskomitéar gjerne prioriterer kvinner høgt. I bispedømmerådet som nå gjekk av, blei ei kvinne nominert og valt av det store fleirtalet av menn som representerte prestane.

Samtidig får me også nokre signal om at «kvinneleg prest» er eit omgrep som nokre gongar framleis blir brukt som om det å vera kvinne og prest er påfallande og spesielt. Underliggjande diskriminerande perspektiv, som at kvinner i større grad enn menn på kyrjekaffien kan bli spurt om korleis det er å kombinera teneste og familieliv, kan me heller ikkje seia oss frie frå.

73 % av dei tilsette på bispedømmekontoret er kvinner. Dette er høgast i landet, så her går ubalansen motsett veg.

Når det gjeld lønn har kvinner og menn på bispedømmekontoret tilnærma lik lønn. Slik er det også i presteskapat. Kvinnelege kapellanar har litt lågare lønn enn menn.

Diskriminering på grunn av alder er forbode. Bispedømmerådet har likevel hatt eit strategisk behov for prestar i ulike aldersgrupper, og for å motverka diskriminering av både eldre og yngre søkjarar. Tidlegare veit me at nokre yngre prestar ugrunna ikkje trudde dei var aktuelle som søkjarar til prestestillingar. Ut frå dei strategiske behova og for å få eit godt søkjargrunnlag har bispedømmerådet også vedtatt å oppmoda yngre prestar om å søkja stillingar.

Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) har stilt spørsmål ved denne praksisen, og etter først å ha godkjent grunnlaget for utlysingspraksisen, er det nå ein dialog mellom bispedømmerådet og LDO om dei juridiske rammene og kva som er mogleg der me vil retta oss lojalt etter det som blir klart gjennom prosessen.

Mellom anna gjennom kontaktmøte med dei tillitsvalde og RAMU har me sendt signal om at utlysingstekst og tilsettingspraksis ikkje er meint å diskriminera eldre arbeidstakarar, at prestar med lang erfaring er ein stor ressurs for bispedømmet og utfører tenesta med høg kvalitet. Erfaring tel som ein positiv ressurs ved tilsetting, og me har ein seniorpolitikk som breitt legg til rette for prestar med lang fartstid.

## V Vurdering av framtidsutsikter

1. januar 2017 vil prestetenesta i Den norske kyrkja ikkje lenger vera ein del av statsforvaltninga. Den norske kyrkja blir eige rettssubjekt og arbeidsgjevar for alle kyrkjeleg tilsette.

Kyrkja vil framleis vera ei evangelisk-luthersk folkekyrkje, med brei forankring i folket. Me går inn i den nye tida med over 340 000 medlemmar i kyrkja i bispedømmet, og verksemda vil vera svært lik den me har i dag.

Endringane vil gje kyrkja nye utfordringar som organisasjon. Stavanger bispedømmeråd er oppteken av at kyrkja skal ta vare på det som allereie fungerer godt, skapa gode samarbeidsforhold mellom ulike deler av organisasjonen og retta verksemda inn slik at medlemmane opplever både kvalitet og eit breitt utbygd, allsidig tilbod, uansett kor dei bur i bispedømmet.

I dette har me både dyktige prestar, engasjerte frivillige, stabar som arbeider godt saman og sterke lokalkyrkjelege tradisjonar som ressurs.

Me har også nye utfordringar, med eit meir mangfaldig samfunn. Til delspåverkar dette kyrkja si verksemd, sjølv om mykje er stabilt. Endringane er likevel ikkje bare ei utfordring, men også noko kyrkja kan tilpassa seg og igjen veksa gjennom samhandling med, som til dømes gjennom Dialogsenteret. Det er ikkje noko nytt at det er utfordrande å vera kyrkje, og me har allereie levd fleire tiår i ein anna kontekst enn det einheitlege samfunnet.

Det er lettare å peika på kva me sjølv vil gjera enn kva endringar som vil koma utanfrå. Me vil framleis vera ei kyrkje som formidlar håp, kjærleik, nærvær og nåde gjennom ord og sakrament, på måtar som innbyr til å ta del i fellesskap, tru og kristen praksis. Dette vil me gje til dåpsbarn, foreldre deira, barn, unge og konfirmantar, dei som er nye i Norge, menneske med særskilte behov, aktive vaksne, dei som få andre ser, dei som har levd eit langt liv i kyrkja og dei kyrkja er blitt fjern for. Me vil vera ei kyrkje som ser ut over oss sjølve, nasjonalt og internasjonalt, i norsk kontekst og i dialog med dei som trur annleisi det ytre men kanskje har ein lengt i slekt med vår eigen.

Me har framleis ei brei kontaktflate som ein stor ressurs i det kyrkjelege arbeidet. Me har verdier me trur på og velprøvde former for verksemd som framleis fungerer. Me har ein kulturarv som både lever og har skjulte skattar.

Me vil engasjera oss for skaparverket og for dei som lid urett. Me vil vera kvardags- og høgtidskyrkje, ei kyrkje som trur, tener, deler og opnar seg.

Årsrapporten har peika på både ressursar og strategiske utfordringar. Framover vil me satsa på dåp, konfirmantar og ungdom, som kyrkjeleg kjerneverksemd og med tanke på rekruttering. Trusopplæring blir framleis viktig. Me skal ta vare på dei tilsette, slik at dei får moglegheit til å leva ut engasjementet dei har, mellom anna gjennom godt fagleg arbeid med nye ordningar. Me vil gjeme dela at det er flott å arbeida i kyrkja, sjølv om det ikkje alltid er enkelt.

Økonomi, organisering, rekruttering, planverk, målsetting, analyse og strategi er like viktige i kyrkja som i andre organisasjonar. Likevel er kanskje det viktigaste at me held hjarta varme, auga opne for han som alltid er nær, at me ikkje byttar nåde med krav eller gløymer gleda som kjem av å venda oss mot kvarandre.

I ei tid der det er mykje arbeid å ta tak i, endringar som kan gjera oss usikre, hendingar i verda å reagera på, der me også kan kjenna oss litt mindre enn utfordringane som møter oss, kan me samla oss i bøn, tru og håp om at me går inn i ei framtid der bare ein ting er sikkert, Jesus Kristus er med oss også der.

# VI Årsrekneskap

## 1. Leiinga si kommentar til årsrekneskapen 2015

### 1.1. Formål

Stavanger bispedømmeråd er underlagt Kulturdepartementet. Stavanger bispedømmeråd er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnota til årsrekneskapen.

Hovudoppgåva for bispedømmerådet er regulert i kyrjelova § 23: «Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet mellom de enkelte menighetsråd og andre lokale arbeidsgrupper innen bispedømmet.»

Bispedømmerådets mynde- og ansvarsområde følger av kyrjelova og gravferdslova, samt ved delegasjon av mynde frå Kulturdepartementet og Kyrkjemøtet. Viktige oppgaver for bispedømmerådet er knytt til prestenesta og forvaltning av statlige tilskot. Bispedømmerådet skal vidare leggja til rette for at mål og strategiar frå Kyrkjerådet blir implementerte i kyrkjelydane.

### 1.2 Vurdering av vesentlege forhold

Rekneskapen for 2015 er gjort opp med eit samla mindreforbruk på kr 4,2 millionar. Me har disponert løyvingar på utgiftssida á kr 95 092 000 (post 01), jf. løyvingsrapporteringa og note A. Bokførte driftsutgifter var kr 6,2 millionar lågare enn løyva, og samla inntekter blei kr 2,7 millionar lågare enn inntektskravet. Netto ubrukte midlar på kr 4,2 millionar er under 5 % av samla løyve, og me har søkt om å få overført mindreforbruket til neste år jf. utrekningar i note B.

Ubrukte midlar inkluderer akkumulert husleige for fellesareal i Statens Hus (kr 800 000), som ikkje er betalt grunna rettstvist. Reelt mindreforbruk ved utgangen av 2015 var derfor på kr 3,4 millionar. Bakgrunnen for mindreforbruket er tilbakeføring av ubrukte reserver frå Stiftelsen Stavanger bispedømme på kr 3,8 millionar i 2014. Det var budsjettert med å bruke opp heile reserven innan utgangen av 2015, men me har bevisst spart grunna utsikter til merkbart strammare økonomiske rammer frå og med 2016. Årsaka er primært sentralt inngåtte avtaler med klare negative økonomiske konsekvensar, i tillegg til krav om auka effektivitet i alle statlege verksemder. Det siste har redusert årlig løyve med kr 460 000 i 2015 og ytterlegare kr 655 000 i 2016. Utrekningar viser at Stavanger bispedømmeråd må kutte kostnader tilsvarende seks heile stillingar i 2017 for å koma i balanse, viss ikkje dei statlege tilskota blir auka.

Ved årsskiftet var det fortsatt ikkje avklart korleis den pågåande rettstvisten omkring husleige på fellesareal i Statens hus ville enda. Den 8. januar i år melde utleigar sin advokat at huseigar aksepterer dei statlege leigetakarane sitt forslag til løysing. Avtalen betyr at krav om betaling av akkumulert husleige for perioden 2011 – 2015 blir sletta. Frå og med 2016 må Stavanger bispedømmeråd betale ekstra leige på omkring kr 56 000 for desse fellesareala, dette er ca. 1/3 av det opphavlege årlege kravet. Me er svært tilfredse med at rettstvisten har fått ei løysing og med at me styrker budsjettbalansen for 2016.

### 1.3 Prosjekt

Lønns- og personalutgifter som blir finansiert av eksterne samarbeidspartnarar blir ført på oppdragskonti (post 21/02). I alt har me ti kombinerte prestestillingar og to kombinerte stillingar i

administrasjonen. Kurs og samlingar med eksterne inntekter blir også bokført på oppdragskonti. I 2015 var bokførte inntekter på post 02 likbokførte utgifter på post 21.

## 1.4 Forvaltning av tilskot

Forvaltning og utbetaling av tilskot følger eige regelverk fastsett av departementet, jf. Økonomiregelverket i Staten. Stavanger bispedømmeråd fekk belastningsfullmakt frå Kyrkjerådet på totalt kr 43 871 000 for 2015. Me har utbetalt 100 % av løyvinga på kr 12 926 000 på post 75 – tilskot til undervisning, diakoni og kyrkjemusikk. For post 75 – tilskot til trusopplæring, er kr 30 704 000 utbetalt av løyvinga på kr 30 945 000. Me har søkt Kyrkjerådet om å overføre unytta tilskotsmidlar på kr 241 000 til neste år.

## 1.5 Netto driftsutgifter post 01

Artskonto-rapporten viser at netto utgifter til drift, summerte seg til kr 87 934 505 i 2015. Dette er ei auke på kr 9 millionar samanlikna med 2014. Hovudårsaka er at tilbakeføring av midlar frå Stiftelsen Stavanger bispedømme reduserte netto driftsutgifter med kr 3,8 millionar i 2014, samt at utgifter til løn har auka med kr 4,8 millionar samanlikna med fjoråret. Spesifikasjon av innbetalingar, ref. note 1.

Utbetalingar til løn og sosiale utgifter var på kr 81 millionar, mot kr 76 millionar i 2014. Dei auka kostnadane er et resultat av fleire ulike faktorar:

- Kompensasjon i samband med avviking av buplikt for prestar ga ei kostnadsauke på omkring kr 2 millionar.
- Lønnsoppgjeret våren 2015, samt lønnsgliding på ramme summerer seg til omkring kr 1 million
- Auka vikarutgifter på kr 1,1 millionar grunna fleire stiftspraksiskandidatar enn i 2014, vikarutgifter i samband med fellesstudieprosjekt, samt høgare løn til vikarar enn tidlegare
- Frå og med 2015 betalar me ut løn til nasjonalt hovudverneombod med kr 600 000

## 1.6 Utgifter til løn og anna godtgjering

| Nøkkeltal frå årsrekneskapen*               | 2012    | 2013    | 2014    | 2015    |
|---|---------|---------|---------|---------|
| Tal årsverk <sup>4</sup>                    | 107     | 109     | 111     | 112     |
| Lønsdel av driftsutgifter                   | 84,80 % | 86,30 % | 86,20 % | 87,60 % |
| Del løn brukt i prestenesta                 | 74,50 % | 75,30 % | 75,00 % | 76,80 % |
| Løn og godtgjering pr. årsverk <sup>4</sup> | 643 308 | 653 189 | 670 544 | 698 838 |

<sup>4</sup> Årsverk inkluderer 4,3 årsverk som i rekneskapen er ført på post 02 grunna ekstern finansiering. Løn og godtgjering per årsverk korrigerer for dette i 2015: kr 726 870 og i 2014: kr 704 898.

Løn utgjør 87,6 % av samla driftsutgifter, mot 86,2 % i 2014. Løn brukt i prestenesta har auka frå 75 % i 2014 til 76,8 % av samla driftsutgifter i 2015. Løn og godtgjering per årsverk har auka frå kr 671 000 i 2014 til 699 000 i 2015. Denne auka var forventa grunna endringar i lønsvilkår for presteskapet dei to siste åra.

## 1.7 Investeringar og andre driftskostnader

Totalt er det investert i nytt IKT-utstyr for kr 269 879 i løpet av 2015. Kr 181 935 av denne investeringa er kjøp som enkeltvis hadde ein innkjøpspris på meir enn kr 30 000, ref. note 4.



Andre utgifter til drift er redusert med kr 1,3 millionar målt mot fjoråret, ref. note 3. Hovudårsaka til nedgangen er reduserte kurs- og etterutdanningsutgifter.

### 1.8 Mellomvære med statskassen

Mellomvære med statskassen utgjorde per 31.12.15 kr 3 885 982. Oppstillinga i artskonto-rapporten viser at mellomvære i hovudsak består av skuldig skattetrekk. Forutan rapportert mellomvære har verksemda til gode fordringar på kr 196 457 som ikkje er betalt og derfor ikkje framkjem som inntekter i årsrekneskapen, jf. note 6.

### 1.9 Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, jf. rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i verksemd- og økonomiinstruks for bispedømmeråda i Den norske kyrkja av 31.01.2013. Stiftsdirektøren meiner rekneskapen gir eit dekkande bilde av Stavanger bispedømmeråd sine disponible løyvingar, regnskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

Stavanger, 24. februar 2016

Lars Tore Anda  
Leiar, Stavanger bispedømmeråd

Jorunn Kraft Vistnes  
Stiftsdirektør

## **2. Prinsippnote**

Årsrekneskapen for Stavanger bispedømmeråd er utarbeidd og avlagt etter nærare retningslinjer fastsette i «Bestemmelser om økonomistyring i staten» («bestemmelsene»), fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 5. november 2015. Årsrekneskapen er i tråd med krav i vedtektene punkt 3.4.1, nærare vedtekter i Finansdepartementets rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsett av eige departement.

Oppstilling av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapportering og ein nedre del som viser kva behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskonto-rapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvere med statskassen.

Oppstilling av løyvingsrapporteringa og artskonto-rapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i vedtektene punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- c) Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp
- d) Rekneskapen er utarbeida i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingane av løyvings- og artskonto-rapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplaner. Prinsippa korresponderer med krav i vedtektene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Linja "Netto rapportert til løyvingsrekneskapen" er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemdar er tilknytt statens konsernkontoordning i Noregs Bank i medhald av krav i vedtektene pkt. 3.7.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemdar) blir ikkje tilført likviditet gjennom året. Når året er slutt, blir saldoen på den enkelte oppgjørskonto nullstilt.

### **3. Løyvingsrapportering**

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Den blir stilt opp etter dei kapittel og postar i løyvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle egedelar og gjeld verksemda står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonna «samla løyving» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for ulike kombinasjonar av kapittel/post.

Mottatte fullmakter til å belaste ei annan verksemd sin kombinasjon av kapittel/post (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonnen for samla løyving. Utgiftene knytt til mottatte belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsrekneskapen og blir vist i kolonnen for rekneskap.

Belastningsfullmakter gitt til andre er inkludert i kolonnen for samla løyving, men blir ikkje bokført og rapportert til statsregnskapet frå verksemda sjølv. Belastningsfullmakter gitt til andre blir bokførte og rapporterte av verksemda som har mottatt belastningsfullmakta og blir derfor ikkje vist i kolonna for rekneskap. Fullmaktene som verksemda har gjeve til andre kjem fram i note B til løyvingsrapporteringa.

### **4. Artskonto-rapportering**

Artskonto-rapporteringa viser rekneskapstall som Stavanger bispedømmeråd har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Stavanger bispedømmeråd har ein trekkrett for disponible løyvingar på konsernkonto i Noregs bank. Løyvingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Note 6 til artskontorapporteringa viser skilnadar mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen.

## Oppstilling av bevilgningsrapportering, 31.12.2015

| Utgiftskapittel  | Kapittelnavn                            | Post | Posttekst                | Note | Samlet tildeling | Regnskap 2015      | Merutgift (-) og mindrefutgift  |
|--|---|------|--------------------------|------|------------------|--------------------|---------------------------------|
| 0340   | Driftsutgifter                          | 01   | Driftsutgifter           | A, B | 95 092 000       | 88 922 578         | 6 169 422                       |
| 0340   | Spesielle driftsutgifter                | 21   | Spesielle driftsutgifter | A, B | 984 000          | 3 696 293          | -2 712 293                      |
| 0340   | Tilskudd til trosopplæring              | 75   | Tilskudd                 |      |                  | 43 630 000         |                                 |
| <i>Sum utgiftsført</i>                                       |   |      |                          |      | 96 076 000       | 136 248 871        |                                 |
| Inntektskapittel   | Kapittelnavn                            | Post | Posttekst                |      | Samlet tildeling | Regnskap 2015      | Merinntekt og mindreinntekt (-) |
| 3340   | Diverse inntekter                       | 01   | Driftsinntekter          | A, B | 2 774 000        | 806 137            | -1 967 863                      |
| 3340   | Inntekter ved oppdrag                   | 02   | Ymse                     | A, B | 984 000          | 3 696 293          | 2 712 293                       |
| 5309   | Tilfeldige inntekter, ymse              | 29   | Ymse                     |      |                  | 164 877            |                                 |
| 5700   | Folketrygden - arbeidsgiveravgift       | 72   | Arbeidsgiveravgift       |      |                  | 10 100 727         |                                 |
| <i>Sum inntektsført</i>                                      |   |      |                          |      | 3 758 000        | 14 768 034         |                                 |
| <i>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</i>            |   |      |                          |      |                  | <b>121 480 837</b> |                                 |
| <b>Kapitalkontoer</b>  |   |      |                          |      |                  |                    |                                 |
| 60068501   | Norges Bank KK./innbetalinger           |      |                          |      |                  | 7 426 469          |                                 |
| 60068502   | Norges Bank KK./utbetalinger            |      |                          |      |                  | -128 562 045       |                                 |
| 703877   | Endring i mellomværende med statskassen |      |                          |      |                  | -345 261           |                                 |
| <i>Sum rapportert</i>  |   |      |                          |      |                  | 0                  |                                 |
| <b>Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)</b> |   |      |                          |      |                  |                    |                                 |
| Konto  | Tekst                                   |      |                          |      | 2015             | 2014               | Endring                         |
| 703877   | Mellomværende med statskassen           |      |                          |      | -3 885 982       | -3 540 721         | -345 261                        |

| <b>Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter</b> |                            |                          |                         |
|---|----------------------------|--------------------------|-------------------------|
| <b>Kapittel og post</b>                               | <b>Overført fra i fjor</b> | <b>Årets tildelinger</b> | <b>Samlet tildeling</b> |
| 0340.01   | 4 748 000                  | 90 344 000               | 95 092 000              |
| 0340.21   | 0                          | 984 000                  | 984 000                 |
| 3340.01   | 0                          | 2 774 000                | 2 774 000               |
| 3340.02   | 0                          | 984 000                  | 984 000                 |

| <b>Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år</b> |                                    |   |  |                                    |                                  |   |
|---|------------------------------------|---|--|------------------------------------|----------------------------------|---|
| <b>Kapittel og post</b>   | <b>Merutgift(-)/ mindre utgift</b> | <b>Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter</b> | <b>Merinntekter / mindreinntekter(-) iht merinntektsfullmakt</b> | <b>Sum grunnlag for overføring</b> | <b>Maks. overførbart beløp *</b> | <b>Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten</b> |
| 0340.01 / 3340.01   | 6 169 422                          | 6 169 422   | -1 967 863   | 4 201 559                          | 4 615 900                        | 4 201 559   |
| 0340.21 / 3340.02   | -2 712 293                         | -2 712 293  | 2 712 293  | 0                                  | 0                                | 0   |

\*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

#### **Mottatte belastningsfullmakter**

Stavanger bispedømmeråd fekk belastningsfullmakt frå Kyrkjerådet på totalt kr 43 871 000 for 2015. Me har utbetalt 100 % av løyvinga på kr 12 926 000 på post 75 – tilskot til undervisning, diakoni og kyrkjemusikk. For post 75 – tilskot til trusopplæring, er kr 30 704 000 utbetalt av løyvinga på kr 30 945 000. Me har søkt Kyrkjerådet om å overføre unytta tilskotsmidlar på kr 241 000 til neste år.

## Oppstilling av artskontorrapporteringen, 31.12.2015

|   | Note | 2015               | 2014               |
|---|------|--------------------|--------------------|
| <b>Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>                 |      |                    |                    |
| Innbetalinger fra tilskudd og overføringer                                  | 1    | 913 913            | 810 078            |
| Salgs- og leieinnbetalinger   | 1    | 3 588 517          | 4 666 687          |
| Andre innbetalinger   | 1    | 0                  | 4 462 922          |
| <i>Sum innbetalinger fra drift</i>  |      | 4 502 430          | 9 939 687          |
| <b>Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>                  |      |                    |                    |
| Utbetalinger til lønn   | 2    | 81 053 767         | 76 205 372         |
| Andre utbetalinger til drift  | 3    | 11 383 168         | 12 671 063         |
| <i>Sum utbetalinger til drift</i>   |      | 92 436 935         | 88 876 435         |
| <b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>                                     |      | <b>87 934 505</b>  | <b>78 936 748</b>  |
| <b>Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b> |      |                    |                    |
| Utbetaling til investeringer  | 4    | 181 935            | 153 940            |
| <i>Sum investerings- og finansutgifter</i>                                  |      | 181 935            | 153 940            |
| <b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>                    |      | <b>181 935</b>     | <b>153 940</b>     |
| <b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>                |      |                    |                    |
| Utbetalinger av tilskudd og stønader  | 5    | 43 630 000         | 40 183 391         |
| <i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>            |      | 43 630 000         | 40 183 391         |
| <b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler</b>                   |      |                    |                    |
| Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)                   |      | 164 877            | 149 048            |
| Arbeids giveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)                    |      | 10 100 727         | 9 336 855          |
| <i>Sum rapporterte utgifter på felleskapitler</i>                           |      | 10 265 604         | 9 485 903          |
| <b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>                           |      | <b>121 480 837</b> | <b>109 788 176</b> |
| <b>Oversikt over mellomværende med statskassen</b>                          |      |                    |                    |
| <b>Eiendeler og gjeld</b>   |      | <b>2015</b>        | <b>2014</b>        |
| Fordringer  |      | 19 152             | 0                  |
| Skyldig skattetrekk   |      | -3 907 291         | -3 560 764         |
| Annen gjeld   |      | 2 157              | 20 043             |
| <b>Sum mellomværende med statskassen</b>                                    | 6    | <b>-3 885 982</b>  | <b>-3 540 721</b>  |

**Note 1 Innbetalinger fra drift**

|   | 31.12.2015       | 31.12.2014       |
|---|------------------|------------------|
| <i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>     |                  |                  |
| Tilskudd fra andre statlige virksomheter              | 591 763          | 587 169          |
| Tilskudd fra kommunale og fylkeskommunale etater      | 65 000           | 0                |
| Tilskudd fra organisasjoner og stiftelser             | 257 150          | 222 909          |
| <b>Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer</b> | <b>913 913</b>   | <b>810 078</b>   |
| <i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>                    |                  |                  |
| Salgsinntekt varer, utenfor avgiftsområdet            | 12 126           | 0                |
| Salgsinntekt tjenester, utenfor avgiftsområdet        | 3 576 391        | 4 666 687        |
| <b>Sum salgs- og leieinnbetalinger</b>                | <b>3 588 517</b> | <b>4 666 687</b> |
| <i>Andre innbetalinger</i>                            |                  |                  |
| Annen driftsrelatert inntekt                          | 0                | 691 174          |
| Overført fra Stiftelsen Stavanger bispedømme          | 0                | 3 771 748        |
| <b>Sum andre innbetalinger</b>                        | <b>0</b>         | <b>4 462 922</b> |
| <b>Sum innbetalinger fra drift</b>                    | <b>4 502 430</b> | <b>9 939 687</b> |

**Note 2 Utbetalinger til lønn**

|                                   | 31.12.2015        | 31.12.2014        |
|-----------------------------------|-------------------|-------------------|
| Lønn                              | 72 091 615        | 67 084 431        |
| Arbeidsgiveravgift                | 10 100 727        | 9 336 855         |
| Sykepenger og andre refusjoner(-) | -2 214 700        | -1 482 225        |
| Andre ytelser                     | 1 076 125         | 1 266 311         |
| <b>Sum utbetalinger til lønn</b>  | <b>81 053 767</b> | <b>76 205 372</b> |
| <b>Antall årsverk:</b>            | <b>112</b>        | <b>111</b>        |

**Note 3 Andre utbetalinger til drift**

|  | 31.12.2015        | 31.12.2014        |
|--|-------------------|-------------------|
| Husleie  | 1 409 175         | 1 608 744         |
| Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler | 727 781           | 525 041           |
| Mindre utstyrsanskaffelser                     | 87 944            | 194 204           |
| Leie av maskiner, inventar og lignende         | 308 267           | 341 937           |
| Kjøp av fremmede tjenester                     | 2 168 202         | 2 822 628         |
| Reiser og diett                                | 4 185 283         | 3 615 996         |
| Øvrige driftsutgifter                          | 2 496 516         | 3 562 513         |
| <b>Sum andre utbetalinger til drift</b>        | <b>11 383 168</b> | <b>12 671 063</b> |

#### Note 4 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

|   | 31.12.2015     | 31.12.2014     |
|---|----------------|----------------|
| <i>Utbetaling til investeringer</i>         |                |                |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende | 181 935        | 153 940        |
| <b>Sum utbetalt til investeringer</b>       | <b>181 935</b> | <b>153 940</b> |

#### Note 5 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

|  | 31.12.2015        | 31.12.2014        |
|--|-------------------|-------------------|
| Tilskudd til menigheter og fellesråd                             | 43 630 000        | 40 183 391        |
| <b>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b> | <b>43 630 000</b> | <b>40 183 391</b> |

#### Note 6 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

|                        | 31.12.2015<br>Spesifisering av <u>bokført</u><br>avregning med statskassen | 31.12.2015<br>Spesifisering av <u>rapportert</u><br>mellomværende med<br>statskassen | Forskjell      |
|------------------------|--|--|----------------|
| Omløpsmidler           |  |  |                |
| Kundefordringer        | 177 305  | 0  | 177 305        |
| Andre fordringer       | 19 152   | 19 152   | 0              |
| <i>Sum</i>             | <b>196 457</b>   | <b>19 152</b>  | <b>177 305</b> |
| Kortsiktig gjeld       |  |  |                |
| Leverandørgjeld        | -160   | 0  | -160           |
| Skyldig skattetrekk    | -3 907 291   | -3 907 291   | 0              |
| Annen kortsiktig gjeld | 2 157  | 2 157  | 0              |
| <i>Sum</i>             | <b>-3 905 294</b>  | <b>-3 905 134</b>  | <b>-160</b>    |
| <b>Sum</b>             | <b>-3 708 837</b>  | <b>-3 885 982</b>  | <b>177 145</b> |

15

---

<sup>15</sup> Forsidefoto: Morten Berentsen, design v / Isachsen kommunikasjon. Bilete med tekst: Tov e Marie Sortland. Bilete frå ordinasjon frå [www.kirken.no/stavanger](http://www.kirken.no/stavanger). Bilete av ein benk er eit illustrasjonsfoto henta frå [www.morqufile.com](http://www.morqufile.com).